

Åsmund Christenson

Bustadnamn i Møsstrand sokn

Masteroppgåve i Nordisk språk

Mai 2023

Åsmund Christenson

Bustadnamn i Møsstrand sokn

Masteroppgåve i Nordisk språk
Mai 2023

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for språk og litteratur

Samandrag

Til denne oppgåva har eg samla inn og analysert bustadnamn frå landområda attmed Møsvatn i Vinje kommune. Eg har au inkludert stølsnamn, då stølar har mellombels busetnad. Datamaterialet består av både skriftlege kjelder, slik som tidlegare innsamlingar, kart og andre dokument der bustadnamna førekjem, og munnlege kjelder, som eg sjølv samla inn då eg besøkte området og intervjuar fleire lokale. Oppgåva skal, lik anna toponymisk forskning, innehalde skrivemåtar, den lokale nedervde uttala, kartfesting og eventuelle andre relevante opplysningar om dei einskilde bustadnamna. Men ho skal au seia noko om kva for oppfatningar informantane har til dei ulike skrivemåtane/uttaleformene og korleis tilhøvet mellom proprium og appellativ syner seg i det lokale talemålet.

Innholdsliste

1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN FOR OPPGÅVA OG TIDLEGARE INNSAMLINGAR.....	3
1.2	OM «MØSSTRANDEN SOGN».....	5
2	TALEMÅLET I MØSSTROND SOKN	9
2.1	MÅLMERKE I AUST-TELEMARK OG VEST-TELEMARK.....	10
2.1.1	<i>Jamvekt og oblik kasus</i>	11
2.1.2	<i>Vokalar</i>	11
2.1.3	<i>Konsonantar</i>	12
2.1.4	<i>Bøying</i>	13
2.1.5	<i>Tabell</i>	14
2.2	TALEMÅLET PÅ MØSSTROND.....	15
3	STADNAMNTEORI	16
3.1	KVA ER EIT STADNAMN?.....	16
3.2	PROPRIALISERING OG LEKSIKALISERING.....	18
3.3	ANDRE FØRESETNADAR.....	20
4	VAL AV KJELDER OG METODE	23
4.1	SKRIFTLIGE KJELDER.....	23
4.2	MUNNLEGE KJELDER.....	25
4.3	GJENNOMFØRING.....	27
4.4	INFORMANTAR OG REKRUTTERING.....	29
5	BUSTADNAMN I MØSSTROND SOKN	30
5.1	GARDS- OG BRUKSNAMN.....	31
5.1.1	<i>Gardsnummer 155 – Torvetjønn</i>	31
5.1.2	<i>Gardsnummer 156 – Veisftlii</i>	33
5.1.3	<i>Gardsnummer 157 – Bosbøen</i>	34
5.1.4	<i>Gardsnummer 158 – Gibøen</i>	35
5.1.5	<i>Gardsnummer 159 – Skinnarland</i>	37
5.1.6	<i>Gardsnummer 160 – Neset</i>	39
5.1.7	<i>Gardsnummer 161 – Hovden</i>	46
5.1.8	<i>Gardsnummer 162 – Hamaren</i>	48
5.1.9	<i>Gardsnummer 163 – Kåvesand</i>	51
5.1.10	<i>Gardsnummer 164 – Juvik</i>	53
5.1.11	<i>Gardsnummer 165 – Argehovd</i>	56
5.1.12	<i>Gardsnummer 166 – Vollan</i>	58
5.1.13	<i>Gardsnummer 167 – Førnes</i>	58
5.1.14	<i>Gardsnummer 168 – Vågen</i>	60
5.1.15	<i>Gardsnummer 169 – Hollvik</i>	63
5.1.16	<i>Gardsnummer 121 – Sundet (Tinn kommune)</i>	64
5.2	STØLSNAMN.....	65
5.3	AVSLUTNING.....	101
6	DISKUSJON	102
6.1	OM BUSTADNAMNA PÅ MØSSTROND.....	102
6.2	TILHØVET MELLOM PROPRIUM OG APPELLATIV.....	106

6.3	INFORMANTANES OPPFATNINGAR AV STADNAMNA.....	107
7	AVSLUTNING.....	109
8	LITTERATUR OG KJELDER.....	110
8.1	LITTERATUR.....	110
8.2	KJELDEMATERIALE.....	115
8.3	KART.....	115
9	VEDLEGG.....	116

1 Innleiing

Til denne oppgåva har eg samla inn og analysert bustadnamn frå landområda attmed Møsvatn i Vinje kommune. Eg har au inkludert stølsnamn, då stølar har mellombels busetnad, jf. inndelinga hans Stemshaug (1985:13). Datamaterialet består av både skriftlege kjelder, slik som tidlegare innsamlingar, kart og andre dokument der bustadnamna førekjem, og munnlege kjelder, som eg sjølv samla inn då eg besøkte området og intervjuja fleire lokale. Oppgåva skal, lik anna toponymisk forskning, innehalde skrivemåtar, den lokale nedervde uttala, kartfesting og eventuelle andre relevante opplysningar om dei einskilde bustadnamna. Men ho skal au seia noko om kva for oppfatningar informantane har til dei ulike skrivemåtane/uttaleformene og korleis tilhøvet mellom proprium og appellativ syner seg i det lokale talemålet.

1.1 Bakgrunn for oppgåva og tidlegare innsamlingar

Masteroppgåva mi går altså ut på å gjennomføre ei namnegransking, noko som er nyttig av to grunnar: Innsamling av stadnamn har ei praktisk nytte, i samanheng med kartfesting, og eigenverdi, i form av at stadnamna er kulturminne (Hallaråker, 1997:15–16). Stadnamn treng å bli samla inn for at dei ikkje skal gå tapt med tida, og jo nyare innsamlinga er, jo betre føresetnadar for kartfesting og namnsetjing som er i tråd med dagens bruk av stadnamna der dei blei til, får ein. Til å gjennomføre oppgåva har eg formulert tre forskingsspørsmål:

1. Kva for bustadnamn finst på Møsstrand?
2. Kva fortel desse om tilhøvet mellom proprium og appellativ sett i ljøs av det lokale talemålet?
3. Kva for oppfatningar har dei lokale om desse namna?

Alle namna blir framstilte i kapittel 5. I kapittel 6 legg eg fram utvalde funn og mønster frå innsamlinga, og eg svarar samstundes på spørsmål 2 og 3.

Området eg valde å samle inn namn frå, er som sagt Møsstrand, og det er fleire grunnar til at dette var eit høveleg område. For det fyrste måtte området eg samla inn namn frå, vera av passeleg størrelse, slik at eg korkje fekk for lite eller for mykje materiale å arbeide med. Det

er 15 gardsnamn som høyrer til Møsstrond sokn, noko som er ei passeleg mengd når eg au tek med namn på underbruk og stølar. Det er viktig å ha avgrensa kva for type stadnamn ein skal samle inn og undersøkje, jf. kap. 5, ettersom arbeidet fort kan bli svært omfattande om ein skal ha med alle stadnamna ein kjem over, såkalla djupinnsamling. Eksempelvis kan eitt gardsnummer ha fleire hundre namn (Øye, 2006), så for Møsstrond sokn ville dette ha blitt altfor omfattande for ei masteroppgåve.

For det andre er Møsstrond eit område eg kjenner godt til. Eg er fødd og oppvaksen i Edland i Vinje kommune, og i og med at Rauland og Vinje har vore éin kommune sidan 1964 (Thorsnæs, Lundbo & Mæhlum, 2022), har eg både vore på Møsstrond og elles hatt kontakt med folket der fleire gonger, og dermed fått personleg erfaring med talemålet og stadnamna der, i tillegg til geografien i området. Denne personlege kunnskapen kan eg dermed nytte på litteraturen og kjeldene eg brukar i masteroppgåva mi. Kunnskap om talemålet, kulturen, topografien og liknande er til uvurderleg støtte ved arbeid som dette, og kan styrkje tilliten mellom innsamlaren og informantane (Hallaråker, 1997:19).

For det tredje arbeider Vest-Telemark Museum i skrivande stund med ei stadnamnregistrering for Vinje kommune, der eg har blitt spurt om å deltake. Dei har fullført registreringa for fleire av områda i Vinje, men ikkje Møsstrond, og då kan masteroppgåva mi bidra til arbeidet deira. Dei ynskjer seg skrivemåtar, uttaleopplysningar og eventuelle tilleggsopplysningar av kvart namn, som så blir registrerte i eit kart der ein kan klikke på namna og få opp opplysningane om dei. Det er eit ekstra tildriv for meg at masteroppgåva mi kan bli nytta til noko utanfor studiesamanheng, og i tillegg får eg med dette tilgang til kjeldemateriale som blir, og allereie har blitt, samla inn i løpet av prosjektperioden, jf. kap. 4.1.

Til slutt er Møsstrond eit interessant område for namnegransking både på grunn av områdetets geografiske plassering i skiljet mellom Vest- og Aust-Telemark, men au fordi det er


eit samfunn med ein unik infrastruktur, som både har koplingar til det tradisjonelle og det moderne, jf. kap. 1.2.

Eg er ikkje den fyrste som samlar inn stadnamn på Møsstrond. Oluf Rygh heldt på med stadnamnarbeid frå 1878 til han døydde i 1899 (Hallaråker, 1997:135), og arbeidet hans resulterte i standardverket *Norske Gaardnavne* (NG). I bd. 7: *Bratsberg Amt* (Rygh & Kjær, 1914) er alle matrikkelgardane i «Møsstranden sogn» førte opp, i tillegg til somme av underbruka. Oppføringane inneheld namnetolkingar og uttaleopplysningar. Norsk stadnamnarkiv samla inn namn frå Møsstrond i 1951, 1963 og 1983, og mange av oppføringane her inneheld både namnetolkingar og uttaleopplysningar. Utanom dette finn ein fleire av namna nemnde i bygdebøker, kart og andre skriftlege kjelder, men sjeldan med uttaleopplysningar. Sjå kap. 4.1. for ein gjennomgang av kjeldematerialet. I skrivande stund er det 50 år sidan førre systematiske namneinnsamling blei utført på Møsstrond, og det er ein annan generasjon språkbrukarar som no nyttar namna der. Samfunnet, både i Noreg generelt og på Møsstrond spesielt, har au endra seg mykje, og det er heilt andre føresetnadar for kommunikasjon innan- og utanbygds no enn det var under dei tidlegare innsamlingane.


1.2 Om «Møsstranden Sogn»

Møsstrond sokn er eit 1055 kvadratkilometer stort område som i dag ligg i Vinje kommune, Vestfold og Telemark fylke (Lundbo, 2020). Soknet femner om fjellbygda Møsstrond, som består av spreidd busetnad attmed det fire mil lange Møsvatn, og kyrkjesoknet er Noregs høgstliggande på over 900 meter over havet (Kostveit, 2000:9–11). Tidlegare var Møsstrond delt mellom prestegjelda Tinn, Vinje (som då au femna om Rauland) og Seljord, deretter hørde bygda til Rauland formannskapsdistrikt (seinare herad) då Vinje og Rauland skilde lag i 1859 (Kostveit, 2000:9), og så blei bygda del av Vinje att, då Rauland og Vinje på ny blei slegne saman i 1964 (Thorsnæs, Lundbo & Mæhlum, 2022). Møsvatn er så stort som det er i dag på grunn av oppdemming. Tidlegare var det her tre vatn, nemleg Møsvatn, Martinsfjorden og Kråmvikvatn, men etter oppdemminga på starten av 1900-talet i samband med industriutbygginga i Rjukan, og fleire seinare reguleringar, har desse tre vatna no blitt til eitt og dekkjer eit område på omtrent 77 km², med ein vasstand som ligg 18,5 meter høgare

enn tidlegare (Kostveit, 2000:90, 94). I tillegg til landet som no blei liggande under vatn, hadde oppdemminga mykje å seia for landet som blei verande turt, og dei tre øyane Hovdeøyi, Mellomøyi og Kråmøyi, som tidlegare hekk saman med landet rundt, er eit resultat av dette, sjå kart 1 og 2 under. Fleire landformasjonar som har vore opphav til namn, er altså neddemde, og gardar og stølar har blitt flytte på eller er vekke. Dette er viktig å vera klar over, sidan ein treng kjennskap til korleis landskapet såg ut då namna blei til.



Kart 1: Møsstrond før oppdemminga (Kartverket, 1860).



Kart 2: Møsstrond etter oppdemminga. ©Kartverket

Per 2022 er folketalet på Møsstrond 119 (Statistisk sentralbyrå, 2022), og omtrent ein fjerdedel av desse er utan vegsamband (Smith & Brodie, 2021:29). Det har blitt bygd vegar for køyretøy på Møsstrond, den fyrste i 1904 og den nylegaste i 1980-åra, men på grunn av klimaet og dei nydanna øyane er det likevel utfordrande å koma seg til og frå ulike stadar på Møsstrond, og fleire har gjennom tida mist livet i forsøk på dette (Kostveit, 2000:16, 83), no nylegast i 2022 (Wichstad et al., 2022). Det er særleg utfordrande å reise til og frå Møsstrond i løpet av overgangane mellom sommar- og vinterhalvåret, då dette er tida isen legg seg/brånar og gjer Møsvatn farleg å reise over (Kostveit, 2000:83–87).

Den eldste busetnaden på Møsstrond er frå mellomalderen, moglegvis heilt ifrå yngre jernalder, sjølv om dette er noko omdiskutert (Martens, 1988:114). Ifylgje Liestøl (u.å.) verkar heller ikkje namna å vera eldre enn dette. Bygda skal ha blitt lagt aude etter svartedauden, men området skal framleis ha blitt utnytta av bygdene ikring (Martens, 1988:16). Den eldste skriftlege kjelda er eit diplom frå 1520 (Liestøl, u.å.). I 1722 namngjev H. Mørch fire gardar på Møsstrond, og han skriv samstundes at mange av innbyggjarane er innflyttarar frå naboombåda nord og aust (Kostveit, 2000:65). I H. J. Wille (1786) si skildring av Seljord prestegjeld er fleire namn nemnde, blant anna i eit kart lengst bak i boka. Eit viktig spørsmål er om namna som finst i dag, har blitt overleverte frå før svartedauden, eller om dei forsvann då bygda blei lagt aude. Martens (1988:16) meiner at fleire av namna er overleverte gjennom audeperioden. Me veit ikkje korleis talemålet på Møsstrond var før svartedauden, men namn som har blitt overleverte, kan vitne om einskilde målmerke.

Tidlegare var bygda knytt til omverda i form av gang- og ridevegar: til Tinn via Vestfjorddalen og Atrå; til Seljord via Åmotsdal; til Rauland; og til Hardanger via Hardingslepa over Hardangervidda (Kostveit, 2000:16). Framleis har ikkje alle på Møsstrond vegsamband, men det er likevel bilvegen som er raskaste måte å koma seg til omverda på i dag, og Rauland og Rjukan er no dei to svintaste større stadane å koma seg til. Måna, åa som renn frå Møsvatn ned i Vestfjorddalen, forsynte Rjukan med vatn til kraftutnytting, og der det før var nokre få gardar med 300–400 innbyggjarar, blei eit moderne samfunn bygd i samanheng med Hydros kraftproduksjon, med omkring 10 000 innbyggjarar på det meste (Dahl, 1983:324).

Oppdemminga av Møsvatn til kraftproduksjon sytte for ei annleis kopling mellom Møsstrond og naboen i aust. Denne skil seg frå dei hine koplignane med omverda ved at Rjukan som industristad har vore ei språkøy, med ei annleis talemålsutvikling enn naboombåda dei siste hundre åra, som fylgje av den raske og konsentrerte befolkningsveksten der (Neteland, 2013:78).

Alt dette syner korfor Møsstrond blir omtala som ein unik plass og gjev eit grunnlag for å forstå tilhøva her. Sagt med Kostveits eigne ord:

Ei bygd som låg så einbølt til, så langt til alle kantar, tok preg av dette. Eit særmerkt folkeliv utvikla seg, det hev forma samfunnet her heilt fram til notid. Impulsar utanfrå kom roleg og fekk tid til å sige ned i folkedjupet. (Kostveit, 2000:15)

Stadnamna må då ha blitt forma på same vis, og ein kan forvente namneformer som har utvikla seg med mindre påverknad frå impulsar utanfrå samanlikna med stadnamn i andre bygder.

2 Talemålet i Møsstrond sokn

Uansett kva for målmerke ein legg til grunn for å dela inn talemålsområde, vil det vera stadar innanfor same inndelte område som ikkje har målmerka som er lagde til grunn, samtidig som det kan vera stadar utanfor det inndelte området som har desse målmerka. Vinje er eit godt eksempel på dette. Vinjemål er rekna som eit austnorsk talemål, men har ikkje tjukk / (Skjekkeland, 1997:216). Tjukk / har vore eit viktig målmerke som skil austnorsk frå vestnorsk (Skjekkeland, 1997:203–207), men legg ein dette målmerket til grunn, samsvarar vinjemål med vestnorsk. Det er vanskeleg å velje ut målmerke for inndeling av talemålsområde som gjev ei klar og tydeleg inndeling, og inndelinga vil uansett vera eit resultat av kva for målmerke som blir valde ut, ikkje nødvendigvis eit resultat av kva målmerke som finst. Det er viktig å vera klar over at talemålsskildringar er idealiserte framstillingar av talemålet i eit område, særleg når ein undersøker eit område som ligg nær grensene til dei allereie etablerte isoglossane til talemålsområda.

Ei anna utfordring har med omgrepsparet synkroni og diakroni å gjera. Kvar enkelt talemålsskildring gjev berre att talemålet på eitt synkront tidspunkt, og talemålet var annleis før og utviklar seg vidare sidan. Så når eg legg fram målmerke frå ulike kjelder nedanfor, tyder ikkje dette at det er desse målmerka som finst i dag, ei heller at ein finn dei same målmerka i alle skildringane. Men kjeldene dokumenterer kva som *har* funnest, og fortel slik om den generelle diakrone utviklinga. Dette er nyttig som samanlikningsgrunnlag for stadnamna på Møsstrond, sidan ein då kan sjå om dei har fylgt ei meir vestleg (i tråd med vinjemål) eller ei meir austleg (i tråd med tinnmål) utvikling.

Møsstrond sokn ligg som nemnt i Vinje kommune, og høyrer dermed geografisk til det midlandske talemålsområdet Vest-Telemark. Innan midlandsk er og har det vore vanleg å trekkje ei målføregrense mellom Vest- og Aust-Telemark, sjå for eksempel Berge (1940:230) og Skulerud (1918:3), og i nord fylgjer denne kommunegrensa mellom Vinje kommune og Tinn kommune, sjå for eksempel Papazian & Helleland (2005). Kart 2 over syner at Møsstrond sokn ligg heilt inntil denne grensa, og som førre avsnitt påpeikar, kan det dermed

bli problematisk å antaka at talemålet i soknet stemmer heilt overeins med målmerka som er lagde fram for det større geografiske talemålsområdet soknet er del av. Denne problematikken kjem stundom tydeleg fram i litteraturen, og talemålet på Møsstrand har blant anna blitt omtala som «[...] Tinn-maal, meir eller mindre reint» (Berge, 1940:230) og som delvis tilhøyrande vesttelemål (Ross, 1906:1). For å finne fram til kva målmerke som finst i Møsstrand sokn, held det derfor ikkje med å berre undersøkje kva som er skrive om dei større geografiske områda Vest-Telemark og Aust-Telemark. Dei nordre delane av desse kan fungere som gode utgangspunkt, men er for grovt skildra til å gjeva eit presist oversyn over talemålet i sjølve soknet. Når det er skrive er au viktig, sidan isoglossane kan ha vore annleise då talemålsskildringane blei skrivne enn det dei er i dag, i tillegg til då namna blei danna.

I neste bolc listar eg opp målmerke som skil Vest-Telemark og Aust-Telemark, men berre dei som er aktuelle for grenseområdet Møsstrand høyrer til, altså dei nordlege delane av båd områda, og berre dei som er relevante for tolkinga av stadnamna eg har samla inn. Deretter jamfører eg målmerka frå dei to områda i tabell 1. Innsikt i kva målmerke som finst, er av stor betydning når ein skal tolke meiningsinnhaldet til stadnamna i eit område, og ein kan fort gjeva feilaktige etymologiske tolkingar dersom denne innsikta ikkje er god nok (Hallaråker, 1997:148–149).

2.1 Målmerke i Aust-Telemark og Vest-Telemark

Fyrst vil eg nemn noko om tilknytninga mellom Aust-Telemark og Vest-Telemark. Skulerud (1918:81) påpeikar at Nordaust-Telemark, altså dagens Tinn, både fungerer som eit skilje mellom nordre og syndre delen av midlandsk og mellom Aust-Telemark elles og Nordvest-Telemark. Dette vitnar om at talemålet i Tinn har fått impulsar ifrå alle kantar: "[m]aalet i Nord-Aust-Telemark (Hoven [=Hovin] og Tinn) er eit heller manglita maalføre, eit utorskilt grensemaal, med renningar av ymse slag» (Skulerud, 1918:81). I Tinnmål finn ein former med *dd* for *ll* (*hadd* n. 'hall') og bortfall av *l* (*gvæv* m. 'kvelv') (Skulerud, 1918:86). Ein finn au skrivemåten *Myøddelandh* av gardsnamnet *Mjelland* i Gransherad (DN XII 261). Dette vitnar

om ei tettare samhandling mellom bygdene vest i Tinn og nordaust i Vinje tidlegare, og at *dd* for *ll* var meir geografisk utbreitt enn det er i dag.

2.1.1 Jamvekt og oblik kasus

Både Vest-Telemark og Aust-Telemark blir rekna som å ha jamvektstalemål. Tidlegare hadde både Vinje og Tinn endinga *-u* frå oblik kasus (Ross, 1906:18, Skulerud, 1918:81), men i dag har det meste av Vest-Telemark endinga *-e* i hokjønnsord med opphavleg stutt rotstaving (Skjekkeland, 1997:215), eksempelvis *vike* (Vinje) og *vik* (Tinn) for *veke* f.

I Tinn kan endestavinga i jamvektsord ha lengd og trykk, til og med meir enn fyrstestavinga (Ross, 1907:3). Dersom det har vore ein *a* i endestavinga, kan han ha blitt lengd og runda til *å*, og deretter kan stammevokalen ha blitt delvis eller heilt jamna etter denne, eksempelvis *løså'* < gno. *lesa* og *båå'* < gno. *baka* (Ross, 1907:3-4). I Vinje har ein *lęsa* og *baka* (Ross, 1906:34, 39), men i målføresynopsisen (2006) er uttaler som *som`mā'rə* registrerte i Vinje, noko som vitnar om at lengd og trykk i endestavingar, som så blir jamna, kan ha vore utbreitt au utanfor Tinn tidlegare.

2.1.2 Vokalar

Opningsproduktet av gno. /ɔ/ og /o/, som fall saman i sein norrøn tid (Torp & Vikør, 2014:59), er eit eige fonem /ø/ i Vest-Telemark (Skjekkeland, 1997:215). Som ein ser av stølsnamna /¹kəlsnø:t,vəln/, samansett av gno. *kollr* og *vøllr* og /²klø:vstæin,ru:i/, av gno. *klof*, kan fonemet au ha blitt lengd.

I Vest-Telemark har gno. stutt *e* stort sett heldt seg (Ross, 1906:4), mens han oftare blir senka til *æ* i Aust-Telemark, eksempelvis *bær* (Tinn) og *bēr* (Vinje) (Skulerud, 1938:479).

I Vinje kan kort *i* bli til *e* framom *m* og *n*, eksempelvis gno. *kinn* > *kenn* (Ross, 1906:9). I Tinn kan *i* bli senka før *l* i ord som *jēl* og *spēl* (Skulerud, 1938:494).

I Tinn har gno. stutt *y* blitt senka til *ø* framom stutt konsonant som i *spørja* (Ross, 1907:6) I Vinje blir denne realisert som både *y* og *ø*, fyrstnemnde helst i sørvest, sistnemnde helst i nordaust: *spýrje* (Vinje), *spørje* (Rauland) (Berge, 1940:234).

Gno. *au* har somtid blitt til *å* framom nasalar i Vest-Telemark: *rånæber*, men *röu'næ* av *raun* m. (Ross, 1906:10). Diftongen har stort sett halde seg i Aust-Telemark, men det finst eksempel på at han blir til *å* og *ø(y)* (Ross, 1907:6).

2.1.3 Konsonantar

I Vinje fell gno. *l* bort framom *g*, *k*, *m* og *v* som i gno. *talg* > *tåg*, *folk* > *fokk*, *holmi* > *homi* og *kalf* > *kå'və* (Ross, 1906:11–12). Han kan au falle bort framom *b*, men Bakken (2001:185) påpeikar at dette berre gjeld på tvers av komposisjongrensar, eksempelvis gno. *ølbogi* > *åboje*. Tinnmålet har som regel ikkje bortfall her (Ross, 1907:7), men unnatak som *gvæ'və* v. 'kvelve' (Skulerud, 1922:248) og tjørna *hōm'kōnnən* i Vestfjorddalen (stadnamnarkivet, 1949) førekjem.

I Vinje blir gno. *ll* til *dd* utanom i samansetningar, eksempelvis *fjōdd*, men *fjōllbygd* (Berge, 1940:234). Gno. *ll* > *dd* finn ein au spor etter i Tinn, særleg i Vestfjorddalen, men det vanlege her er *ll* (Skulerud, 1918:84).

Tinn har tjukk *l* av gno. *l* og *rð*, men au *r* av *rð* i einskilde ord, særleg vestlengst i kommunen, eksempelvis *høt* m. 'hyl', *gāt* m. 'gard', men *nōr* adv. 'nord' (Skulerud, 1922:403, 422, 424). Tjukk *l* er framand i Vest-Telemark, som har høvesvis *l* og *r* (Berge, 1940:234, 235).

I tillegg til å ikkje ha tjukk *l* er alveolarar i Vest-Telemark etter *r* er i Vinje helst assimilerte i staden for retroflekterte, *korn* > *kōnn* og *verst* > *vesst'e* (Berge, 1940:235), uttala utan retroflektering, *stūrtə* v. og *spūr'də* v., eller falne vekk, *jōrð* > *jor* (Ross, 1906:14). Tinn har meir retroflektering enn i Vest-Telemark, men mindre enn resten av Aust-Telemark, og her finst både *hart* og *harʔt* av *hardt* adj. (Skulerud, 1918:86).

Utanom i framlyd har gno. *gn* blitt til *ŋn* i Tinn (Skulerud, 1918:84), eksempelvis *lōŋn* (Skulerud, 1938:533). I Vinje er dette konsonantsambandet bevart (Berge, 1940:234, Ross, 1906:16).

Utanom i spørjeord har gno. *hv-* i framlyd stort sett blitt til *kv-* i Vinje, gno. *hvammr* > *kvám'me* (Ross, 1906:17) og *gv-* i Aust-Telemark (Skulerud, 1918:82). Merk at ein tradisjonelt har sagt *håmm(ə)* på Rauland, og at denne forma finst i gardsnamn i Vinje au (Ross, 1906:17).

Vestlengst i Tinn har konsonantsambandet *nd* heldt seg, mens det austlengst blir til *nn* (Skulerud, 1918:85–86). I Vinje held *nd* seg stort sett, sjølv om Rauland kan ha *nn* som i *ærenn* 'ærend' (Berge, 1940:235).

2.1.4 Bøying

Både Vinje og Tinn har kløyvd hokjønnsbøying. I bestemd form eintal har Tinn hatt endingane *-o*, *-u* og *-a* i svake hokjønnsord (Ross, 1907:8), og sjølv om Vinje har hatt *-o* ein gong (Ross, 1906:17), verkar det ifylgje Berge (1940:237) som om det berre er *-a* att, noko eg som vinbyggje kjenner meg att i i dag. Sterke hokjønnsord har i bestemd form eintal endingane *-a* og *-e* i Tinn (Ross, 1907:8), mens Vinje har *-e* og *-i*, fyrstnemnde helst i sørvest, sistnemnde helst i nordaust (Ross, 1906:17–18).

Både Vest-Telemark og Aust-Telemark har såkalla morfofonologisk veksling, altså variasjon innan enkeltords bøyingsparadigme (Berg & Aa, 2021:20), der *g* og *k* blir palataliserte framom bøyingsendingar med fremre vokalar (Ross, 1906:15–16, Ross, 1907:8). Dette er likevel meir gjennomført i vest enn i aust: *gòu'kən* (Aust-Telemark), men *gòu'kən* (Vest-Telemark) (Skulerud, 1918:84).

Det er ikkje noko aktiv dativmorfologi i korkje Aust- eller Vest-Telemark, men baa områda har stivna dativformer (Skjekkeland, 1997:151). I Vest-Telemark er stivna former i dativ ubunden eintal vanlege i hankjønns- og inkjekjønnsord i visse talemåtar og i gardsnamn (Ross, 1906:18). I Aust-Telemark er det generelt mindre dativformer, men i Tinn har visse talemåtar dativ ubunden eintal i inkjekjønnsord (Ross, 1907:9).

I Nordaust-Telemark er vokalen i bøyingsendinga til svake, tostava hankjønnsord *i: lå`vín* 'låven' (Skulerud, 1918:90). Desse har *e* i Nordvest-Telemark: *bakkjen* 'bakken', (Berge, 1940:237).

Aust-Telemark har bortfall av endevokalen *-e* i substantiv i ubestemt fleirtal, eksempelvis *gū`tan* og *jæn`tun* (Skulerud, 1918:83). Vinje har ikkje dette bortfallet i hankjønns- og hokjønnsord (Berge, 1940:236–237), eksempelvis *gutane* og *jentune*.

Vest-Telemark har heldt på *-r* som ending i ub.fl.t. substantiv i fleirtal (Berge, 1940:236–238), mens denne endinga har falle bort i Nordaust-Telemark, eksempelvis *hes`ta* (Skulerud, 1918:93).

2.1.5 Tabell

I tabell 1 er målmerka over sett opp for Tinn og Vinje, slik at ein enkelt kan sjå ulikskapane dei imellom. Denne framstillinga gjev likevel eit forenkla bilete av den faktiske utbreiinga av målmerka, og ein vil finne målmerke frå Tinn i Vinje og motsett.

Målmerke	Tinn	Vinje
Oblike kasusformer	Ja	Nei
Lengd/trykk i endestavinga til jamvektsord	Ja	Nei
/ø/ som fonem	Nei	Ja
Senking av gno. stutt <i>e</i>	Ja	Nei
Senking av gno. stutt <i>i</i> framom nasal	Nei	Ja
Senking av gno. stutt <i>i</i> elles	Ja	Nei
Senking av gno. stutt <i>y</i>	Ja	Både-og
Gno. <i>au</i> > <i>å</i>	Nei	Ja
Bortfall av gno. <i>l</i> i konsonantsamband	Nei	Ja
Gno. <i>ll</i> > <i>dd</i>	Nei	Ja
Tjukk <i>l</i>	Ja	Nei
Retrofleksar	Ja	Nei
Utviklinga av gno. <i>gn</i>	<i>ŋn</i>	<i>gn</i>
Utviklinga av gno. <i>hv</i> i framlyd	<i>gv</i>	<i>kv</i>

Gno. <i>nd</i> > <i>nn</i>	Både-og	Nei
Kløyvd hokjønnsbøying svake/sterke	-o -u -a / -a -e	-a / -i -e
Morfofonologisk veksling	Ja, men mindre	Ja
Stivna dativformer	Ja, men mindre	Ja
Bøyingsendinga til svake tostava hankjønnsord	-in	-en
Bortfall av endevokal i bøyingsendinga til substantiv i ub.flt.	Ja	Nei
Bortfall av -r i ub.flt. av substantiv	Ja	Nei

Tabell 1: Målmerke i Tinn og Vinje

2.2 Talemålet på Møsstrond

Talemålet på Møsstrond er mykje mindre omtala enn vinjemål og tinnmål, men det hender seg at talemålsskildringane au nemner noko frå Møsstrond. Berge (1940:234, 240) skriv at talemålet på Møsstrond har tjukk *l*, *gv* for gno. *hv* og bortfall av bøyingsendinga *r* i ub.flt. av substantiv. Skulerud (1918:18) har likevel ført opp uttala *mjolk`blandə* (utan tjukk *l*) frå Møsstrond. Han har au ført opp uttala *mjøkk* frå Møsstrond (Skulerud, 1938:712), og når ein samanliknar denne med *mjolk`blandə* ovanfor, ser ein at bortfall av *l* ikkje er konsekvent. Sidan det er skrive såpass lite om talemålet på Møsstrond, må ein taka utgangspunkt i talemålsskildringane frå Tinn og Vinje. Gjennomgangen av målmerke ovanfor vitnar om at typiske målmerke frå Vest-Telemark er tydelegast vest i Vinje, mens typiske målmerke frå Aust-Telemark er tydelegast aust i Tinn. I området der kommunane møtast er skiljelinja mellom dei to talemålsområda meir diffus, og her finn ein målmerke frå både Aust-Telemark og Vest-Telemark, noko som er typisk for eit grenseområde som dette. Møsstrond ligg akkurat i dette grenseområdet, og som *mjolk`blandə/mjøkk* syner, inneheld nok talemålet på Møsstrond målmerke som både er typiske i Tinn og i Vinje.

3 Stadnamnteori

Det heilt sentrale omgrepet i ei toponymisk oppgåve som denne, er stadnamnmgrepet, og det er dermed føremålstenleg å klargjera kva som ligg i dette. Omgrepet har ingen eintydig definisjon og kan vera vanskeleg å avgrense. Eg understrekar at det fylgjande tek utgangspunkt i litteratur om norsk; eigenskapane til proprium kan variere avhengig av kva språk ein undersøker (Wetås, 2008:75), men å gå inn på dette blir for omfattande for denne oppgåva.

3.1 Kva er eit stadnamn?

I *Norsk referansegrammatikk* (NRG) står det at stadnamn, saman med personnamn, er ei viktig gruppe innanfor propria (særnamn), og at stadnamn kan vera nemningar på geografiske stadar, som dalar, åer og fjell (naturnamn), men au namn på resultat av menneskeleg verksemd, som byar, gardar og administrative område (kulturnamn) (Faarlund, Lie & Vannebo, 1997:142). Vidare er proprium, saman med appellativ (samnamn), dei to underkategoriane til substantiv, og alle substantiv er ifylgje NRG anten proprium eller appellativ (Faarlund, Lie & Vannebo, 1997:137). Proprium og appellativ blir i NRG rekna som substantiv fordi dei har mykje til felles semantisk og syntaktisk (Faarlund, Lie & Vannebo, 1997:137), men det finst au fleire ulikskapar mellom dei.

Ein viktig ulikskap mellom dei to gruppene har med referanse å gjera, og NRG skriv: «Propriene har ikke innhold på samme måte som appellativene, men refererer til konkrete gjenstander, individer eller begreper. De tjener til å identifisere en bestemt størrelse, og referansen er derfor som regel unik» (Faarlund, Lie & Vannebo, 1997:140). Denne unike referansen blir kalla monoreferensialitet, og er eit trekk ved propria som skil seg tydeleg frå appellativa, då sistnemnde refererer til ein referent som er del av ei klasse (Wetås, 2008:75). Ei fylgje av denne monoreferensialiteten er at proprium ikkje inngår i hyponymirelasjonar (Wetås, 2008:66). Dette vil seia at namneobjekt med same namn ikkje har sams og eksklusive eigenskapar som gjeld alle som har dette namnet, men dette verkar vera tydelegare for personnamn enn stadnamn. Alle som heiter Per har ikkje dei same eigenskapane som gjer at dei skil seg frå alle som heiter Pål. Men ledda i eit stadnamn er

ofte appellativ som ein finn elles i talemålet, av den grunn at svært mange stadnamn i tillegg til å vera utpeikande au er terrengskildrande (Hallaråker, 1997:193), jf. kap. 3.2, og i desse tilfella vil ein kunne observere sams eigenskapar mellom namneobjekt med same namn. Eksempelvis vil stadnamnet *Tjønn* gjeva ein peikepinn på kva eigenskapar namneobjekta med dette namnet har, ut ifrå opphavet sitt som appellativet *tjønn* 'lite vatn'. Men i motsetnad til appellativet *tjønn* kan propriet *Tjønn* au vera namn på heilt andre namneobjekt, eksempelvis garden *Tjønn* i Vinje kommune, noko som ikkje deler eigenskapar med små vatn i det heile teke. Dette tyder på at det må vera lagra eitt namn per namneobjekt i det mentale leksikonet/onomastikonet, og sjølv om somme namneobjekt med same namn har felles eigenskapar, er dette ei fylgje av namnets opphav som appellativ, ikkje at namnet refererer til ei gruppe namneobjekt med sams eigenskapar.

Andre fylgjer av monoreferensialiteten er at proprium ikkje blir *bøygde* i bestemtheit eller tal (Wetås, 2008:65). Likevel kan ein berre på Møsstrand finn stadnamn som formelt sett er ulike bøyingsformer, eksempelvis *Torvetjønn*, *Bosbøen*, *Galar (Gardar)* og *Vollan*, og desse verkar å motseia dette. Her går ein ut ifrå at stadnamn kan ha lik form som appellativ, men at dei ikkje blir *bøygde* på tilsvarande måte. Proprium blir nemleg sett på som inherent bundne, noko som gjer merking med bestemtheitsmorfem overflødig (Wetås, 2008:65). Det er altså inkje skilje i bestemtheit mellom *Steinstaul* og *Steinstaulen* slik det er mellom *staul(e)* og *staulen*. I tillegg føreset ikkje eit tilsynelatande bunde proprium ei ubunden form slik bundne appellativ gjer (Hallaråker, 1997:195). Dersom den bestemde forma *bøen* finst, føreset dette at det finst ei ubunden form *bø*, noko det au gjer. Men stadnamnet *Bosbøen* føreset ikkje at det finst ei ubunden form, **Bosbø*, av stadnamnet. På same måte føreset ikkje eit fleirtalsnamn som *Rondane* **ei Rond* som tilhøyrande eintalsform for delar av namneobjektet (Wetås, 2008:66).

Som substantiv har proprium og appellativ som nemnd fleire fellestrekk, og eitt av desse er at stadnamn stort sett har ei form som samsvarar med kjønnet til objektet dei blir bruka om (Wetås, 2008:67), eksempelvis *Bosbøen* (m.), *Veisfitlii* (f.) og *Neset* (n.). Igjen betyr ikkje dette at stadnamna har kjønn på same måte som appellativ har, berre ei lik form. Proprium

og appellativ syner au hovudsakleg einskapleg oppførsel når det gjeld kasus og syntaks (Wetås, 2008:74). I Noreg i dag syner kasusmorfologien seg i aktive kasusområde, der ein skil mellom ei nemneform og ei dativform (Hallaråker, 1997:20), og somme stadar au ei genitivsform (Berg, 2015:11). Møsstrond ligg derimot ikkje i eit slikt område, og her finn ein berre stivna dativformer, jf. kap. 2.1.4. Desse likskapane vektar tungt nok til at proprium og appellativ baa blir rekna som substantiv. Ulikskapane mellom dei kan forklarast ved å ha ei prototypetilnærming til definerte kategoriar, sidan ein då «[...] vil akseptera perifere eksemplar som bryt med eitt eller fleire av dei typedefinerande kjenneteikna til kategorien [...]» (Wetås, 2008:76). For å gjentaka eit mykje bruka eksempel frå Wetås (2008:7), vil ein definisjon av kategorien *fugl* som vesen som kan fyke, ekskludere artar som blant anna struts og pingvin, men inkludere artar som flaggermus. Her blir det tydeleg korleis kvart enkelt kriterium i ein definisjon ikkje treng å vera oppfylt for at noko skal høyre til i kategorien definisjonen avgrensar, og at noko som klart ikkje høyrer til kategorien, likevel kan oppfylle visse av definisjonens kriterium. Wetås (2008:7, 76) nyttar seg av denne prototypetilnærminga til å både oppfatte proprium som ikkje-prototypiske substantiv, som då impliserer både likskapar og ulikskapar med den meir prototypiske kategorien appellativ, og til å poengtere at kategorien proprium heller ikkje er utan perifere eksempel, som då betyr at grensa mellom proprium og appellativ kan vera uklar.

3.2 Proprialisering og leksikalisering

Skiljet mellom proprium og appellativ treng ikkje vera abrupt. Wetås (2008:76–77) skriv at ein kontinuumsmodell betre skildrar forholdet mellom proprium og appellativ, særleg når det gjeld nydanna namn. Det er ikkje mogleg å avgjera det nøyaktige tidspunktet eit appellativ blir eit proprium, *myra* > *Myra*, og ein glidande overgang mellom kategoriene verkar meir plausibel enn ein abrupt overgang. Dette harmonerer med prototypetilnærminga nemnd over, ved at appellativa dermed er typiske substantiv, mens jo lenger mot proprium ein er i kontinuumet, jo mindre prototypisk er substantivet. Andre meiner at dei appellativiske eigenskapane til eit uttrykk blir suspenderte den augneblinken appellativet blir eit proprium, og at det slik er ein meir abrupt overgang (Wetås, 2008:78). Dette synet går likevel ikkje i prinsippet imot ein gradvis prosess fram til denne augneblinken. Sjølve prosessen der eit opphavleg appellativ går over til å bli eit proprium,

blir kalla proprialisering, men proprium kan au lagast som proprium, utan ein gradvis proprialiseringsfase (Bakken, 1998:137). Bakken (1998:137) nemner eksempel som *Fredly* og *Solbakken*, som i motsetnad til for eksempel *Prestegården*, aldri har referert til ein referent som er del av ei klasse.

Som føresetnad for proprialiseringsprosessen må eit appellativistisk uttrykk som heilskap vera leksikalisert før det kan endre status til proprium (Bakken, 1998:138). Bakken (1998:141) skriv om leksikalisering av samansetningar og legg fram at leksikaliseringsprosessen består av tre fasar: konvensjonalisering, tydingssamansmelting og demotivering (Bakken, 1998:141). Eit nylaga appellativistisk uttrykk blir konvensjonalisert når det har oppstått sosial semje om ei spesifikk forbinding mellom eit uttrykk og eit innhald, og når denne forbindinga kan etablerast uavhengig av kontekst (Bakken, 1998:72). Vidare har ei konvensjonalisert samansetning gjennomgått ei tydingssamansmelting når tydinga av heilskapen ikkje lenger tilsvarar summen av tydinga til ledda i samansetninga (Bakken, 1998:83). Dette syner seg i samansetningar der ein ikkje kan byte ut eitt av ledda utan at tydinga endrar eller tapar seg: samanlikn *damesko* – *kvinesko* med *kvinnfolk* – *?damefolk* (Bakken, 1998:81). Til slutt kan samansetninga bli demotivert, og blir dermed ei samansetning med ikkje-komposisjonell tyding, der eitt eller fleire ledd ikkje står i noko motivasjonsforhold til tydinga til heilskapen (Bakken, 1998:88). Eit eksempel på dette er *mareritt*, som kjem av at ein i gamal folketru trudde at ei mare (kvinneleg vette) «rei» eller sat på brystet til ein når ein hadde vonde draumar, men som i dag ikkje aktiverer dette førestillingskomplekset (Bakken, 1998:85–86), og berre tyder 'vond draum'.

Både appellativ og proprium kan bli leksikalisererte, og tendensen er at proprium blir leksikalisererte i raskare takt og i større grad enn appellativ (Bakken, 1998:140). Bakken (1998:270–271) har funne teikn til at sterk leksikaliseringsgrad utløyser sporadiske lydendingar, noko som i så fall betyr at proprium oftare går gjennom sporadiske lydendingar enn appellativ. Stadnamn kan derfor ha ei anna språkleg utvikling, som er mindre regelrett, enn tilsvarande appellativ, som fylgje av at dei er meir utsette for leksikalisering. I kap. 6.2 diskuterer eg dette med nokre eksempel frå datamaterialet mitt.

3.3 Andre føresetnadar

Til slutt vil eg nemne nokre andre føresetnadar som er aktuelle for gjennomgangen av bustadnamna.

Fyrst vil eg nemne noko om bestemd artikkel i stadnamn. Den generelle utviklinga i Norden er at artiklar i stadnamn ikkje var vanleg i eldre norrøn tid, men at det frå 1300-talet må ha skjedd ein massiv overgang frå ubestemd til bestemd form (Haslum, 2003:2). Telemark blir derimot sett på som å vera eit kjerneområde for artikkellause stadnamn, og i Telemark igjen er Vinje og Tinn blant kommunane som har størst prosentdel av namn utan artikkel (Haslum, 2003:27, 128). Om stadnamn har artikkel eller ikkje, kan seia noko om alderen på namnet, og hovudmønsteret er at gamle tydingsprimære gardsnamn oftast ikkje har artikkel, mens yngre tydingsprimære gardsnamn gjerne har artikkel (Haslum, 2003:60). Tydingsprimære namn er namn som har etymologisk innhald som skildrar arten til namneobjektet, eksempelvis *Galar*, mens tydingssekundære namn er namn som ikkje har dette, fordi dei opphavleg var namn på andre namneobjekt (Dalberg, 2005:17). *Torvetjønn* er eit eksempel på dette, då denne garden har fått namn etter tjørna han ligg ved, jf. kap. 5.1.1. Eldre usamansette tydingssekundære gardsnamn har som regel ikkje artikkel, mens yngre gjerne har det, og dei samansette tydingssekundære gardsnamna fylgjer til ein viss grad same mønster (Haslum, 2003:60–61). Biletet er meir kompleks enn eg har lagt fram her, men eg nøyer meg med å berre nemne hovudtendensane.

Magnus Olsen (1934:9–11) skriv om brukarkrinsar av stadnamn og har laga ei inndeling basert på kva gruppe menneske som har laga og nyttar namna. Hovudmengda av stadnamn kallar Olsen «gårdens navn», og slike namn er berre kjende og bruka av dei som bur på den einskilde garden, eventuelt av nære naboar. Når stadnamn er kjende og bruka av fleire gardar på ein stad, kallar Olsen dei «bygdens navn», og til desse høyrer sjølve gardsnamna til. Eksempelvis kan to nabogardar kalle gardane sine *Uppigard* og *Nigard*, og det vil aldri vera tvil mellom dei som bur på gardane at den øvste heiter *Uppigard* og den nedste *Nigard*. Men om desse gardane høyrer til ei større bygd, kan det vera aktuelt å kalle dei *Uppigard Haugen* og *Nigard Haugen* etter sjølve plassen gardane ligg, sidan andre gardar au kan heite

Uppigard og *Nigard*. *Uppigard* og *Nigard* er då gardens namn, mens *Uppigard Haugen* og *Nigard Haugen* er bygdas namn. Inndelinga til Olsen er tredelt, og siste typen namn er «veiens navn», bruka av folk utanfrå bygda som har bruk for å namngjeva stadar langs ferdsselsvegar. Vegens namn er ikkje relevant i denne oppgåva, sidan eg baserer namnetolkingane mine på lokale uttaleopplysningar.

Når ein samlar inn stadnamn, finn ein som regel mange ulike skriftlege og munnlege variantar av same namn. Det kan dermed vera vanskeleg å vita kva for kjelder som seier noko om det «eigentlege» namnet. I stadnamnlova står prinsippet om «nedervd uttale» sterkt (stadnamnlova, 1990). Ifylgje Bakken (1997:57) gjev omgrepet berre meining i kontrast til konkurrerande skriftpåverka eller nasjonale uttaleformer. Skepsisen til skrift har med at skriftspråket i Noreg lenge var dansk, og at det ikkje finst éi ukontroversiell skriftform i Noreg (Bakken, 1997:57). I tillegg skal dei nedervde uttalene av stadnamn bli verna som historiske leivningar mot korrupperande skriftformer (Bakken, 1997:57). Det «eigentlege» namnet ser altså ut til å bli oppfatta som den eldste uttaleforma av eit namn som framleis er i bruk, og nyare og skriftpåverka uttaleformer blir dermed sekundære. Sjølv om dei eldste uttaleformene gjev det sikraste tolkingsgrunnlaget, er au nyare og skriftpåverka former av interesse, då desse kan seia mykje om korleis bustadnamna har blitt tolka til ulike tider; ulike kjelder frå ulike tider gjev ulike tidsbilete, og å taka desse i betraktning styrkar den historiske varleiken ein har, slik at ein betre forstår den historiske utviklinga (Tjora, 2021:203).

Til slutt vil eg nemne folkeetymologi. I tradisjonelle dialektologiske studiar har ofte haldningar og oppfatningar fått lite oppmerksomd, til fordel for fonetiske og leksikalske variablar i språkproduksjonen (Cramer, 2014:2). Men korleis folk persiperer språk kan au ha noko å seia for språkutviklinga. Termen folkeetymologi blir bruka om analogiske endringar av ordstrukturar som gjeld stamma av eit ord, som fylgje av at ein språkbrukar hentar fram eit ord frå hukommelsen annleis enn han hørde det (Gundersen, 1993:25, 27). Mange folkeetymologiske endringar er semantisk motiverte, som i *armbue* > *armbue* (olbogen er ein del av armen, men fyrsteleddet kjem opphavleg av *alen* f.) (Gundersen, 1993:26). Sjølv om den folkeetymologiske prosessen er umedviten (Gundersen, 1995:13), kan språkbrukarar

reflektere over resultatet av prosessen, altså *armbue*, og dermed trekkje feilaktige etymologiske slutningar. Dette er relevant for oppgåva mi, sidan måten informantane har persipert stadnamna på, både kan ha noko å seia for den språklege utviklinga av namna og korleis informantane tolkar namna i dag.

4 Val av kjelder og metode

Som Tjora (2021:19) skriv, er det viktig å ha klart kva dataa ein samlar inn faktisk skal og kan seia noko om. For å svara på spørsmåla lagde fram i kap. 1.1, må eg for det fyrste finne førekomstar av bustadnamna i både skriftleg og munnleg form, noko som prinsipielt utgjør dei to hovudkjeldene ein arbeider med i stadnamngransking (Stemshaug, 1985:33). Av skriftlege kjelder har eg gått gjennom kart, namnesamlingar, bygdebøker og annan litteratur der namna kan ha vore nemnde. Dei munnlege førekomstane av namna samla eg inn ved å intervjuje lokale informantar frå Møsstrand. Som nemnt innleiingsvis, er ikkje det innsamla materialet berre utgangspunkt for denne masteroppgåva, men vil au bli nytta i innsamlingsprosjektet til Vest-Telemark Museum.

4.1 Skriftlege kjelder

Når det gjeld skriftlege kjelder, er det ifylgje Stemshaug (1985:33) viktig at ein får tak i så gamle kjelder som råd når ein skal gjera etymologiske tolkingar av stadnamna. Fyrste gongen ein gard på Møsstrand blir nemnd i ei skriftleg kjelde, er i DN i 1520 (XV 126). I *Møestranden og Dessen beboeres Beskrivelse i det aar 1722* nemner Herman Mørch fleire av gardsnamna (Kostveit, 2000:49, 65), og i *Beskrivelse over Sillejords Præstegield* (1786) fører Hans Jacob Wille opp av fleire namna i eit kart. Rygh har i NG gått gjennom alle desse førekomstane, i tillegg til eit utval jordebøker og skattemanntal frå hundreåra etter mellomalderen (Hallaråker, 1997:36), og eg har nytta dette som grunnlag for det eldre kjeldematerialet. I NG er au dei eldste uttaleoppsyningane eg har funne, og desse er nedskrivne med lydskrifta Norvegia, sjå for eksempel Storm (1884) for ein gjennomgang av denne. I tillegg har eg gått gjennom notata Rygh har skrive ned under arbeidet sitt med NG, og her finn ein somtid uttaleopplysningar, om enn i notatform.

Sjølv om eg treng eldre førekomstar av bustadnamna for å tolke opphavet til namna, er au nyare kjelder av interesse, jf. kap. 3.3. Eg har derfor gått gjennom dagens/tidlegare matriklar og nyare kart, namneinnsamlingar og litteratur der namna blir nemnde. Både matrikkelformene og kart som rektangelmålingane har danske skrivemåtar, men det hender seg dei gjev nyttig informasjon likevel, for eksempel om namn har falle vekk.

Rektangelmålingane markerer au tjukk / og har ulike symbol for gardar/bruk og stølar. Eitt av karta eg har bruka, er eit kart over Møsstrond laga av Sven Poulsson, ein danskfødd biletkunstnar som drog til Møsstrond i 1973, og som no høyrer folket på Møsstrond til (Rauland Historielag, u.å.). Dette kartet blei av fleire informantar omtala som ei god kjelde, og seier slik sett au noko om haldningane informantane har til namna. Av nyare litteratur har eg gått gjennom bygdesogeskrivingar, særleg Berge (1940, 1975) og Kostveit (2000), i tillegg til utgjevingar frå historielag frå både Rauland, Tinn og Seljord og eventuell annan litteratur der namna måtte dukke opp. Eg har heile tida vore bevisst på at skrivemåtar er skriftlege attgjevingar av namn, og at dei er forma av tidas rettskrivingsnormer.

Stadnamnarkivet ved Universitetet i Bergen består av blant anna heradsregisteret, seternamnregisteret og bustadnamnregisteret, der er det samla inn namn frå lokale informantar. Det blei samla inn namn frå Møsstrond i 1949/1951, 1956, 1963 og 1983/1984, og desse har eg gått gjennom. Alle oppføringane, utanom dei i innsamlinga frå 1963, nyttar Norvegia som lydskrift dersom dei har ført opp uttaleopplysningar. Innsamlinga frå 1963 fører derimot opp uttaler som *skje`n`narland*, og ein må bruke noko skjønn og eventuelt jamføre med andre uttaleopplysningar for å tolke uttaleopplysninga, eksempelvis om ho er med /j/ eller berre /j/, jf. 159/1 *Skinnarland*. Det innsamla materialet til Vest-Telemark Museum er stort sett henta frå stadnamnarkivet, men her var au nokre sider med notat frå Aslak Liestøl (u.å.) om stadnamn i Telemark.

Ei viktig kjelde er Sentralt stadnamnregister (SSR), som blei oppretta i 1991. Dette er eit digitalt register forvalta av Kartverket, som inneheld skrivemåtar frå tidlegare kartseriar, vegskilt, matriklar og liknande (Kartverket, 2022). Dersom ein skrivemåte i SSR er vedteken, er dette gjort med heimel i stadnamnlova (1990), der ein ifylgje § 4 fyrste ledd skal taka utgangspunkt i den nedervde lokale uttala og fylgje norsk rettskriving, sjå. kap. 3.3 om «nedervd uttale». Skrivemåtar kan au vera avslegne, godtekne (namnet var i offentleg bruk då SSR blei oppretta) eller føreslegne (namnet er lagt inn gjennom stadnamninnsamling eller tenesta «Rett i kartet») (Kartverket, 2022). Namn utan vedteken skrivemåte kan ha fleire registrerte skrivemåtar i SSR, og ein av desse må vera «prioritert», som vil seia at den er vald

ut til å vera synleg i kart. Ein av dei tidlegare kartseriane som er lagd inn i SSR, er økonomisk kartverk (ØK), reidd ut mellom 1957 og 1964 (Kartverket, 2023). I denne kartserien skulle stadnamna, sendt inn frå lokale namnekomitear rundt om i Noreg, skrivast i samhøve med den norske uttala på staden så langt råd var, så sant skrivemåten ikkje direkte stridde imot dei gjeldande rettskrivingsreglane (Paule, 1997:87). Eit namn i SSR som er lagt inn frå ØK, gjev derfor ein peikepinn på korleis namnet blei uttala i perioden ØK blei reidd ut, eksempelvis om namnet står i bestemd eller ubestemd form.

4.2 Munnlege kjelder

Det er fleire aktuelle metodar ein kan nytte seg av for å samle inn munnlege kjelder, og igjen heng dette saman med kva for data ein vil samle inn, i tillegg til pragmatiske årsaker som blant anna tilgjengelege ressursar og rekrutteringsmoglegheiter (Tjora, 2021:43–44).

Uttaleopplysningar er viktige data eg treng å samle inn, og både observasjon og intervju er metodar ein kan nytte for å samle inn dette. Tjora (2021:62, 128) poengterer at der data ein samlar inn via observasjon, kan gjeva tilgang til sosiale situasjonar og dermed fortelje noko om kva informantane faktisk gjer, er data ein samlar inn via intervju situert i sjølve intervjusituasjonen, og kan heller fortelje noko om kva informantane seier at dei gjer, altså om livsverda, meiningane, haldningane og erfaringane, deira.

Dette har klare parallellar til såkalla faktisk og rapportert språkbruk og William Labov sitt konsept om observatørens paradoks. Når språkbrukaren er medviten eigen språkbruk, produserer han tale som er forma av dette medvitet, og dette medvite språket skil seg frå det umedvite språket, eller «the vernacular» som William Labov kallar det (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017:160). Eksempelvis kan ein intervjusituasjon auke medvitet rundt eigen språkbruk hjå informanten, slik at språkbruken i intervjusituasjonen (den rapporterte språkbruken) skil seg frå språkbruken elles (faktisk språkbruk) (Skjekkeland, 2009:91). Ved å prøve å undersøkje faktisk språkbruk påverkar ein altså medvitet til språkbrukaren, og ein får dermed tilgang til rapportert språkbruk i staden. Slik syner observatørens paradoks seg. «The vernacular» har i etterkant blitt kritisert, sidan all språkbruk blir påverka av den sosiale konteksten den førekjem i, og i staden for å jaga eit uoppnåeleg ideal om «det naturlege

språket», der forskaren ikkje skal påverke språkbruken, bør ein heller sjå på all språkbruk som naturleg, og heller undersøkje korleis dei ulike deltakarane pregar språkbruken i den enkelte kommunikasjonssituasjonen (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017:162).

Eg har valt å samle inn munnlege førekomstar av namna ved å gjennomføre fokuserte intervju i staden for å observere. Ved å observere har eg nemleg ingen garanti for at dei munnlege førekomstane av bustadnamna faktisk førekjem. I eit intervju kan eg derimot spørje informantane direkte om namn, i tillegg til å fylgje opp med eventuelle spørsmål eg måtte ha. Ein bør heller ikkje taka opp meir tid hjå informantane enn nødvendig for å få samla inn dataa ein treng, og eg kan få tak i fleire namn på kortare tid ved å intervjuer enn å observere. Eit problem med å intervjuer i staden for å observere er at eg i større grad får rapportert språkbruk. Sidan eg vil undersøkje oppfatningane informantane har av bustadnamna, er rapportert språkbruk au av interesse, men ein intervjusituasjon vil nok gjera informantane meir medvitne eigen språkbruk enn ein observasjonssituasjon ville gjort. For å styrke datainnsamlinga mi ville eg derfor gjennomføre eit gruppeintervju (fokusgruppe) i tillegg til dei individuelle intervju. Fokusgrupper deler nemleg ein fordel med observasjon, då ein ved å gjennomføre fokusgrupper «[...] kan fange opp meninger i den interaksjonen som oppstår mellom deltakerne [...]» og slik bidreg «[...] til å generere mer spontane svar enn ved mange andre former for kvalitativ datagenerering» (Tjora, 2021:138). Eg fekk dessverre ikkje gjennomført dette, noko som er ein veikskap i datamaterialet mitt. Dataa eg samla inn er dermed i stor grad knytte til informantens subjektivitet (Tjora, 2021:128), og namneformene eg samla inn, treng ikkje nødvendigvis samsvare med dei formene som faktisk er i bruk i lokalsamfunnet på Møsstrand elles.

Eg gjennomførte derimot individuelle fokuserte intervju, som er eit høveleg format dersom temaet er sterkt avgrensa, tillit raskt kan etablerast og ein ikkje tek opp sensitive eller vanskelege tema (Tjora, 2021:140–141). Sidan temaet mitt er avgrensa til Møsstrand sokn som geografisk område, og det er førekomstar og oppfatningar av stadnamn som er interessante data, har eg vurdert temaet til å både vera godt avgrensa og lite sensitivt. I tillegg gjekk eg ut ifrå at eg raskt kunne etablere tillit mellom meg og informantane, då eg

har vore del av same kommunale fellesskap som dei og slik deler svært mykje av den kulturelle og språklege bakgrunnen deira.

Til slutt vil eg nemne at dette i hovudsak er ei kvalitativ oppgåve. Som dei fleste andre kvalitative undersøkingar har oppgåva mi innslag av kvantifiserande tilnærmingar, for eksempel når det gjeld førekomstane av bustadnamna; dess hyppigare ei form førekjem, dess større er sjansen for at nettopp denne er utbreidd i det lokale talemålet. Eg tolkar likevel dataa mine i mykje større grad enn eg måler dei, og har slik ei «exploratory-interpretive» tilnærming til kjeldematerialet mitt heller enn ei «analytical-nomological» tilnærming (Nunan, 1992:5).

4.3 Gjennomføring

NTNU er lovpålagt å dokumentere all handsaming av personopplysningar dei gjer, og sidan eg høyrer til denne institusjonen og handsamar personopplysningar ved å intervju, måtte eg sende inn ein søknad til Norsk senter for forskingsdata (no Sikt) før eg kunne starte å intervju (Sikt, u.å.). Søknaden blei godkjend, noko som tyder at prosjektet mitt blei vurdert som å vera i tråd med lovverket og at det tek vare på personvern. Alle informantane har skrive under eit samtykkeskjema, sjå vedlegg 2. Eg tok opp intervju med min eigen mobil ved å bruke Nettskjema-Diktafon-appen. Opptaka blei direkte lagra i Tenester for sensitive data (TSD), og transkriberte og anonymiserte før dei blei sletta, i tråd med retningslinjene til NTNU for datainnsamling (NTNU, u.å.).

For å gjennomføre dei fokuserte intervju reiste eg til Møsstrand og omland, og det var fleire fordelar ved å gjera dette fysisk i området eg skulle undersøkje. Ved å snakke med informantane andlet til andlet får ein bruka heile sanseapparatet til å fange opp kroppsspråk, subtile signal og humør, som alt bidreg til auka forståing for ytringane deira (Sjølje & Moe, 2021:231). I tillegg får ein bruka sitt eige kroppsspråk til å leie samtalen vidare på ein god måte (Tjora, 2021:183). Ved å ha intervjuet i landskapet som er tema, kunne informantane au peike og syne meg stadane dei snakka om. Sjølv om dataa ein samlar inn

via intervju, er eit resultat av sjølve intervjusituasjonen, ser eg det som fordelaktig å skapa ein intervjusituasjon som liknar mest mogleg på kvardagslege situasjonar i liva til informantane. Å møte dei for ein prat heime hjå dei eller på den lokale kafeen, med ein person med tilnærma lik(t) kulturell bakgrunn og talemål, vil dermed forhåpentlegvis ikkje skapa ein framand situasjon. I tillegg er det meint å bidra til å skapa tillit mellom meg som intervjuar og informantane, og leggje til rette for ei avslappa stemning der informanten er komfortabel med å snakke om temaet, noko som er ein viktig føresetnad for å lykkast med intervju (Tjora, 2021:132–133, 135). Reint praktisk og økonomisk hadde sjølsagt eit intervju via telefon eller videosamtale vore å føretrekkje (Tjora, 2021:183), men etter mitt syn vektar ikkje dette like tungt som argumenta for fysisk gjennomføring over, og bør berre nyttast som supplement.

Til intervju skreiv eg ut kart over Møsstrand sokn som informantane kunne nytte seg av. Dette var meint til å hjelpe dei med å koma i hug namn, og gjorde samstundes at dei kunne bruke kartet aktivt for å peike ut lokalitetar. På desse tok eg vekk det meste av stadnamn for at skriftformene ikkje skulle påverke informantane. Det kan tenkjast at dei likevel assosierer kart med skriftformer, då det er slik dei truleg er vane med å sjå kart. Eg laga ein intervjuguide (sjå vedlegg 3) eg kunne fylgje og stø meg på, men sjølv om spørsmåla i denne er fullstendig formulerte og sett opp i rekkjefylgje, la eg til rette for ein uformell samtale med oppfølgingsspørsmål innimellom spørsmåla. På denne måten kunne eg «[...] skape god flyt i intervjuet og samtidig opprettholde forventningen om intervjuet som en *intervjustyrt, asymmetrisk interaksjon*» (Tjora, 2021:172).

Då eg gjennomførte intervju, ville eg ikkje spørje spørsmål som «Korleis uttalar du *Torvetjønn?*», sidan informantane då kunne bli påverka av uttala mi. Eg ville heller ikkje at informantane skulle bli påverka av skriftlege førekomstar av namna, så karta eg hadde med, var omtrent tomme for namn. Problemet med dette var at det blei vanskeleg for informantane å koma på alle aktuelle namn (sjølv om det må seiast at dei alle hugsa svært mykje!). Sidan informantane måtte koma på alle namna sjølv, tok au intervju ein god del tid, og eg fann ut at eg måtte prioritere gards- og bruksnamna, så fekk eg taka med dei

stølsnamna eg rakk. Det manglar derfor notidige uttaleopplysningar for ein del av stølsnamna.

4.4 Informantar og rekruttering

For å finne fram til informantar som gjev meg pålitelege data, har eg nokre få, men viktige krav. Sidan det er dei lokale talemålsvariantane av bustadnamna eg vil undersøkje, må informantane ha ei viss tilknytning til Møsstrand som samfunn og det lokale talemålet der. Akkurat kor lista ligg for at informanten skal vera akseptabel, er vanskeleg å seia, men eg har lagt fram krav om at informantane må vera over 18 år, og at dei må ha budd på Møsstrand over lengre tid då eg rekrutterte dei. Det blir mykje enklare å utføre prosjektet utan mindreårige, som krev ein meir omstendeleg prosess når det gjeld samtykke, og eg skulle uansett gjerne hatt informantar som har butt på Møsstrand i 20 år eller meir.

Då eg rekrutterte, hadde eg ein stor fordel med at eg er frå same kommune som informantane og dermed, sjølv om eg ikkje kjende dei personleg, har vore del av same større sosiale nettverk i kommunen. Hausten 2021 var det folkemøte på Møsstrand, og eg nytta denne moglegheita til å reise dit og fortelje om prosjektet mitt til dei frammøtte. Det var berre ein person som melde seg som informant etter dette, så eg kontakta folk på Møsstrand via telefon for å få tak i fleire. Dei fleste takka nei til å deltaka, men eg fekk tak i sju informantar til. Åtte informantar er i minste laget, men dei utgjer faktisk 9,5 % av folketalet på Møsstrand. Det blei til at informantane i prosjektet har eit aldersspenn på 20 år, alle er over 55 år og alle har butt på Møsstrand mellom 35 og 70 år. Dei har heimane sine spreidd rundt mesteparten av Møsvatn, og det er fire kvinner og fire menn.

5 Bustadnamn i Møsstrond sokn

I det fylgjande går eg gjennom bustadnamna eg har samla inn informasjon om. Eg har ikkje kunna teke med alle bustadnamna i matrikkelen, då dette blir altfor omfattande for denne oppgåva. Det er nemleg fleirfaldige hytter og nyare bygningar på Møsstrond, og mange av desse har anten svært nye namn, eller namn som ikkje har forankring i det lokale talemålet. Eg har derfor vald å prioritere namn frå 1905-matrikkelen og tidlegare, i tillegg til namn som blir nemnde av informantane, som då blir sett på som å høyre til lokalsamfunnet. I tillegg har eg samla inn alle stølsnamna eg har funne. Desse er det svært mange av, men med lite informasjon, så eg går ikkje like grundig inn på stølsnamna som gards- og bruksnamna. Sjå vedlegg 1-15 for kartfesting av bustadnamna. Dei namna eg ikkje har funne plasseringa til, manglar på karta.

Gards- og bruksnummera har endra seg gjennom tida, men eg nummererer dei etter dagens matrikkel, 103 gardsnummer høgare enn i NG. Når eg går gjennom kvart namn, listar eg opp eventuell matrikkelform, eventuell registrering i SSR og relevante opplysningar frå NG og oppføringane i stadnamnarkivet. I tillegg går eg gjennom resten av kjeldematerialet mitt, men for å gjera teksten ryddigare nemner eg berre kjelder som bidreg med informasjon som ikkje kjem fram av dei fire hovudkjeldene over. Sjå kap. 4.1 for ein gjennomgang av dei skriftlege kjeldene. Eg spurde au informantane korleis kvart namn blir skrive og kva namna kjem av. Somtid resulterte dette i ny informasjon, og då har eg skrive om det under det aktuelle namnet. Eg går gjennom kvart gardsnummer kronologisk, og skriv om gardsnamnet og dei ulike brukseiningane under dei. For å gjera teksten meir ryddig refererer eg ikkje til dei faste kjeldene eg brukar kvar gong, men sjå under «Skriftlege kjelder» i litteraturlista til slutt for eit oversyn over desse. Aktuelle målmerke i namna blir ikkje diskutert før i kap. 6.1.

Som sagt nyttar NG, og ofte stadnamnarkivet, lydskrifta Norvegia når dei fører opp uttaleopplysningar. For å føre opp desse opplysningane så nøyaktige som mogleg nyttar eg same lydskrift som kjelda, inkludert eventuelle feil/inkonsekvensar. For å transkribere uttalene til informantane nyttar eg meg av det internasjonale fonetiske alfabetet, men eg avgrensar meg stort sett til å berre skilje mellom ulike fonem. Eg noterer likevel ned

retrofleksar og ustemde postalveolare frikativar, då desse er særleg relevante norske språklydar, jf. Skarbø (2002). Ei fonemisk transkribering gjer uttaleopplysningane eg fører opp mindre nøyaktige, men for denne oppgåvas føremål er ein slik framgangsmåte tilfredsstillande. Lang vokal er markert med kolon, mens kort vokal er umarkert og medfører lang konsonant etter seg. Når *g* er i konsonantsamband med *s*, blir uttala som regel [k], men eg fører likevel namnet opp med /g/ for å hindre forvekslingar av typen *gard/skard*. Eg fører opp uttala av kvart namn ved sida av overskrifta til namnet. Når uttala står mellom skråstrekar, er ho samla inn under intervjuet eg gjennomførte på Møsstrand. For dei namna eg ikkje fekk uttaleopplysningar om frå informantane mine, har eg ført opp den nylegaste uttala frå oppføringane i stadnamnarkivet. Somme namn har eg ikkje uttaleopplysningar om.

Bustadnamna som er i bruk i dag, treng naturlegvis ikkje å vera dei namna som alltid har blitt bruka om bustaden. Sidan Møsstrand blei lagd aude etter svartedauden, kan det godt vera at namna før dette er borte. Det har som sagt vore fast busetnad sidan 1500-/1600-talet, men utanom eit diplom frå 1520 som nemner éin *gard*, er dei eldste skriftlege kjeldene til bustadnamn på Møsstrand berre frå 1722. Det kan godt tenkjast at desse namna stammar heilt ifrå Møsstrand fekk busetnad att etter svartedauden, men dette finst ikkje kjelder om.

5.1 Gards- og bruksnamn

5.1.1 Gardsnummer 155 – Torvetjønn

155/1 - Torvetjønn /²tørve,çøn/

I dagens matrikkel er gnr./bnr. 155/1 ført opp som *Torvekjøn*, og i SSR er skrivemåtane *Torvetjønn* (prioritert) og *Torvetjønni* registrerte som bruk same stad. I SSR er det au registrert ei tjørn like ved med skrivemåtane *Torvetjønni* (prioritert) og *Torvetjørn*. I NG er matrikkelformene *Torvekjøn* og *Torve-Tjøn* (1723) og uttala *tø`rrveçønn* førte opp. I stadnamnarkivet står det at det skal vera mange små grasvokste tangar som stikk ut i tjørna, og at tjørna au blir kalla *Torvetjørntjørne*, uttala *tør`væçönnçönni* (1963 og 1979) for å skilje ho frå bruket (*ç* skal nok vera *ç*). Informantane som nemnde dette namnet, la fram *Torvetjønn* som skrivemåte, og uttala namnet /²tørve,çøn/. Fleire informantar seier at tjørna

like ved er opphavet til gardsnamnet. Ein informant seier at det låg ei lita øy uti tjørna som blei kalla Torva, og at tjørna fekk namnet sitt etter den.

Rygh skriv at namnet på bruket truleg stammar frå gno. **Torfutjørn*, der fyrsteleddet står i genitiv. Han påpeikar at fyrsteleddet au kan vera nemning på jordstykke og plassar, men ut ifrå informantane og stadnamnarkivet sine opplysningar er det truleg torvøya eller tangane uti Torvetjønn som har gjeve opphav til namnet. Språkleg sett kan mannsnamnet Torfi vera opphav til fyrsteleddet, men ut ifrå opplysningane om namnet er dette lite truleg. Garden blir uttala utan bestemd artikkel, og skil seg frå uttala av tjørna, som ifylgje stadnamnarkivet blir uttala med bestemd artikkel. Namnet *Torvetjønntjønni* er nok eit resultat av at tjørna, som fyrst gav namn til garden, i ettertid har fått namn etter garden att (tjørna ved garden *Torvetjønn* = *Torvetjønntjønni*). Det er vanskeleg å fastslå kva uttale rotvokalen i fyrsteleddet hadde under NG-innsamlinga; gno. *ǫ* har blitt til /ø/ i Vest-Telemark og /ɔ/ i Aust-Telemark, men blir i NG attgjeven med same lydteikn. I Rygh sitt eige eksemplar av 1838-matrikkelen har han likevel ført opp uttaleopplysninga *Tørrve-*, og ò er ein vanleg måte å skrive /ø/ på. Dagens uttaleopplysningar vitnar om at den lokale nedervde uttala av namnet er /²tørve ,çøn/. Uttala av sisteleddet med assimilasjon av *rn* > *nn* er vanleg i heile Telemark (Norsk Ordbok s.v. *tjørn*), og denne form er vedteken som namneledd i Vinje kommune. Lyden /ø/ er i alle fall i dag eit typisk målmerke i Vest-Telemark.

155/3 - *Nikulsi* *ni`kulsli* (1983) og 155/22 - *Brattås* /²brat,o:s/

Gnr./bnr. 155/3 er ført opp som *Nikulslie* i dagens matrikkel, og 155/22 er ført opp som *Brattås*. I SSR er skrivemåtane *Nikulsi* og *Brattås* registrerte som bruk same stad. I NG er ingen av bruka førte opp, men i Ryghs matrikkelnotat har han skrive ned *Nikulslie*. I stadnamnarkivet er uttalene *nik`kulsli* (1979), *ni`kulsli* (1963 og 1983) og *bra`ttås* (1949 og 1963) førte opp. Her står au at *Nikulsi* er namn på ein nedlagd gard, og at garden har namn etter ein mann Nikuls som busette seg der. I bustadnamnregisteret er uttalene *ni`kullslū* (1956) og *brat`tås* (1956) førte opp, og *Brattås* skal liggje under ein bratt ås ved *Storfjell*. Ifylgje Lunde (1972:166) skal *Nikulsi* ha vore gard sidan 1700-talet. Ifylgje stadnamnarkivet

skal *Brattås* opphavleg ha vore namn på ein støl som høyrde til *Nikulslī*, men då det blei reist nytt bruk der i 1938 (Homme, 1975), skjedde det ei denotasjonsendring, og *Brattås* blei no namn på eit bruk. Informantane nemner berre *Brattås*, og uttaler namnet /²brat_o:s/.

Nikulslī er samansett av mannsnamnet *Nikuls* + *li* f. Rygh ser ut til å ha funne bestemd form tidlegare, men dei nyare uttaleopplysningane talar for ubestemd form. *Brattås* er samansett av *bratt* adj. + *ås* m. Sjølv om garden *Brattås* er ny, må namnet vera eldre, sidan det opphavleg var om ein støl under *Nikulslī*.

155/9 (utgått) - Nordli /²nu:r_{li}:/

Gnr./bnr. 155/9 var tidlegare ført opp som *Nordli* i matrikkelen, men ligg i dag under 151/8 *Heimveglid*. I SSR er skrivemåten *Nordli* registrert som bruk same stad. I stadnamnarkivet er uttala *nōr`li* (1963 og 1979) ført opp. Her står au at stølen *Aslaugsgard* like ved gjerne blir kalla *Nordli*. Informantane uttaler namnet /²nu:r_{li}/. Eit par informantar tenkjer seg at namnet har med ei nordvendt *li* å gjera.

Nordli er eit bureisingsbruk frå 1948 (Rauland Historielag, 2003:13). Om *Aslaugsgard* har noko tilknytning med *Nordli*, er uvisst, men båe plassane ligg no i ei nordvendt *li*. Namnet er samansett av himmelretninga *nord* + *li* f.

5.1.2 Gardsnummer 156 – Veisfitlii

156/1 - Veisfitlii /li:/

Gnr./bnr. 156/1 er ført opp som *Veisfetlien* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtene *Veisfitlii* og *Veisfetlien* registrerte som eigedom same stad. I NG er matrikkelforma *Veisfetlien* og uttalene *vei`sfittlii* og *vei`svittlii* førte opp. Rygh påpeikar au at skrivemåtar med *tveit*, eksempelvis *Veistveitlien*, er feilaktige, og i 1595 skriv biskop Jens Nilssøn at namnet på vatnet er *Veisfeed*. Berge (1940:81) skriv at skrivemåtar med *-fet-* og *Veising-* (om vatnet) er feilaktige i forhold til den lokale uttala. Vinje historielag (2010:368) skriv namnet *Veisfitlie*. I

N50-karta er garden ført opp som *Li* mellom 1984 og 2002. Ein informant nemnde dette namnet, og hen oppgav *Li* som skrivemåte, og uttala namnet /li:/. Informanten uttala namnet på vatnet like ved /¹veisvi:k,vat:ne/, som i SSR har skrivemåtane *Veisfitvatn* (prioritert) og *Veisvikvatnet*. Informanten fortel au om *Veisvik/Veisfet*, og at dette er ein av dei «hønngamle» buplassane der. Hen var likevel usikker på om denne buplassen var på austsida av *Veisfitvatn*, ved *Veisfetlii*, eller på vestsida ved *Kråkerøi*. Om ordet *fet* fortel informanten at dette tyder 'flat slette' eller liknande.

Ifylgje NG er namnet samansett av *veisa* f. 'sump, pytt, og *fit* f. 'frodig grasmark, særleg ved vatn'. Dette ser eg på som ei sannsynleg tolking. Grunnen til at det er så mange variantar av dette namnet, er nok fordi dei to fyrste ledda ikkje lenger er appellativ i talemålet. Når det er ein ustemd [s] framom anten [f] eller [v], blir uttala uansett ustemd. Motsetjinga mellom /v/ og /f/ blir altså nøytralisert i slike tilfelle, og ein kan ikkje stø seg på uttala for å avgjera om det underliggjande er /v/ eller /f/. I *Veisfit-* kan mellomleddet ha blitt tolka som å ha underliggjande /v/, og når appellativet *vik* både er kjent og passar ypparleg i nærleiken av vatn, kan mellomleddet ha blitt oppfatta som nettopp dette. Når det gjeld namnet på sjølve garden, vil eg tru at *Veisfitli* er bygdas namn, mens gardens namn berre er *Li*. Stølen som har høyrte til garden heiter au berre *Listøyl*, og er ikkje samansett med *Veisfit*.

5.1.3 Gardsnummer 157 – Bosbøen

157/1 – Bosbøen /²bøs,bø:n/

Gnr./bnr. 157/1 er ført opp som *Bosbøen* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtane *Bosbøen* og *Bossbøen* registrerte som gard same stad. I NG er matrikkelforma *Bosbøen* (identisk med ei form frå 1723) og uttala *bø`ssbøn* førte opp. I stadnamnarkivet er uttala *bòss`bøn* (1949, 1963 og 1983) ført opp. Her står au at namnet kjem frå eldre **Botnsbø*, og at det er synste armen av Møsvatn som er opphavet til fyrsteleddet, då denne munnar i ein botn (inste ende av eit vatn). *Bosbøen* er au ført opp i NSL, og her står det at fyrsteleddet au kan vera genitiv av *båt*. Informantane uttala namnet /bøs,bø:n/, og det var ulike meiningar om namnet skulle skrivast med enkel eller dobbel s. Dei fleste informantane var usikre på

namneopphavet. Ein informant sa at namnet ikkje kunne ha tydinga 'søppel', men la fram *bos* 'strå til å liggje på, halmseng', uttala /bøs/, som ei mogleg tolking. Dette er to ulike tydingar av *bos* n. Elles nemnde fleire at garden ligg med bratte lier rundt seg.

Sisteledet er *bø* m. Fyrsteledet er truleg *botn*, og sjølv om garden ikkje ligg heilt i enden av Møsvatn, ligg han vel nære nok til at han kan ha fått namn etter botnen. *Botn* kan i Aust-Telemark vera *bott*, og i Hardanger ha genitivsforma *boss* (Norsk Ordbok s.v. *botn*). Som i namn som inneheld *vatn*, eksempelvis *Homvassbekken* nordom 159/1 *Skinnarland*, kan *botn* få *ss* (*botns* > *bots* > *boss*) i samansetningar. *Botn* kan au tyde 'stutt rundvoren dal, bakke', og garden ligg i ein kvæv (skålforma (dal)søkk). Ei moglegheit er at fyrsteledet refererer til denne, og ikkje botnen. *Båt*, gno. *bátr*, er ikkje sannsynleg, då /ø/ ikkje kjem av gno. *á*. *Bos* er ei fullgod tolking, men eg trur dei terrengskildrande alternativa er mest sannsynlege. Ei anna moglegheit er at garden er kalla opp etter *Bosnuten*, ein av dei høgaste nutane i området. Om namnet *Bosnuten* har overlevd svartedauden eller om namnet har blitt til i ettertid, kan ein ikkje seia sikkert. Men på Møsstrand finn ein andre namn som *Bottstaul*, jf. kap. 5.2, noko som vitnar om at *Bosnuten* er eit eldre namn, sidan *Bottstaul* ikkje har hatt noko assimilasjon. Og sjølv om busetnaden på Møsstrand forsvann under svartedauden, blei området framleis utnytta av bygdene ikring, og ein skulle tru dei viktigaste naturnamna ikkje forsvann ut av bruk. Eg trur det derfor er mest sannsynleg at garden har fått namn etter nuten, og at *Bosnuten* kan vera eit namn som er bevart frå før svartedauden.

5.1.4 Gardsnummer 158 – Gibøen

158/1 Gibøen /²ji:,bø:n/

Gnr./bnr. 158/1 er ført opp som *Gibøen* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Gibøen* registrert som gard same stad. I NG er matrikkelformene *Gibøen* og *Gibbøen* (1723) og uttala *ji^hbøn* førte opp. Rygh trur *Gibøen* er danna etter *Giybiery*, og at fyrsteledet kanskje er *gil* n. 'kløft'. *Giybiery* er ført opp i Wille (1786:58), og plassen skal ha vore klemt imellom vatnet nedom og små, men fæle klipper med lause steinar ovanfor. I stadnamnarkivet er uttalene *ji^hb(b)øn* (1951) og *ji^hbøen* (1963) førte opp. Her står au at namnet truleg kjem av **Gilbøen*,

med *gjel* 'bergkløft' som fyrsteledd. Dette ordet blir uttala *jil* i Rauland og *jèl/jæł* i Tinn (Norsk Ordbok s.v. *gjel*). I bustadnamnregisteret står det at det går ein trong dal oppover frå garden, og at det er mykje stein og urd der. Berge (1940:69) skriv at tolkinga til NG av fyrsteleddet ikkje høver. Han tenkjer seg at eit forkorta mannsnamn kan vera opphavet her, eventuelt *Gyving*, men ser på tydinga som uviss. Informantane uttalar namnet /²ji: bø:n/. Ein informant seier at garden er flytt der den er i dag på grunn av oppdemminga, og at han er ein gamal storgard som var høvdingsete i vikingtida.

Sisteledet er *bø* m. Dersom namnet er frå etter svartedauden, kan ikkje *gil* vera eit opphav, då rotvokalen her er senka til *e* eller *æ* i tinnmål (Skulerud, 1938:489). For synonymet *gilje* er derimot rotvokalen framleis *i*, jf. stadnamnet *Jarngiljo* i Tinn (Skulerud, 1922:382). Det ser ikkje ut som det er noko ein kan klassifisere som eit *gjel* på staden, men *gjelet* kan alltid vera neddemt. *Gilje* kan au tyde 'oppsett i strandkanten der ein kan sitje og akte etter fisk (og dra nota saman omkring fangsten)'. Møsvatn var tidlegare veldig grunt og blei rekna for å vera det beste fiskevatnet i Telemark (Kostveit, 2000:72). Forholda ligg altså til rette for ei slik tolking av *gilje*, men kjeldegrunnlaget er uansett for vagt til anna enn spekulasjon. Ordet er au langt, så det må vera gammalt om så mykje har falle bort. Bortfall av *l* framom *b* førekjem på tvers av komposisjonsgrenser i vinjemål, men *l* ser ut til å ha heldt seg i tinnmål. Ei moglegheit er at namnet er frå før svartedauden, og at det var vesttelar som budde der då. Mannsnamnet *Gyving* kan for så vidt vera eit alternativ om det har hendt ei delabialisering, men hovudregelen er at *y* held seg i både vinjemål og tinnmål. Fyrsteledet er altså uvisst.

158/2 - Erlandsgard /²æ:rlans,ga:r/

Gnr./bnr. 158/2 er ført opp som Erlandsgaard i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Erlandsgard* registrert som bruk same stad. I NG er matrikkelforma *Erlendsgaard* og uttala *æ`rlennsgār* førte opp. I stadnamnarkivet er uttala *æ`lannsgār* (1949, 1963 og 1983) ført opp. Her står au at bruket opphavleg høyrde til *Hove*, men at ein del av *Hove* på 1600-talet blei overlata til ein son Erland, og sidan blitt kalla *Erlandsgard*. Til slutt står det at namnet er om eit bureisingsbruk utskilt frå ein beiteteig som høyrde til *Gibøen*, men at det på same stad

skal ha vore ein gard på 1500-talet. Informantane uttalar namnet /²æ:rlans,ga:r/. Namnet er samansett av mannsnamnet *Erland* + *gard* m.

158/7 - Dagali /²da:ga,li:/

Gnr./bnr. 158/7 er ført opp som *Dagalien* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Dagali* registrert som bruk same stad. I NG står det at *Dagali* var ein plass som på 1400-talet høyrde til staden som er Gibøen, og at *Dagali* under innsamlingstidspunktet var ei seter. I stadnamnarkivet er uttala *dā`gali* (1951, 1963 og 1983) ført opp. Her står au at namnet kjem av genitivsforma av hankjønnordet *dagi* 'dagning, soloppgang', og at garden ligg i ei solvendt li, der sola kjem tidleg om morgonen. Ei liknande tolking har ein om *Dagali* i Hol kommune. Informantane uttalar namnet /²da:ga,li:/. Fyrsteleddet er dei usikre på opphavet til, men somme tenkjer seg at det kan ha noko med sola og at det dagast tidleg å gjera.

Sisteleddet er *li* f. Fyrsteleddet er nok genitivsforma av *dagi*, slik heradsregisteret skriv.

158/10 - Bøen /¹bø:en/

Gnr./bnr. 158/10 er ført opp som *Bøen* i dagens matrikkel, og i SSR er same skrivemåten registrert som bruk same stad. I stadnamnarkivet er uttala *bø`en* (1951 og 1963) ført opp. Her står au at *Bøen* tidlegare heitte *Tjostaul/Kjosstøl*. Informantane som nemner namnet, uttalar det /¹bø:en/.

Bøen er eit bureisingsbruk frå 1935 (Rauland Historielag, 2003:13), og eg finn ikkje teikn til at namnet er eldre enn dette. Namnet kjem av *bø* m. Det stemmer at det låg ein *støl* på staden tidlegare, sjå *Kjosstaul* i kap. 5.2.

5.1.5 Gardsnummer 159 – Skinnarland

159/1 - Skinnarland /²finar,lan/ /²finar,land/

Gnr./bnr. 159/1 er ført opp som *Skinnarland* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Skinnarland* registrert som gard same stad. I NG er matrikkelformene *Skinnerland* og uttala *sjj`nnarlann* førte opp. Skrivemåten *Skimmerland* frå 1500-talet er au ført opp her, men Rygh har markert denne som klart feilaktig. Opphavet skal ifylgje NG vera **Skinnaraland* av det gno. hankjønnsordet *skinnari* 'garvar, buntmakar'. I stadnamnarkivet er uttalene *sjj`nnarland* (1951 og 1981) og *skje`nnarland* (1963) førte opp. Her står au dette var to gardar ein gong, *Sudigard Skinnarland* og *Nordigard Skinnarland*, men at fyrstnemnde er neddemd. Eigedomane til gardane er no lagde saman. Informantane uttalar namnet både /²finar,lan/ og /²finar,land/. Av opphav la informantane garving av skinn og solskin/glans fram som moglegheiter. Informantane fortalde au at gardane før heitte *Sudskinnarland* og *Nordskinnarland*, men etter den sørliggjande garden blei neddemd, brukar ein som regel berre *Skinnarland* om garden som står att. Husa til denne garden har nyleg blitt flytte til *Bjønli*, som blir av somme omtala som *Ny-Skinnarland*.

Sisteledet er *land* n. Forma *Skinnarland* blir umogleg å forklara dersom opphavet til fyrsteledet er det gno. inkjekjønnsordet *skin*, sidan dette ordet ikkje kan ha bøyingsendingar som inneheld r. NG sitt forslag *skinara* er nok det mest trulege opphavet til fyrsteledet. Uttaleopplysninga i NG vitnar om at uttala tidlegare var /²fjinar,land/ med j, noko som stemmer overeins med Ross (1906:16). Sjølv har eg høyrte eldre i Vinje som uttalar gno. *sk* som /j/, og somme av informantane kunne ha eit hint av denne j-lyden når dei uttala *Skinnarland*. Eg høyrer likevel mest uttale utan j blant yngre generasjonar i Vinje, så uttala i NG er nok på veg ut.

159/3 - Fivilbøen /²fi:vil,bø:n/

Gnr./bnr. 159/3 er ført opp som *Fivilbøen* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Fivilbøen* registrert som seter/støl same stad. I NG er matrikkelforma *Fivilbøen* og uttala *fi`vilbøn* førte opp, og ifylgje Rygh skal namnet koma av plantenamnet *five* 'myrdun' (myrull). I stadnamnarkivet (1951, 1963 og 1983) er same uttale som i NG ført opp. Oppføringa frå 1951 skriv at *Fivilbøen* no berre er ein støl, mens oppføringa frå 1963 skriv at

dette er ein gard. Sistnemnde skriv au at *five* er samnamn på gule blomar, og at det er denne tydinga som har gjeve opphav til gardsnamnet. Det skal nemleg ha vore svært mange slag blomar på *Fivilbøen*, særleg gullboste (løvetann i Telemark), og ein botanikar som heitte Oddvar Dæhlin skal ha sagt at han aldri hadde sett så mange blomar nokon annan stad. Informantane som nemner namnet, uttalar det /²fi:vil,bø:n/. Ein informant seier at namnet kjem av dialektordet for myrull. Ein informant seier au at husa til garden er flytt og at grunnmurane no står under vatn.

Fivilbøen er samansett av *five* m. + *bø* m. *Fivil* verkar endå å vera eit appellativ i talemålet til informantane, og i dag tyder dette ordet 'myrull' på Møsstrond. Høeg (1974:357) skriv at namn som inneheld dette, siktar til den kvite «ulla» eller fjomet som flyg i lufta, og at ordet i nyare tid har vore sterkt utbreitt om planteartar med kvitt dun. Men *fivil* kan ha tydd noko anna tidlegare. Norsk Ordbok (s.v. *five*) skriv at ordet i dag kan tyde 'myrull' i Telemark, men au 'løvetann, gullboste' i Tinn, særleg i fruktstadiet når blomen har kvit, ullen frøkrans. Ut ifrå opplysningane i stadnamnarkivet trur eg at fyrsteleddet refererte til blomar med kvitt fjom då det blei til, ikkje spesifikt til myrull. Dette harmonerer au betre med sisteleddet, ettersom det er meir naturleg for ein gard å liggje på ei blomeeng enn i ei myr.

Bjønli /²bjøn,li:/

Informantane fortel at dei som budde på *Skinnarland* bygde ein ny gard for 20–30 år sidan som dei kalla *Bjønli*, og flytte husa frå den nordre av skinnarlandgardane dit. Somme informantar omtalar denne nye plassen som *Ny-Skinnarland*. Alle informantane oppgjev skrivemåten *Bjønli*, og uttalar namnet /²bjøn,li:/, utanom ein som oppgjev *Bjønneli*, uttala /²bjøne,li:/. Namnet skal vera sett saman av mannsnamnet *Bjønn*, etter han som bygde garden + *li* f. Det finst ein støl på Møsstrond som heitte *Bjønnelie*, sjå kap. 5.2, men eg finn ikkje noko som tyder på at *Bjønli* er teke derifrå.

5.1.6 Gardsnummer 160 – Neset

160/1 – Neset /¹ne:se/

Gnr./bnr. 160/1 er ført opp som *Neset* i dagens matrikkel, og i SSR er same skrivemåten registrert som gard same stad. I NG er matrikkelformene *Neset* og *Næs* (1723) og uttala *ne'si* førte opp. I stadnamnarkivet er uttalene *nē'se* (1951 og 1983) og *ne'si* (1963) førte opp. Alle informantane uttalar namnet /¹ne:se/, og garden skal ha fått namn av neset han ligg på. Namnet kjem av *nes* n.

160/2 - Varland /²va:r,lan/

For *Draghaug* som tidlegare var bnr. 2 under *Neset*, sjå 160/11 *Haug* nedanfor. Gnr./bnr. 160/2 er kalla *Varland* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtane *Varland* (prioritert) og *Vardland* registrerte som bruk same stad. I stadnamnarkivet er uttalene *va`rland* (1951 og 1963) og *vār`lann* (1983) førte opp. Her står au at namnet kjem av to høge nutar på Tangen (Møsvasstangen), den store halvøya som deler sørlege Møsvatn i to. Desse nutane er førte opp som *Vardan(e)*, uttala *vā`ran(n)* (1951, 1963 og 1983), og herifrå skal ein få utsyn over heile nordvestflaten av Tangen. Dei fleste informantane uttala *Varland* /²va:r,lan/, men det var au eit par som sa /²va:r,land/. Dei informantane som uttala seg om opphavet til namnet, sa au at fyrsteleddet kjem av nemnde *Vardan*, uttala /²va:ran/, som er eit skogsres med nokon nutar på. Nutane er godt synlege i området, og ein informant spekulerer i om det kunne vera ein eigna plass å ha varslingsvardar. Hjø denne informanten registrerte eg au uttala /²va:rar/, ub.fl. av appellativet *varde*.

Varland er eit bureisingsbruk frå 1939 (Rauland Historielag, 2003:13). Namnet kjem truleg av dei mange andre *Var*-namna utpå Møsvasstangen, men det er nok *Vardan* som er opphavet til desse namna. Om det var varslingsvardar oppå *Vardan* er uvisst, men nutane er i alle fall godt synlege formasjonar i området. *Vardan* kjem i så fall av *varde* m., og den tradisjonelle uttala av *varde* er *vare* eller *vate* i både Vinje og Tinn (Norsk Ordbok s.v. *varde*). Sisteleddet er *land* n.

160/4 - Hove /²hø:ve/ + **Kophaug** /¹ku:p,hæug/

Gnr./bnr. 160/4 er ført opp som *Hovet* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Hove* registrert som bruk same stad. I stadnamnarkivet er uttalene *hõ`vi* (1951) og *hõ`ve* (1963 og 1983) førte opp. Her står au at *Hove* skal vera dativ av inkjekjønnsordet *hov* 'høgdedrag'. Matrikkelen av 1886 og 1905 skriv at *Hovet* er ei seter. Skrivemåten *Kophaug* er registrert som haug i SSR. I stadnamnarkivet er uttalene *kõ`phòug* (1951) og *kõp`hòug* (1983) førte opp, og her står at dette er det høgaste punktet på garden (*Hove*), og at det er ein gamal utkikksplass. Berge (1940:243) skriv at fyrsteleddet i namnet tyder 'lita dokk (søkk)'. Informantane uttalar *Hove* /²hø:ve/. Ein informant seier at uttala av namnet er ei forvrenging av /¹hø:ve/, og hen trur det har vore eit gammalt vikinghov der tidlegare. Ein annan informant sa at namnet kjem av at det var eit hov på plassen i førkristen tid. Informantane som nemnde *Kophaug* uttala namnet /¹ku:p,hæug/, og sa at dette var eit tidlegare namn på plassen *Hove*. Ein informant seier at dei som budde der skal ha sagt at dette var ein haug der folk stod for å få med seg kva som skjedde. Det er au ein nut like ovanfor husa der, som informanten kalla *Kophaugnuten*.

Hove kjem av *hov* n. Dette ordet kan tyde 'heidensk tempel eller heilagstad', men au 'høgdedrag' (NSL s.v. *hov*). Bruket ligg oppå eit høgdedrag, og informantane nemner au eit høgdedrag i nærleiken som heiter *Galarhovet*. Eg trur den terrengskildrande tydinga er mest sannsynleg. Som eine informanten er inne på, er *Hove* ei dativform, og namnet blir uttala med tonem 2, i motsetning til nominativsforma med tonem 1, jf. *Hovet* i *Hol* (NSL s.v. *Hovet*). Dativ er ikkje lenger ein aktiv kategori på Møsstrand, så namnet må ha ei stivna dativform. Fyrsteleddet i *Kophaug* kjem truleg av *kop* m./n. 'nysgjerrig stiring, hop av nysgjerrige tilskodarar' (Norsk Ordbok s.v. *kop*). Tydinga 'lita dokk' er for så vidt ei moglegheit, men realopplysningane talar for hi tydinga. Sisteledet er *haug* m. Om *Hove* og *Kophaug* er namn på same plass, er vanskeleg å seia. Men det finst eit stev skrive opp rundt 1930 frå ei gamal kone på Møsstrand, som nemner Olov Kophaug og Torgrim Hovet (Vågslid, 1974:487). At båe etternamna finst samstundes, tyder på at *Hove* og *Kophaug* var namn på to ulike namneobjekt som fanst på same tid.

160/5 - Kråmwiki /kro:m,vi:çi/

Gnr./bnr. 160/5 er ført opp som *Kraamviken* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtene *Kråmviki* og *Kromviki* registrerte som bruk same stad. I NG er matrikkelformene *Kraamviken* og *Cromvig* (1723) og uttalene *krå`mvíki* og *krå`mvíke* førte opp. Om namnetydinga skriv Rygh at det finst ein hypotese om at namnet kjem av *kram* 'kjøpmanns-/kramvarer', sidan *Kråmviki* var ein møteplass for handel mellom folk frå Møsstrand og Hardanger, men Rygh avviser denne hypotesen. Før oppdemminga rann nemleg åa *Kråmål* ut i vatnet *Kråmvikvatn*, men bruket *Kråmviki* låg ikkje ved dette vatnet, sjå kartutsnitt 3. Dersom fyrsteleddet kjem av *kram*, må bruket, der kramvarene blei forhandla, vera primærnamnet, som så har gjeve namn til vatnet og åa nordanfor, men dette meiner Rygh er lite sannsynleg, sidan namneobjekta ligg såpass langt ifrå kvarandre. Han ser det som meir sannsynleg at *Kråmvikvatn* tidlegare heitte **Kraumvatn*, og at det er dette forsvunne namnet som er primærnamnet. Vidare skriv Rygh at ei av tydingane til *krauma* er 'vrимle', og at det kan referere til at det har vore rikeleg med fisk i vatnet. Han skriv au at *au* kan gå over til *å* framom *m* i talemålet, noko som forklarar skrivemåtene med *aa*. I stadnamnarkivet er uttalene *krå`mvíkje* (1963) og *kråmvíki* (1983) førte opp. Her står au at det i ein elvestraum frå *Kråmvatn* skal ha vore veldig godt fiske, men at *Kråmviki* nok kjem av *kram* 'handelsvare' etter alle handelen der. Dei fleste informantane uttalar namnet /kro:m,vi:çi/, men eg registrerte au /krom,vi:çi/. Det var stor uvisse omkring tydinga til namnet. Ein informant



med *au* > *å* framom nasalar, ettersom Aust-Telemark som regel held på *au*, jf. kap. 2.1.2. Dersom opphavet er *kram*, må fyrsteleddet ha fylgt ei meir austleg utvikling, ettersom *a* > *å* framom nasalar er heilt vanleg i Aust-Telemark, men uvanleg i Vest-Telemark. Ein skulle tru fyrste- og sisteleddet hadde hatt same utvikling, og i så fall er nok opphavet *kraum*. Dette er likevel så usikkert at eg uansett ikkje vil avslå *kram* som eit mogleg opphav.

160/11 - Haug /hæug/ + **Draghaug** /¹dra:g,hæug/ /²dra:g,hæug/

Gnr./bnr. 160/11 er ført opp som *Haug* i dagens matrikkel, og i SSR er same skrivemåte registrert som bruk same stad. *Draghaug* er registrert som bnr. 2 under *Neset* fram til og med matrikkelen av 1905, men namnet er ikkje registrert i SSR. I NG er matrikkelforma *Draghaug* og uttala *dra'ghaug* førte opp. Vidare skriv Rygh at namnet skal koma av eit sund som Wille (1786) kallar *Draaje*, der «Prammen med Magt maa ligesom drages der igiennem». Opphavet må ifylgje Rygh då vera **Dragarhaugr* av hokjønnsordet **drøg* (*drog* i talemålet), men i namnet *Draghaug* har fyrsteleddet blitt omtolka til *drag* n. I stadnamnarkivet er uttala *dra`ghaug* (1963) ført opp. Her står au at *Haug* heitte *Vardhaug* tidlegare, og at dei einaste restane ein ser av garden *Draghaug* etter oppdemminga, er det som i dag heiter *Draghaugøyen*, uttala *dråg'hòugøian* (1983). Berge (1940:67) har au ført opp *Dragarhaug*, uttala *draghòug* og *dragarhòug* (eldre form). Informantane uttalar namna /hæug/, /¹dra:g,hæug/ og /²dra:g,hæug/. Somme informantar seier at namnet *Haug* kjem av *Draghaug*, men ein annan seier at *Haug* er eit sjølvstendig namn. Då det blei reist bureisingsbruk i 1939, skulle tre bruk under *Neset* alle ha namn med *Var-* som fyrsteledd, jf. 160/2 *Varland* og 160/12 *Varbø*. Som namn på 160/11 blei *Varhaug* føreslege, men eigaren ville berre ha *Haug*. I samsvar med Wille seier fleire informantar at namnet kjem av eit smalt sund/ei å mellom tidlegare *Dragarfjorden* (del av gamle *Møsvatn*) og *Martinsfjorden*, som folk måtte draga båtane sine gjennom på grunn av låg vasstand. Ein informant seier at *Draghaug* var namn på ein haug som låg ved sundet, og at det er denne namnet kjem frå. Men det skal au ha vore ein gard der med same namn. Sjølve staden båtane blei dregne gjennom blei av fleire informantar kalla /¹drø:je/. Dette er hokjønnsordet *drog*, men har omtrent same tyding som *drag* n.

Haug er altså eit bureisingsbruk frå 1939 (Rauland Historielag, 2003:13), og namnet kjem av *haug* m. *Haug* er ikkje ei avstytt form av *Draghaug*, og eg finn ikkje noko som tilseier at namnet er eldre enn bruket. *Draghaug* kjem av det smale sundet båtfarande måtte draga prammene sine gjennom, var nok opphavleg namn på ein haug der før det blei gardsnamn, jf. 155/1 Torvetjønn. Kjeldene tyder au på at *Dragarhaug* er ei eldre form av namnet, og fleire andre namneobjekt i området har *Dragar-* som fyrsteledd.

160/12 - **Varbø** /²va:r,bø:/

Gnr./bnr. 160/12 er ført opp som *Varbø* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtane *Vardbø* (prioritert) og *Varbø* registrerte som bruk same stad. I stadnamnarkivet er uttalene *vā`rbū* (1951) og *vār`bø* (1963 og 1983) førte opp. Her står au at namnet truleg kjem av *Vardan*, og at det låg ei gamal seter med namn *Mariroe* på plassen tidlegare, sjå kap. 5.2. Fnformantane uttalar namnet /²va:r,bø:/. Dei aller fleste sa at fyrsteleddet er det same som i *Varland*, og fleire kopla det au til *Vardan*.

Varbø er eit nyare bureisingsbruk frå 1939 (Rauland Historielag, 2003:13). Fyrsteleddet er det same som i *Varland*, og sisteleddet er *bø* m.

?/? - **Brattebakkje** /²brate,baçe/

Dette namnet er lista opp som eit forsvunne namn i NG. Namnet er nemnt i DN (XV 150), og i H. J. Wille (1786:302–303) sitt kart over Seljord er staden plassert mellom *Draghaug* og *Hovden*. Gardar, plassar og liknande er markerte med symbol for å vise kva dei er, men *Brattebakke* har inkje symbol, noko som indikerer at det er eit naturnamn. Ein informant seier at det finst ei segn om *Brattebakke*, uttala /²brate,baçe/, som seier at dette skal ha vore ein gamal gard sør for *Førnes*, under dagens vasstand. Informanten tenkjer seg at namnet kjem av at det var bratt der, og slår fast at det er eit bratt parti frå *Førnesnuten* og sørover.

Om garden har funnest eller ikkje, er vanskeleg å seia. Namnet er uansett samansett av *bratt* adj. + *bakke* m., og må koma av den bratte bakken informanten nemner.

5.1.7 Gardsnummer 161 – Hovden

161/1 – Nordigard Hovden /¹nu:ri,ga:r ²høvdn/ + **161/2 – Sudigard Hovden** /¹sø:i,ga:r ²høvdn/

Gnr./bnr. 161/1 og 161/2 er førte opp som høvesvis *Hovden nordre* og *Hovden søndre* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtane *Hovden* (prioritert) / *Hovden nørdr* og *Killinghovden* registrerte som høvesvis bruk og eigedom same stad. I NG er matrikkelforma *Killinghovden* og *Kollungshofdhæ* frå DN (XV 126 1520) førte opp, men garden skal bli kalla *hø`vden*. Rygh skriv vidare at det opphavlege namnet må ha vore *Kollungshøfði*, og at fyrsteleddet kan koma av genitivsforma av mannsnamnet *Kollungr*. Sisteleddet skal koma av *hovde* 'framstående berg, rund bergtøpp'. Rygh er usikker på korleis forma *Killinghovden* har dukka opp, men han spekulerer i om det kan vera påverknad frå to namn med *Killing-* som fyrsteledd i dåverande Rauland sokn. Desse gardane skal au ha vore øydegardar etter svartedauden, og er lista opp som det i 1520. I stadnamnarkivet er uttalene *hövdän* (1951 og 1982), *nór hø`vden* (1963), *su hø`vden* (1963) og *ki`llenghövden* (1963) førte opp. Her står au at øya før oppdemminga var eit nes som var lett å stengje av, og at dei derfor kunne sleppe killingar ut på beite der, noko som har gjeve opphav til namnet *Killinghovden*. Berge (1940:71) fører opp uttala *Kjelinghövden*. Informantane uttalar namna /¹nu:ri,ga:r (²høvdn)/, /¹sø:i,ga:r/, /²nu:r,høvdn/ og /²sø:,høvdn/. Ein informant seier at det er sjølve øya som heiter *Hovden*, mens gardane berre blir kalla *Nordigard* og *Sudigard*.

Hovden kjem av *hovde* m., truleg av *Hovdenuten* på same øy. Appellativet *hovde* er eit hokjønnsord i Tinn (Norsk Ordbok s.v. *hovde*), noko eg au registrerte under intervju med informantane. Uttala med endinga *-en* er truleg skriftpåverka. *Nordigard* og *Sudigard* er nok gardens namn, mens



Nordigard Hovden og *Sudigard Hovden* er bygdas nam

Hovden Søndre må vera matrikkelformer, for det er tvilsamt at uttala har vore med utmerkingsledda etter hovudleddet. Angående dei tidlegare formene med *Kollung-/Kiling-* er det vanskeleg å seia kva dei kan koma av. I tråd med det som står i stadnamnarkivet, ser det ut til at det kan ha vore lett å stengje av neset, sjå kart 4, men dette høyrer folkeetymologisk ut. Forma frå DN med binde-s talar for at mannsnamnet *Kollungr* er opphavet.

161/3 - Laksabotn /²laksa,bøtn/

Gnr./bnr. 161/3 er ført opp som *Laksaabotnen* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Laksåbotn* registrert som botn same stad. I stadnamnarkivet er skrivemåten *Laksabotn* og uttala *la 'ksabòtn* (1963) førte opp. Her står au at dette er namn på ein botn attmed ei veldig god fisketjørn kalla *Laksatjørn*, at fyrsteleddet står i genitiv og at *laks* særskilt blir bruka om stor aure i Telemark. Ein informant nemner *Laksabotn*, og hen uttalar namnet /²laksa,bøtn/. Informanten sa ikkje noko om kva namneobjekt bnr. 3 var knytt til. Fyrsteleddet assosierte hen med «vanleg» laks, men tykte dette var eit merkeleg namn, sidan det aldri har vore laks på Møsstrond. Hen poengterte au at *Laksa-* er eit eige ledd, og namn på dagens kart som *Laksåi*, skal eigentleg vera *Laksaåi*.

I dag er dette berre ein botn som heiter *Laksabotn*, men namnet har vore i matrikkelen sidan 1886, og har truleg vore namn på eit beiteområde. Det kan godt ha vore stor aure i vatnet der, og det har ifylgje gamal grunnbok vore bra nok fiske til å hatt eit fiskeri der tidlegare. Ein finn au ei tjørn lenger nord på Møsstrond som heiter *Mortåtjønni*, der *mort* ifylgje stadnamnarkivet tyder 'liten aure', så auren ser ut til å bli kalla ulike ting avhengig av storleiken. Sisteleddet er *botn* m., og det er ein tydeleg botn inn mot Magnusgrønutane.

5.1.8 Gardsnummer 162 – Hamaren

162/1 - Hamaren /²ha:marn/ /²ha:man/

Gnr./bnr. 162/1 er ført opp som *Hammeren* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtene *Hamaren* og *Hammeren* registrerte som gard same stad. I NG er matrikkelforma *Hammeren* og uttala *hå`mâren* førte opp. Rygh skriv at ei segn seier at namnet kjem av ein stor spikarhamar som blei driven av vatn. I stadnamnarkivet er uttala *ha`maren* (1951 og 1963) ført opp. I bustadnamnregisteret er uttala *håmâr'n* (1956) ført opp med merknaden «I Tinn». Andre oppføringar av segna seier at den vassdrivne hamaren blei bruka til å slå ut jarn med, eksempelvis Berge (1940:98). Informantane uttaler namnet /²ha:marn/ og /²ha:man/, altså med noko variasjon mellom retrofleks og ikkje-retrofleks uttale i utlyden. Ein informant sa at dei gamle uttala namnet med kort rotvokal etter tinnmål. Fleire informantar nemner den vassdrivne hamaren som eit mogleg opphav, men alle desse påpeikar at dette er ei segn. Sjølve hamaren skal ha vore i Lysåi mellom Hamaren og Varmevoll, og nytta vasskrafta derifrå. Somme av informantane seier at det er meir sannsynleg at namnet kjem av *fjellhamar* 'bratt fjellknaus', sidan det ligg ein stor og bratt nut like bakom garden. Denne nuten blei likevel kalla /²su:l,nɛ:tn/.

Hamaren kjem av *hamar* m. men ein kan tolke dette som både fjellformasjonen og reiskapen. Det finst mange spor etter jarnutvinning på Møsstrand, men Martens (1988:16), skriv at ein vassdriven hamar som i segna ikkje kan vera eldre enn nyare tids bergverksdrift, altså tidlegast 1500-talet. Om den vassdrivne hamaren gav namn til garden, må altså namnet vera frå etter svartedauden. Kjem namnet av fjellformasjonen, kan det vera eldre. Det kan godt hende det var ein vassdriven hamar på staden i tidleg nytid, så segna treng ikkje vera oppspinn. Når det likevel er ein bratt fjellknaus bakom garden, og gardsnamn av fjellformasjonen er så utbreidde som dei er i Noreg, trur eg det er mest sannsynleg at namnet kjem av *fjellhamar*.

162/2 - Navarsgard /²na:varɕ,ga:r/ /²na:vars,ga:r/.

Gnr./bnr. 162/2 er ført opp som *Navarsgard* i dagens matrikkel, og i SSR er same skrivemåten registrert som gamal busetjingsplass same stad. I NG er matrikkelforma *Navarsgaard* og uttala *nå`vârsgār* førte opp. Rygh skriv vidare at namnet kjem av

mannsnamnet *Navar*, av tidlegare *Nafarr*, og at sisteleddet feilaktig har vore forveksla med *-skard*. I stadnamnarkivet er uttala *ná`vársǵār* (1951) ført opp. Her er au ei oppføring frå 1963 som skriv *Navarsskard*, uttala *na`varsskar*, om ein gamal bustad same stad. Namnet går dei ut ifrå skal koma av *nov*, om berg som liknar på ei husnov. I bustadnamnregisteret er au uttala *ná`vársǵāt* ført opp med merknaden «I Tinn». Berge (1940:75) har ført opp uttalene *navarskar* (Rauland) og *naavaarskar* (Møsstrond). Dei fleste informantane som nemner namnet, uttalar det /²na:varʂ,ga:r/, men eg registrerte au /²na:vars,ga:r/. Somme sa at fyrsteleddet kjem av mannsnamnet *Navar*, fordi det var ein mann som heitte dette som fyrst busette seg der.

Navarsgard må vera samansett av mannsnamnet *Navar* + *gard* m. *Navar* er truleg ein historisk person, og er nemnd blant anna i Wille (1786:60). Sjå Berge (1940:104) for fleire oppføringar. Tolkinga i stadnamnarkivet frå 1963 er nok ei feiltolking. Eg har sjølv vore på staden, og eg kunne ikkje sjå noko i terrenget som utmerka seg som ei fjellnov. Som Rygh skriv, kan sisteleddet bli (feil)tolka som *skard*, men uttala med [k] må vera eit resultat av at [g] blir gjort ustemd av [s] framom seg, jf. innleiinga i kapittel 5. *Navarsgard* ligg for så vidt ved eit skard som går oppover fjellsida, men å tolke sisteleddet som *gard* verkar meir rimeleg.

162/3 - Skindalen der nord /²fj:n,da:l̥n,de:r nu:r/ + **162/4 - Vestre Skindalen** /²vestre ²fj:n,da:l̥n/

Gnr./bnr. 162/3 og 162/4 er høvesvis førte opp som *Skindalen Østre* og *Skindalen Vestre* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtane *Skindalen* og *Vestre Skindalen* registrerte som høvesvis bruk og dal. I NG er matrikkelforma *Skindalen* og uttalene *sjí`ndalen* og *sjé`ndalen* førte opp om bnr. 3. Rygh skriv vidare at fyrsteleddet må vera inkjekjønnsordet *skin* 'skin, glans'. I stadnamnarkivet er uttalene *óy`stre sjí`ndāl̥n* (1951) og *øy`stri/ve`stri skje`ndalen* (1963) førte opp. Informantane uttalar namna /²fj:n,da:l̥n/ og /²fj:n,da:l̥n/. Ein informant seier at det låg to gardbruk tett innmed kvarandre i dalen Austre Skindalen, og desse blei berre

kalla /de:r nu:r/ og /de:r sæ:/ av dei som budde der. Nordgarden er den eldste, og då dette bruket blei oppretta, heitte det berre *Skindalen*. Då sørgarden blei oppretta, heitte denne *Skinelii*, uttala /²ʃi:ne,li:i/, men dette namnet har visst ikkje blitt bruka munnleg. Ein annan informant sa at namna *Nordre Skindalen / Skindalen der nord* og *Søndre Skindalen / Skindalen der sud* blir bruka om gardane. Dei informantane som uttala seg om opphavet til namnet, trudde au namnet kom av *skin* 'glans', sidan det kan skine i dei blankskurde fjella i dalen. Ein informant sa spesifikt at det om sommaren kunne bli danna dogg på desse berga, og at dei glinsar i sola om morgonen. Same informanten sa likevel at *Skin-* kunne ha ei anna tyding, nemleg at gras *skin* (turkar, visnar), men hen trudde mindre på denne tydinga enn den førre.

Austre Skindalen og *Vestre Skindalen* ser i hovudsak ut til å vera namn på eigedomar/febeite, som har same namn som dei to dalane. Bureisingsbruket i *Austre Skindalen* er frå 1936 (Rauland Historielag, 2003:13), og heiter *Skindalen*. Då det blei oppretta ein ny bustad like sørom, blei det praktisk å spesifisere noko meir, og dei som budde der sa då *Der nord* og *Der sud* om dei to bruka. Dette må vera gardens namn på bustadane. Som informantane oppgjev, er bygdas namn på bustadane *Nordre Skindalen / Skindalen der nord* og *Søndre Skindalen / Skindalen der sud*. Som eine informanten seier, har sørgarden heitt *Skinelii* på papiret, men dette namnet har tydelegvis ikkje vore utbreitt munnleg. Sisteledet i *Skindalen* er *dal* m. Fyrsteledet må vera *skin* som kjeldematerialet seier. Ut ifrå informantopplysningane verkar det som om dalen med dei skinande berga sine er primærnamnet, men det kan tenkjast at vatnet au har skine. Tolkinga 'visne' er lite truleg, då det er usannsynleg at det har vore febeite i ein dal der graset visnar. Sjå under *Skinnarland* for uttala av gno. *sk*.

5.1.9 Gardsnummer 163 – Kåvesand

163/1 - Varmevoll /²varme,vøl/

Gnr./bnr. 163/1 er ført opp som *Kovesand M/Hamre/Nystøl/Varmev* i dagens matrikkel. Denne kompliserte oppføringa kjem av at stølane *Hamre*, *Nystøl* og *Varmevoll* har blitt ført opp saman med garden *Kovesand* i matriklane. *Kovesand* er opphavet til namnet på gnr. 163,

men i dag ligg denne garden på eigedomen til 163/2. I SSR er skrivemåten *Varmevoll* registrert som bruk. I stadnamnarkivet er uttalene *va`rməvōddən* (1951) og *va`rmevōll* (1963) førte opp. Her står au at namnet er bruka om eit bureisingsbruk i dag, men at det var bruka om ein støl under *Hamaren* tidlegare. I stadnamnarkivet finn eg seks andre stadar som heiter *Varmekro* i Rauland herad, ein av dei ved *Kråmviki*, og alle blir skildra som logne og solvarme stadar. I bustadnamnregisteret er uttala *varr`məvōll* (1956) ført opp, og her står at det er ganske lognt der. Informantane uttalar namnet /²varme,vəl/. Fleire informantar tenkjer seg at fyrsteleddet kjem av at plassen ligg lognt til, slik at det er varmt og koseleg der. Ein annan informant seier likevel at hen ikkje trur det er varmare der enn andre stadar på Møsstrand, og tenkjer seg at namnet heller er valt ut fordi det høyrer koseleg ut. Fleire informantar stadfestar at namnet opphavleg var om ein støl, og at bureisingsbruket har namn etter denne.

Namnet *Varmevoll* var altså opphavleg namn på ein støl under *Hamaren*. Vollen denne stølen låg på, er no neddemd, men då det blei bygd bureisingsbruk like ovanfor, tok bruket namnet *Varmevoll* frå stølen. Angående fyrsteleddet finn eg berre *varme* m. som sannsynleg opphav. Det er umogleg å vita korleis forholda var på stølen før oppdemminga, men han kan då ha lege ein solvarm og logn plass. Sisteleddet er *voll* m. Uttala med *dd* frå 1951 ser ikkje ut til å finnast meir, truleg etter påverknad frå Austlandet, jf. kap. 6.1.

163/2 - Kåvesand /²ko:ve,san/ /²ko:ve,sand/

Gnr./bnr. 163/2 er ført opp som *Hovedbølet* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Kovesand* vedteken som gard same stad. I NG er matrikkelforma *Kovesand* og uttala *kå`vesann* førte opp. Vidare skriv Rygh at fyrsteleddet kanskje kan vera hankjønnsordet *kove* 'kammer, lite rom'. I stadnamnarkivet er uttala *kå`vesand* ført opp. Her står au at namnet kjem av tidlegare **Kalvasand*, om sand i kalvebeite. I bustadnamnregisteret står det at *Kovesand* er ei sandstrand, og både *kove* og *kalv* blir nemnde som moglege opphav til fyrsteleddet. Her står au at stranda ligg i ein kvæv (skålforma søkk), og at det nok kunne vore godt kalvebeite i området. Berge (1940:140) skriv at DN (V 261) fortel om heilagmenne som

budde i kovar, altså einebuarhytter, i Tinn og Tuddal, og at det godt kunne vera ein slik kove på Møsstrond au. Informantane oppgjev både *Kovesand* og *Kåvesand* som skrivemåte. Både skrivemåtane var kjende, men det råda uvisse blant dei fleste om kva for ein som var den korrekte. Av uttaler registrerte eg omtrent like mange /²ko:ve₁sann/ som /²ko:ve₁sand/. Fleire informantar assosierte fyrsteleddet med *kalv*. Ein informant sa likevel at fyrsteleddet ikkje kunne ha samanheng med *kalv*, sidan folk på Møsstrond aldri har uttala dette ordet /ko:v/, slik det blir gjort på Rauland.

Sisteleddet er *sand* m. Både i Skulerud (1918:94) og målføresynopsisen står det at *kove* har uttaleforma *ka`vē`* (sjå kap. 2.1.1 for trykk i endestaving) i Tinn, der rotvokalen er eit resultat av jamning av den oblike forma *kofa*. Ei uttale i tråd med tinnmål ville dermed vera /²ka:ve₁san(d)/. Ei uttale i tråd med vinjemål ville ha vore /kø:ve₁san(d)/, med /ø/ av kort o. Dermed verkar det lite sannsynleg at opphavet er *kove*. Når det gjeld *kalv*, blir dette appellativet ifylgje målføresynopsisen uttala *kaʎv* i Tinn og *kåv'(e)* i Vinje, så om *kalv* er opphavet, kan ikkje *Kåvesand* vera eit resultat av tinnmål. Om ein jamfører uttala i Vinje med *halv*, ser ein frå målføresynopsisen at *a* og *l* har heldt seg i Vinje hovudsokn og Grungedal, mens ein har *håv'(ə)* på Nesland, sør for Rauland. Lengd/runda vokal og bortfall av *l* framom *v* verkar altså vera mest gjennomført i Rauland herad. Eg trur det mest trulege er at fyrsteleddet kjem av *kalv*. Om namnet er frå før svartedauden, må *-alv-* ha hatt same utvikling som på Rauland, som blir rekna som vinjemål. Om namnet er frå etter svartedauden må namnet ha blitt danna av ein brukarkrins med vinjemål som talemål, sidan ein ville få ei uttale med *-lv-* ut ifrå tinnmål, jf. *Halvtekkja* i kap. 5.2. Namnet må jo koma av ei strand, og då svartedauden la Møsstrond aude, kan det hende strandnamnet *Kåvesand* framleis blei bruka av folk som ferdast i området, fram til det blei gard der utover tidleg nytid. Ein veit uansett for lite til å gjera anna enn spekulere.

163/4 - Nordli /²nu:r₁li:/

Gnr./bnr. 163/4 er ført opp som *Nordlid* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Nordli* registrert som bruk same stad. I stadnamnarkivet er uttala *nó`rlí* (1951 og 1963) ført opp. Informantane uttalar namnet /²nu:r li:/.


Nordli er eit bureisingsbruk frå 1939 (Rauland Historielag, 2003:13). Namnet er samansett av himmelretninga *nord* + *li* f., og garden ligg i ei li som går nordover.

5.1.10 Gardsnummer 164 – Juvik

164/1 - Juvik /²jʉ:vi:k/ /²jʉ:vik/

Gnr./bnr. 164/1 er ført opp som *Gjuvik Søndre* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Juvik* registrert som gard same stad. I NG er matrikkelformene *Gjuvik* og *Giuvig* (1723) og uttala *jú`vík* førte opp. Rygh skriv vidare at det gamle namnet truleg er *Djúpvík*, som har fått mange forskjellige skrivemåtar med tida. I stadnamnarkivet er uttala *ju`vík* ført opp. Her står au at dette er ein gard som var stor i gamal tid, og namnet skal koma av ei vik som går langt inn i lendet. Berge (1940:69) skriv at *Gjuve* (164/13) ligg like ved, og at inkjekjønnsorda *gjúv* og *gljúfr* au kan vera moglege opphav. Dei fleste informantane uttalar namnet /²jʉ:vi:k/, men somme seier au /²jʉ:vik/. Fleire informantar trur namnet kjem av *juv*, men ein informant seier at *Juvik* og *Juve* kjem av to forskjellige *juv*.

Sisteledet er *vik* f. Fyrsteledet må anten koma av inkjekjønnsordet eller adjektivet *djup* eller inkjekjønnsordet *juv*. Vika garden låg i, var langt nord langs Møsvatn, vekk ifrå dei fleste hine gardane som ligg lenger sør. Slik sett kan tolkinga om at vika låg djupt inn i lendet passe. Vika namnet refererer til er jo borte i dag, men i kart 5 kan ein få inntrykk av djupna i vika, omtrent 18 meter lågare enn i dag. Ein ser at det djupnar mykje ned frå ei krumming utanfor garden. Når det gjeld



juv, brukar både Aust- og Vest-Telemark ordet om 'fjellkløft', men i Tinn kan ordet au tyde 'bratt bakke, skrent'. Om terrengformasjon ovanfor *Juvik* oppfyller krava til å vera eit *juv*, kan diskuteras, men det er heilt klart ein bratt bakke opp bakom garden, og nabogarden *Juve* er namngjeven etter eit *juv* der. Dersom fyrsteleddet kjem av *djup* må *p* ha falle bort med tida, jf. *Gjøvik* (NSL s.v. *Gjøvik*). Det er gjort funn som vitnar om busetnad på plassen frå vikingtid/mellomalder, men det som i dag er *Juvik*, blei ikkje busett før 1660 (Rauland Historielag, 2011:42). Både *djup* og *juv* er språkleg sett moglege opphav, og båe skildrar terrenget ved garden godt, så eg vil ikkje avskrive nokon av dei. Men er namnet frå etter svartedauden, må fyrsteleddet vera *juv*.

164/2 - Liset /²li:,sæ:t/

Gnr./bnr. 164/2 er ført opp som *Gjuvik Nordre* i dagens matrikkel. I SSR er skrivemåten *Liset* registrert som bruk same stad. I stadnamnarkivet er uttalene *li^hset* (1951 og 1963) og *li^sæt* (1963) førte opp. Her står au at garden i skrift har blitt kalla *Gjuvik Nørdre/Nørdre Gjuvik*, og at namnet skal koma av gno. *setr* 'bustad'. Informantane uttalar namnet /²li:,sæ:t/. Ein informant seier at *Liset* opphavleg var namn på ein gamal støl, og at det ikkje er lenge det har vore gard.

Liset er samansett av *li* f. + *set* n. Dette var nok namn på ein støl tidlegare, men er no nytta om bruket som ligg der i dag.

164/3 - Li /li:/ /¹li:i/

Gnr./bnr. 164/3 er ført opp som *Li* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtane *Lii* (prioritert) og *Li* registrerte som bruk same stad. I matrikkelnotata sine har Rygh ført opp uttala *Líe*. I stadnamnarkivet er uttala *li* (1963) ført opp. Berge (1940:73) nemner au denne garden, og han skriv at uttala er *li^h*. Dei fleste informantane uttaler namnet /li:/, men uttala /¹li:i/ førekom au.

Namnet kjem av *li* f. Namnet har både blitt skriva og uttala med bestemd og ubestemd form, men det verkar som om den ubestemde forma er mest utbreidd i dag.

164/11 - Vårli /²vo:r,li:/

Gnr./bnr. 164/11 er registrert som *Lid* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Vårli* registrert som bruk på denne eigedommen. I stadnamnarkivet er uttala *vå`rlí* (1963) ført opp. I bustadnamnregisteret er uttala *vår`li* (1956) ført opp. Informantane uttalar namnet /²vo:r,li:/. Det er noko uvisse rundt namneopphavet, men somme informantar trur fyrsteleddet kan ha med at det tidleg vârast der. Ein informant tenkjer seg at namnet er valt ut fordi det høyrer fint ut. Fleire informantar seier at det var ein støl der som blei dyrka opp, og at *Vårli* dermed er eit nytt namn. Stølen skal ha heitt *Tullestøyl*. jf. kap. 5.2.

Vårli er eit bureisingsbruk frå 1945 (Rauland Historielag, 2003:13). Det kan tenkjast at bruket tok opp eit gammalt namn, men dette finn eg ikkje teikn til. Om namnet er nytt, er det nok samansett av *vår* m. + *li* f.

164/13 - Juve /²jʉ:ve/

Gnr./bnr. 164/13 er ført opp som *Juve* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Gjuvet* registrert som bruk same stad. I matrikkelnotata sine skriv Rygh at dette bruket blei kalla *Júvi*. I stadnamnarkivet er uttalene *ju`ve* (1951 og 1963), *ju`ve* (1963) og *ju`vi* (1963) førte opp. Her står au at garden ligg på vestsida av eit bekkejuv. Om ein gard med same namn i er vassgov, om ein bratt og trong lut av eit rennande vassføre. Berge (1940:69) legg fram *gjúv* 'djup og trong dal' og *gljúfr* 'bergklov' som moglege opphav til namnet. Informantane uttalar namnet /²jʉ:ve/. Fleire av dei sa at juvet *Kyrbekkjuvet* ligg attmed garden.

Ifylgje gamal grunnbok låg *Juve* under dagens 164/2 *Gjuvik Nordre* fram til 1947, då det blei skilt ut som eige bruk med bnr. 13. Namnet kjem av *juv* n., og må sikte til at garden ligg attmed *Kyrbekkjuvet*. Kanskje hadde juvet og garden same namn ein gong, jf. 155/1

Torvetjønn, men så fekk juvet utmerkingsledd i etterkant for å differensiere namneobjekta. *Juve* er ei stivna dativform, med tonem 2 i staden for tonem 1 slik ei nominativsform ville hatt. Oppføringane i stadnamnarkivet vitnar om at uttala med tonem 2 kanskje vik for ei uttale med tonem 1, men alle informantane mine heldt på fyrstnemnde.

5.1.11 Gardsnummer 165 – Argehovd

165/1 – Mogen /¹mu:gen/ /¹mu:jen/

Gnr./bnr. 165/1 er ført opp som *Argehovd (Mogen)* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Mogen* registrert som turisthytte same stad. I matrikkelnotata sine har Rygh ført opp uttala *Mógen*. I stadnamnarkivet er uttala *mójen* (1963) ført opp, og her står det at garden ligg på ein mo. I bustadnamnregisteret er uttala *mō'gæn* (1956) ført opp.

Informantane uttalar namnet både /¹mu:gen/ og /¹mu:jen/. Dei seier au at namnet kjem av *mog*, og at dette har vore ein gamal gard.

Mogen kjem av *mo* m. I Numedal og mesteparten av Telemark blir ordet uttala /mu:g/ (NSL s.v. *mo*).

165/2 – Argehovd /²arge,høvd/

Gnr./bnr. 165/2 er ført opp som *Argehovd Nordre* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Argehovd* registrert som gard same stad. I NG er matrikkelforma *Argehovd* og uttala *a`rghøvd* førte opp. Rygh skriv vidare at opphavet kan vera **Arðgihøfði*, der fyrsteleddet tyder 'stille på ende, i opprett stilling', og siktar til svært bratt terreng. Han ser på *arg* 'slem' som lite sannsynleg. I stadnamnarkivet er uttalene *a`rgehøvd* (1963) og *a`rgehøvda* (dativ) (1963) førte opp. Her står au at namnet truleg er halvemål av **Hargehovd*, om ein rundvoren berghamar, ei horg. Berge (1940:65) skriv at fyrsteleddet truleg kjem av *arg* 'vrang, vondsleg'. Han skriv au at namnet er av tinnmål, sidan *hovde* ikkje er i bruk på Rauland. Informantane uttalar namnet /²arge,høvd/. Fleire seier at det er ein nut like ved som heiter *Argehovda*, og at garden har fått namn etter denne. Eit par informantar seier at namnet tyder 'fjellet som stengjer', sidan det er bratt rundt nuten og ein tidlegare måtte gå rundt nordsida for å koma inn Kvenndalen. Ein av desse nemnde au tydinga 'fjellet som står på

enden'. Ein annan informant assosierer fyrsteleddet med *arg* 'morsk', sidan nuten er stor og mørk. Sisteleddet er eit hokjønnsord i talemålet til informantane.

Nuten *Argehovd(a)* er svært iaugefallande i området ved garden, og garden må ha blitt oppkalla etter nuten. Sisteleddet er *hovde* m. Fyrsteleddet rådar det meir uvisse rundt. Språkleg sett er *arg* 'morsk' eit mogleg opphav, men sjølv om ein kan forstå at nuten kan ha eit argt uttrykk, er dette eit uvanleg ord å danne namn av, og let folkeetymologisk ut. Det finst eit fjell i Tinn som au heiter *Argehovd*, men dette skil seg ifrå nuten på Møsstrond ved at det er avlangt og mykje slakare. Det opphavet NG legg fram, høver godt for nuten på Møsstrond, men fjellet i Tinn kan neppe seiast å vera stilt på ende. *Horg* kan tyde både 'knaus (med bratte sider og flat topp)' og 'langvore, breitt, snautt høg fjell', og dette er tydingar som for så vidt passar til høvesvis nuten på Møsstrond og fjellet i Tinn. Men som Heide (2014:43–44) skriv, er namn som inneheld *horg* sterkt knytte til barrierar eller grenser i landskapet, og blir nytta der for å skilje område med ulik symbolsk status. *Argehovd* på Møsstrond stengjer, som informantane seier, vegen inn Kvenndalen, og fungerer slik sett som ei barriere. Ut ifrå rektangelmålingar frå 1847 og 1848 ser ein at *Argehovd* i Tinn låg omtrent på grensa mellom to prestegjeld. Eg ser dermed på det som sannsynleg at fyrsteleddet i namnet til både nuten og fjellet kjem av *horg* m. og tyder 'grense, barriere'.

5.1.12 Gardsnummer 166 – Vollan

166/1 - Vollan /²vølan/

Gnr./bnr. 166/1 er ført opp som *Voldene Østre* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Vollan* registrert som annan kulturdetalj same stad. I NG er matrikkelforma *Voldene* og uttala *vø`llann* ført opp. I stadnamnarkivet er uttala *vò`llann* (1963) ført opp, og her står at dette er samnamn på dei no nedlagde gardane *Syndre Vollan* og *Nørdre Vollan*, der det budde folk for rundt hundre år sidan. I bustadnamnregisteret er uttala *vøll`an* (1956) ført opp, og her står at det er nokså flatt der. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar det /²vølan/.

Vollan kjem av *voll* m. Det ser au til at det var ein nordgard og ein sørgard her, men desse har eg ingen uttaleopplysningar om.

5.1.13 Gardsnummer 167 – Førnes

167/1 - Aust-Førnes /æʊst,fø:rne:s/ + **167/4 - Vest-Førnes** /vest,fø:rne:s/

Gnr./bnr. 167/1 og 167/4 er ført opp som høvesvis *Førnes Nedre* og *Førnes Øvre* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtane *Førnes austre* / *Førnes* (prioritert) og *Førnes vestre* registrerte som bruk innanfor eigedommen til høvesvis 167/1 og 167/4. I NG er matrikkelforma *Førnes* og uttala *fø`rnes* førte opp. Rygh skriv vidare at namnet kan ha kome av **Fyrines*, der fyrsteleddet er inkjekjønnsordet *fyr* 'ein stad med furuvokster'. Han legg au fram **Føranes* som eit mogleg opphav, av adjektivet *førr* 'framkomeleg'. I stadnamnarkivet er uttala *fø`r`nes* (1947, 1951, 1963 og 1983) ført opp. Her står au at garden før oppdemminga var delt opp i *Uppigard Førnes* og *Nigard Førnes*, men sistnemnde er no neddemd. Då dette hendte, blei det bygt nytt på ein plass som heitte *Staulslid*, jf. *Staulslii* kap. 5.2, og i dag blir dette kalla *Aust-Førnes*. Informantane uttalar namnet /²fø:rne:s/ og /²fø:ne:s/ og utmerkingsledda /æʊst/ og /vest/. Informantane var usikre på kva fyrsteleddet kom av. Ein informant seier at namnet *Vest-Førnes* blei til som eit resultat av at *Aust-Førnes* blei bygd.

Førnes ser ut til å opphavleg ha vore namn på éin gard. I 1891 blei bnr. 4 skilt ut frå bnr. 1, men sidan både desse heitte *Førnes*, blei det nødvendig å skilje mellom dei. Bruk 1 blei då kalla *Nigard Førnes*, og bruk 2 blei kalla *Uppigard Førnes*. Då *Nigard Førnes* blei neddemd på starten av 1900-talet, blei det igjen berre ein *Førnes*-gard, og det ser ut til at bruk 4 mista funksjonsleddet *Uppigard*, og berre blei heitande *Førnes* etter dette. Men då det blei reist bureisingsbruk på eigedommen til bruk 1 att, blei det igjen behov for å skilje dei to bruka, og sjølv om somme berre omtalar bruk 4 som *Førnes*, seier fleire *Aust-Førnes* om bruk 1 og *Vest-Førnes* om bruk 4, sidan dei ligg austom og vestom kvarandre. Sisteleddet er *nes* n. Om fyrsteleddet kjem av *fyr* må rotvokalen ha blitt senka til ø, noko som kan førekoma både i Tinn og nordaust i Vinje, jf. kap. 2.1.2. Det er mest bjørkeskog på Møsstrand, så eit nes med furu kan ha vore merkbart nok til å bli namn av.

167/2 - Galar /²ga:lar/

Gnr./bnr. 167/2 er ført opp som *Gaarder* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtene *Gardar* (prioritert) og *Galar* registrerte som bruk same stad. I matrikkelnotata sine har Rygh ført opp uttala *Gālar*. Ei rektangelmåling frå 1849 har ført opp namnet med ein skrivemåte som markerer tjukk *l*. I stadnamnarkivet er uttala *ga`lar* (med tjukk *l*) (1963) og *gā`lar* (1951 og 1983) førte opp. Her står au at namnet aldri blir uttala med *rd* av bygdefolket. Berge (1940:68) oppgjev uttala *Galar*, og skriv at namnet kjem av gno. pl. *Garðar* 'inngjerda stykkje, gard'. Fleire informantar seier at *Gardar* er ein feilaktig skrivemåte, og at bygdefolket skriv namnet *Galar*. Av uttaler registrerte eg berre /²ga:lar/, men når informantane uttala skrivemåten *Gardar*, sa dei /²gardar/, ikkje /²ga:rar/ slik appellativet blir uttala. Dei fleste informantane var usikre på opphavet til namnet, men somme kopla det til *gard*. Ein informant sa au at hen trudde forma *Galar* kunne koma av tjukk *l* for *rð* frå Tinn.

Namnet må koma av *gard* m. Stadnamn av *gard* i ub.fl. er det få av, og desse høyrer heime på Austlandet (NSL s.v. *gard*). I Vinje finst berre *Galar* på Møsstrond. Då Møsstrond fekk busetting att etter svartedauden, skal det ha flytt ein numedøl til *Galar* (Kostveit, 2000:49), og eg vil tru det var han som gav garden namnet. Uttala av namnet i dag vitnar om at namnet tidlegare blei uttala med tjukk *l* og *-r* i bøyingsendinga, noko som samsvarar med uttala i Numedal (Ross, 1907:9). I dag finn ein ikkje tjukk *l* i talemålet på Møsstrond, men *Galar* har no ei uttale med *l*, ikkje *r* som appellativet *gard* har. Dette kan ha med at tjukk *l* og *l* blir oppfatta å vera nærare kvarandre enn tjukk *l* og *r*, og ein har hatt ei liknande utvikling med ordet *juling*, gno. *gyrða*, som blir uttala med /*l*/. Sjå kap. 6.2 for ein grundigare gjennomgang. Ut ifrå uttaleopplysningane over er det nok ikkje lenger enn eit par generasjonar sidan namnet blei uttala med tjukk *l* av dei som hadde lyden i talemålet sitt.

5.1.14 Gardsnummer 168 – Vågen

168/1 - Sud-Vågen /²sʰ:,vo:gn/ /²sʰ:,vo:jn/ + **168/4 - Nord-Vågen** /²nu:,rvo:gn/ /²nu:,rvo:jn/

Gnr./bnr. 168/1 og 168/4 er ført opp som høvesvis *Vaagen Søndre* og *Vaagen Nordre* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtene *Vågen* (prioritert) / *Vågen sud* / *Søndre Vågen* og *Vågi* / *Vågen nord* registrerte som høvesvis gard og bruk same stad. I NG er matrikkelformene *Vaagen* og *Waagen* (1723) og uttala *vå'gen* førte opp. Rygh skriv vidare at garden ligg ved botnen av ein våg i Møsvatn. I stadnamnarkivet er uttala *vå'jen* (1951 og 1963) ført opp, og dette tidlegare ha vore namn på éin gard, som no er delt opp i *Nord Vågen* og *Sud Vågen*. Berge (1940:81) har ført opp uttalene *Vaagen* (Møsstrand) og *Vaagjen* (Rauland), og skriv at namnet kjem av gno. «*vaagr*» 'buktt'. Dei fleste informantane uttalar namna /²sæ:vo:gn/ og /²nu:rvo:gn/, men eg registrerte au hovudleddet med palatalisert velar. Ein informant kallar derimot gardane *Aust-Vågen* og *Vest-Vågen*, og seier samstundes at berre *Vågen* kan brukast om både to. Eit par informantar seier at sjølve vågen heitte *Vågekilen*, og ein av desse seier at denne no er neddemd, men at ein kan sjå han ved låg vasstand.

Vågen kjem av *våg* m., og før oppdemminga var det ein endå tydelegare våg ved gardane her. Frå ei rektangelmåling frå 1849 ser det ut til at dei to gardane låg aust og vest for kvarandre, akkurat slik dei gjer i dag, og utmerkingsledda *Sud-* og *Nord-* er dermed noko pussige. Det kan hende at desse namneformene er til etter påverknad av matrikkelen, som har skriva *Søndre* og *Nordre* sidan 1886. Likevel kallar ein informant gardane for *Aust-Vågen* og *Vest-Vågen*, og ut ifrå himmelretningane skulle ein tru dette var dei korrekte utmerkingsledda. Eg har merka meg fleire namn med himmelretningar som hovudledd som ikkje samsvarar med dei faktiske himmelretningane, blant anna frå Edland i Vinje der *Vestom* ligg sør for bygda. Anten har det vore ei feiloppfatning om himmelretningane på Møsstrand au, eller så har gardane lege annleis i forhold til kvarandre tidlegare.

168/5 - Lian (Toresgard) /²tu:res.ga:r/

Gnr./bnr. 168/5 er ført opp som *Lian* i dagens matrikkel, men dette ser berre ut til å vera eit matrikkelnamn, ikkje namn på ein bustad. I SSR er skrivemåten *Toresgard* registrert som bruk på denne eigedommen, og det er dette namnet eg går gjennom her. I stadnamnarkivet er

uttala *tō`rəs̥gār* (1951, 1963 og 1983) ført opp. Her står au at namnet kjem av ein mann frå Numedal som heitte Tore, som hadde kome i skade for mannedrap. Han rømde då til Møsstrand, og plassen han slo seg ned på, har fått namnet *Toresgard*. Informantane uttalar namnet /²tu:res,ga:r/.

Toresgard er samansett av mannsnamnet *Tore* + *gard* m. Det finst ei segn om *Tore* «*Veaskjol*», den fredlause mannen frå Numedal som skal ha rydda *Toresgard*, sjå Berge (1975:272, 492–493). Om dette er same mannen som *Toresgard* er kalla opp etter, er uvisst, og det er heller ikkje alt i segna som kan vera sant.

168/6 – Kvammen /¹kvamen/

Gnr./bnr. 168/6 er ført opp som *Kvammen* i dagens matrikkel, og i SSR er same skrivemåte registrert som bygg for jordbruk, fiske og fangst same stad. Rygh har ført opp uttala *`Gvammen* i matrikkelnotata sine. I stadnamnarkivet er uttalene *kva`mmen* (1951 og 1963) og *gva`mmen* (1963) førte opp. I bustadnamnregisteret er uttala *kvam'mæn* (1956) ført opp med kommentaren «[l]iten kvæv inn i bakken. Ope berre på ei side». Berge (1940:73) skriv *Gvammen* om namnet på Møsstrand, og at *kvam/gvam* er eit hankjønnsord på Møsstrand, men hokjønnsord i Vinje. Vidare skriv han at namnet kjem av inkjekjønnsordet *hvammr* 'kort dal eller senking omgjeve av høgder, så berre ei av sidene har opning'. Dei fleste informantane oppgjev skrivemåten *Kvammen*, men ein seier at namnet frå gamalt av blei skriva *Gvammen*. Av uttaler registrerte eg berre /¹kvamen/, men ein informant sa at far hans sa /¹gvamen/. Dei fleste informantane var usikre på kva namnet kjem av.

Kvammen må koma av *kvam* m., og terrengskildringa i bustadnamnregisteret stemmer godt overeins med dette. Jf. kap. 2.1.3 har gno. *hv* gått over til *gv* i tinnmål, og uttalene med *gv* er tinnuttale av *kvam*. Denne uttala ser ut til å ha vore i bruk inntil eit par generasjonar sidan, men som synt har uttala i dag blitt meir i tråd med vinjemål med *kv-*, jf. kap. 2.1.3. Likevel har namnet ei hankjønnsform og *a* framom nasal, til forskjell frå Vinje der *kvam* er eit hokjønnsord og ville hatt *å* av *a* framom nasal, eksempelvis gnr./bnr. 135/1 i Vinje, uttala

kvó'mmè (stadnamnarkivet, 1951). Uttala av namnet går direkte frå tinnuttale til vinjeuttale, ikkje via raulandsuttala *håmm*, moglegvis fordi *håmm* har gått over til vinjeuttale på Rauland au. Ein kan au leggje merkje til at både Rygh og heradsregisteret har ført opp uttaler med tonem 2.

168/13 - Austli /²æust,li:/

Gnr./bnr. 168/13 er ført opp som *Austlid* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Austli* registrert som bruk same stad. I stadnamnarkivet er uttala *óust`li* (1951, 1963 og 1983) ført opp. Informantane uttalar namnet /²æust,li:/. Ein informant seier at hen ikkje trur namnet har vore bruka om ein støl eller liknande tidlegare.

Austli er eit bureisingsbruk frå 1934 (Rauland Historielag, 2003:13). Namnet er samansett av himmelretninga *aust* + *li* f. Det ser ikkje ut som *lia* bruket ligg i går mot *aust*, så eg vil heller tru at fyrsteleddet refererer til kor bruket ligg i forhold til garden det blei fråskilt (tidlegare 168/2 *Vaagen Søndre*).

?? - Tuftin *tuf`tin* (1983)

I stadnamnarkivet er *Tuftin*, uttala *tuf`tin* (1983), ført opp, og her står det at dette er namn på ein gamal buplass, der ein har funne slagge og merke etter blåster, men at staden no er neddemd. Det er lite informasjon elles, og eg veit ikkje akkurat kor staden er. *Tuftin* må uansett koma av ub.fl. av *tuft* f.

5.1.15 Gardsnummer 169 – Hollvik

169/1 - Hollvik /²hølv,vi:k/

Gnr./bnr. 169/1 er ført opp som *Hollvik* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåtene *Holvik*, *Holvik østre* og *Hollvik* registrerte som gard same stad. I NG er matrikkelformene *Hollvik* og *Holvig* (1723) og uttala *hø`llvik* førte opp. Rygh skriv vidare at namnet truleg kjem av gno.

**Høll(u)vík*, samansett med adjektivet *hallr* 'hellande, skrånande'. Opphavleg refererer nemleg *vik* til innbuktinga til landet, ikkje vatnet i vika. Rygh legg au fram *hollr* 'hol, velvillig, gunstig' som eit mogleg opphav, men skriv at dette er mindre sannsynleg. I stadnamnarkivet er uttala *hò`llvík* (1949, 1963 og 1984) ført opp. Her står at fyrsteleddet truleg kjem av gno. *hollr* om ei logn vik, og at det er ei vik austanfor garden, som var tydelegare før oppdemminga. Utmerkingsledda som er førte opp i stadnamnarkivet, er *ves`trə* og *øs`trə* (1984). I bustadnamnregisteret er uttala *hòll`vík* (1956) ført opp, og bustaden skal liggje i eit fint hall, noko bratt ned til ei vik i Møsvatn. Berge (1940:70) har ført opp uttala *Hòllvík*. Informantane uttalar namnet /²hølvík/. Dei er usikre på kva fyrsteleddet kjem av, men somme tenkte seg at det kunne ha med adjektivet *hol* å gjera. Eit par informantar seier at det er to *Hollvik*-gardar, men der den eine seier det er ein nordgard og ein sørgard, seier den hin at det er ein austgard og ein vestgard.

Det har tidlegare vore to *Hollvik*-gardar med bnr. 1 og 2, men i dag er desse slegne saman under 169/1. Det er ein eigedom vest for *Hollvik* som heiter *Holvik vestre* (169/10), men her er det berre hytter i dag. Dei to gardane under 169/1 ligg aust og vest for kvarandre, og det ser ut til at ein har nytta utmerkingsledd for å skilje mellom dei, sjølv om dei fleste informantane berre seier *Hollvik* i dag. Ein skulle tru at desse utmerkingsledda er *vest* og *aust* i samsvar med himmelretningane, men om gardane har vore oppfatta å liggje nord og sør for kvarandre, kan utmerkingsledda ha vore *nord* og *sør*, jf. *Vågen* over. Sisteleddet er *vik* f., men sjølve vika er neddemd. Tolkinga i NG er problematisk, då ein skulle forvente nominativsforma *Halla-*, altså utan *u* og *u*-omlyd, i ei adjektivisk samansetning som dette. Det er likevel lagt fram at oblike adjektivformer kan erstatte nominativsformer som nemneform, dersom namna er frå eit tid der kasussystemet endå levde, og dersom den oblike forma blei nytta frekvent nok (Ge, 2021:57). Dette mogleggjer at fyrsteleddet kjem av adjektivet *hallr*, og i så fall må namnet vera frå før svartedauden. Ein finn namn med endingar frå oblik kasus i både vinjemål og tinnmål, jf. kap. 2.1.4, så om tolkinga stemmer, seier ho uansett ikkje noko om talemålet på Møsstrand før svartedauden. Som oppføringa i stadnamnarkivet seier, kan *Hollvik* au koma av *hollr* adj. Eg har ikkje informasjon om vika er logn, men det er då mogleg.

5.1.16 Gardsnummer 121 – Sundet (Tinn kommune)

121/4 - Sundet /¹sunde/

Gnr./bnr. 121/4 er ført opp som *Sundet* i dagens matrikkel, og i SSR er same skrivemåte registrert som bruk same stad. I NG er matrikkelforma *Sundet* og uttala *só'nde* førte opp. I stadnamnarkivet er uttala *só'ndi* (1963) ført opp. I bustadnamnregisteret er uttala *sonn'de* (1956) ført opp. Som kommentar har dei skrive *Sundstad*, men skriv ikkje meir om kva for namn dette er. Informantane uttalar namnet /¹sunde/. Fleire informantar seier at garden har namn etter sundet i Møsvatn like nedom.

Som informantane seier, kjem *Sundet* etter eit sund i Møsvatn like ved garden. Dette er framleis eit sund i dag, men var smalare før oppdemminga.

121/13 - Haugland /²hæug,land/ /²hæug,lan/

Gnr./bnr. 121/13 er ført opp som *Haugeland seterhavn m.m* i dagens matrikkel, og i SSR er skrivemåten *Haugeland* registrert som *seter/støl* same stad. Tidlegare har 121/13 vore ført opp som *Nystøl (m.m.)*, men dersom Einung (1926:92) har rett i at namnet *Haugland* kan vera så gammalt som frå vikingtida, er truleg *Nystøl* namn på eit anna namneobjekt. I stadnamnarkivet er uttala *hau`gland* (1963) ført opp, her står at dette er namn på eit gammalt husmannsbu. Informantane uttalar namnet både /²hæug,land/ og /²hæug,lan/. Ein informant seier at dette ikkje var ein ordentleg gard, men at det budde folk der tidlegare.

Haugland må ha vore bustad for folk ein gong, men det er noko uvisst om det har vore gardsdrift der eller ikkje. I nyare tid har *Haugland* vore støl. Namnet kjem av *haug m. + land* n.

5.2 Stølsnamn

Lista nedanfor er ført opp alfabetisk. Alle namna under har ein gong blitt nytta om stølar, men fleire har au vore namn på andre namneobjekt. Plassane dei låg er som regel tomme

eller har andre typar bygningar i dag. Av plassomsyn må eg avgrense området eg samlar inn stølsnamn frå, og eg tek berre med dei som høyrer til gardane/bruka i kap. 5.1. Det finst likevel stølar som ligg ved Møsvatn, som høyrer til gardar utanfor soknet, eksempelvis *Slåttebekk* og *Torva*, men desse blir då ikkje tekne med. Namneleddet *staul/støl* blir ikkje gått gjennom for kvart namn, men blir omtala i kap. 6.1.

Arastaul *stó`re a`rastaul* (1963) og *vęs`lǽ ā`rastòul* (1983)

I SSR er skrivemåtane *Arastaul* og *Arastane* (historisk) registrerte om eit bruk, og skrivemåten *Store Arastaul* er registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *stó`re a`rastaul* (1963) og *vęs`lǽ ā`rastòul* (1963 og 1983) førte opp. *Arastaul* er altså samnamn på to stølar, og båe har truleg høyrte til Bosbøen. Omtrent der *Vesle Arastaul* låg, ligg i dag bureisingsbruket *Aratun*. Ifylgje stadnamnarkivet kjem namna av *Arasteinen*, ei svært stor vandreblokk mellom stølane. Fyrsteleddet i dette namnet må koma av genitivsforma til gno. *ari* 'ørn'. Skrivemåten *Arastane* er importert frå matrikkelen til SSR, men eg finn ikkje skrivemåten att andre stadar. *Arastane* er vel ein måte å skrive *Arasteinen* på.

Bekkebukti

Vaa (2009:132) skriv at *Bekkebukti* er namn på ein støl, og han har truleg høyrte til anten Argehovd eller Mogen. Namnet må vera samansett av *bekk* m. + *bukt* f.

Bekkestaul /²beçe, stæul/ /²beçe, støyl/

Eg har registrert ni stølar som heiter *Bekkestaul*. To høyrde til Galar, to høyrde til Veisfitlii, og Hamaren, Kåvesand, Liset, Argehovd og Vollan hadde ein kvar. I SSR er skrivemåtar som *Bekkestøl*, *Bekkestøyl(en)* og *Bekkestaul(en)* registrerte om desse. I stadnamnarkivet er uttala *beķ`ķǽstòul* (1951, 1963 og 1983) ført opp for somme av stølane. Liset, Kåvesand og Hamaren sine stølar skal vera neddemde, og Galar sin nordre *Bekkestaul* er delvis neddemd.

Liset sin Bekkjestaul fungerte au som gard ein periode. Informantane uttala namna /²beçe ,støyl/ og /²beçe ,stæul/. Fyrsteleddet er *bekk* m.

Belarhaugen *bē`larhòujen* (1983)

Stølen er ikkje registrert i SSR, men lia same stad er registrert med skrivemåten *Belarhaugen*. I stadnamnarkivet er uttala *bē`larhòujen* (1963 og 1983) ført opp, og her står at namnet er knytt til ei gamal friarhistorie. Stølen skal ha høyrte til Bosbøen. Namnet er nok samansett av *belar* m. 'friar' + *haug* m.

Bergsvegli(staulen) *ø`vri be`rsveglíe* (1963) og *nei`ri be`rsveglíe* (1963)

I SSR er skrivemåtane *Bergsveglitøylene* (prioritert), *Bergsveglitølen* og *Bergsveglitaulen* registrerte om ein eigedom. Sistnemnde skrivemåte er oppgjeve av ein informant busett i kommunen. I stadnamnarkivet er uttalene *ø`vri be`rsveglíe* (1963) og *nei`ri be`rsveglíe* (1963) førte opp. Her står au at dette er namn på to stølar, og at desse høyrde til Mogen. Fyrste- og sisteleddet må vera *berg* n. og *li* f. Mellomleddet kan anten vera *veg* m. eller *vegg* m., men sidan samansetningar med *berg* som fyrsteledd ikkje plar ha binde-s, eksempelvis *bergvegg*, vil eg tru mellomleddet er *veg*. Oppføringane i stadnamnarkivet frå 1963 markerer ikkje vokallengde konsekvent, så eg veit ikkje om mellomleddet har lang eller kort vokal, og det kan uansett tenkjast at vokalen i *veg* kan ha blitt kort i ei samansetjing som dette.

Bikkjeli/Bikkjelistaulen *bik`kjalistóul'n* (1983)

I SSR er skrivemåtane *Bikkjeli* (prioritert) og *Bikkjeli* registrerte om ein gamal busetjingsplass. I ei rektangelmåling frå 1847 er to stølar ført opp her. I stadnamnarkivet er uttala *bik`kjalistóul'n* (1983) ført opp som støl under Bosbøen. Her er au ført opp fleire andre namn med *Bi(k)kje-* eller *Bik(k)-* som fyrsteledd, og desse blir tolka som å ha samanheng med bjørkeskog, bekbrenning eller at det rann ein bekk der. *Birke* 'bjørkeskog' har uttala *birkje* i Telemark (Norsk Ordbok s.v. *birke*). Eg finn au verbet *bikkje* 'gå, renne' (Norsk Ordbok s.v. *bikkja*), og *Bikkjeli* låg langs ein ferdaveg mot Tinn. Det renn ein bekk der stølane låg, men

då skulle ein forvente *e* som rotvokal. *Birke-* føreset bortfall av *r*, noko eg ikkje finn teikn til elles i området. *Bik* og *bikkje* er nok mest sannsynlege som opphav.

Bjønnegrøstøylen /²bjønegrø:støylŋ/

I SSR er skrivemåtane *Bjørnegrøstøylen* (prioritert), *Bjørnegrøstølen* og *Bjørnegrøstaulen* registrerte om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttala *bjø`nnegrøi* (1963) ført opp, og attmed stølen skal det ha vore eit grøde, ein våtlendt teig med mykje gras. Her står au at det var to stølar som hadde dette namnet, ein nord og ein sør, og at desse høyrde til Mogen. Ein informant uttalar namnet /²bjønegrø:støylŋ/. Hen trur fyrsteleddet kjem av at det har vore bjørn der. Namnet kjem truleg av *bjørn* + *grøde* men fyrsteleddet kan au koma av mannsnamnet *Bjønn*.

Bjønnelie *bjø`nnelie* (1963)

I SSR er skrivemåtane *Bjønnli* (prioritert) og *Bjørnli* registrerte om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttala *bjø`nnelie* (1963) ført opp, og stølen skal ha høyrte til Uppigard Førnes. Fyrsteleddet kan anten vera dyret *bjørn* eller mannsnamnet *Bjønn*. Uttala med tonem 1 er nok ein trykkfeil, særleg når lia stølen ligg i er ført opp med uttala *bjø`nnelie* (1963) av same oppskrivar.

Bjønnsbulie/Bjønnsbulistaulen *bjø`nnsbulie* (1963)

I SSR er skrivemåtane *Bjønnsbulistøylen* (prioritert), *Bjønnsbulistaulen* og *Bjønnsbulii* registrerte om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttalene *bjø`nnsbūli* (1951) og *bjø`nnsbulie* (1963) førte opp, og stølen skal ha høyrte til Erlandsgard. Her står au at namnet kjem av dyret, då det er lagleg bjørnelende der. I stadnamnarkivet er au *Bjønnsbu* like ved ført opp, og dette namnet skal koma av mannsnamnet *Bjørn*. Fyrsteleddet i stølsnamnet kan for så vidt koma av dyret, men namnet er samansett med *Bjønnsbu*, og ein skulle tru ei bu var nærare knytt til folk enn dyr.

Bjønnsburoe *bjønns'burōe* (1983)

I stadnamnarkivet er skrivemåtane *Bjønnsburoi* og *Bjørnsburoe*, uttala *bjønns'burōe* (1983), førte opp om ein støl under Skinnarland. *Bjønnsbu-* er same som i *Bjønnsbulie* over. Sisteledet er *rod* n. 'glenne, grasslette i skog' eller 'stølsvoll, utslått' (Norsk Ordbok s.v. *rod*).

Bjønnurde/Bjønnurdstaulen *bjø`nnure* (1963) *bjø`nnurstaulen* (1963)

I SSR er skrivemåten *Bjønnurstaulen* vedteken om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *bjø`nnure* (1963) og *bjø`nnurstaulen* (1951 og 1963) førte opp, og stølen skal høyre til Juvik. Ei rektangelmåling frå 1847 har skrive namnet *Bjørnulstøl* (med tjukk *l*), og det er ført opp ein nordre og ein syndre støl. *Bjønnulfstaul* er au ført opp som støl under *Juvik*, men dette er nok ei feilskrivning av *Bjønnurdstaulen*, moglegvis påverka av skrivemåten i rektangelmålinga. Namnet må kom av den store urda *Bjønnurde* like ved. Fyrsteledet må anten koma av dyret eller mannsnamnet.

Bosstaul /²bøs, stæu/

I SSR er skrivemåten *Bosstaul* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *bó`ss-staul* (1963) og *bòs`stòulstòul'n* (1983) førte opp. Her står au at stølen skal ha høyrte til *Bosbøen*, men er neddemd no. Ein informant uttalar namnet /²bøs, stæu/. Fyrsteledet er same som i *Bosbøen*, jf. kap. 5.1.3. *Bosstaulstaulen* vitnar om at det har vore ein annan *Bosstaul* ein plass, som *Botnstaulstaulen* har blitt kalla opp etter.

Bottstaulen /¹bøt, stæu/

I SSR er skrivemåtane *Botnstøyl* (prioritert) og *Botnstaul* registrerte om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttala *bò`tstaul* (1963) ført opp, og stølen skal ha høyrte til Nordigard Hovden. Ein informant uttalar namnet /¹bøt, stæu/. Namnet seier hen kjem av *-botn* i *Laksabotn*, jf. kap. 5.1.7.

Brattås(støylen) *brat`tås* (1949)

I stadnamnarkivet er *Brattås*, uttala *brat`tås* (1949), ført opp om ein støl. Gravir (1927:74) skriv denne som *Brattåsstøylen*. Stølen må ha høyrte til Nikulsi tidlegare, men namnet blir i dag nytta om bruket *Brattås*, jf. kap. 5.1.1. I ei rektangelmåling frå 1847 er *Brattås* ført opp som namn på to stølar attmed einannan.

Breiset /²bræi,sæ:t/

I SSR er skrivemåtane *Breiset* (prioritert) og *Breidset* registrerte om ein fritidsbustad. I stadnamnarkivet er uttalene *bræi`sēt* (1951) og *brei`sæt* (1963) førte opp. Her står au at dette tidlegare var namn på ein gard som no er neddemd. Ein informant uttalar namnet /²bræi ,sæ:t/. Etter garden *Breiset* blei neddemd, hendte det ei denotasjonsendring, og ein støl lenger oppe i lendet overtok namnet. Namnet er truleg samansett av *brei* adj. + *set* n. *Set* er ført opp som eit grunnord i NSL og skal koma av gno. *setr* n. 'bustad'. I NG er det gjort ein etymologisk skilnad mellom seternamn og gardsnamn, der fyrstnemnde skal koma av gno. *sætr* og sistnemnde av gno. *setr*, men NSL meiner dette ikkje kan haldast oppe, og at både seternamn og gardsnamn vanlegvis går attende til gno. *setr* (NSL, s.v. *set*).

Briskelega *bri`skelega* (1963)

I stadnamnarkivet er uttala *bri`skelega* (1963) ført opp om ein støl under Li. Namnet er samansett av *brisk* m. (einer) + *lege* f.

Briskemogen

I stadnamnarkivet er *Briskemogen* ført opp som ein støl under Li. Namnet er samansett av *brisk* m. + *mo* m.

Briskeroi /²briske,ru:i/ /²briske,ru:e/

I SSR er skrivemåten *Briskeroi* registrert om ein fritidsbustad. I stadnamnarkivet er uttala *bri`skərōi* (1951) ført opp om ein støl under Li. Informantane som nemner stølen, uttalar namnet både /²briskeru:i/ og /²briskeru:e/. To informantar nemner au at stølsnamnet har blitt skriva *Briskebæk*. Namnet er samansett av *brisk* m. + *rod* n.

Briskestaulen eller Briskelæger

I SSR er skrivemåtane *Briskestøylen* (prioritert), *Briskestølen*, *Briskestaulen* og *Briskelægret* registrerte om ein setervoll. Skrivemåten *Briskestaulen* har blitt oppgjeve av ein informant busett i kommunen. Namnet blir skriva *Briskelæger* (*Briskestølen*) i ei bygdebok frå Hardanger (Kolltveit, 1962:47–48), og i Vaa (2009:99) kjem det til uttrykk at hardingane og telane kan ha hatt ulike namn på same staden. Plassen kan ha fått to namn fordi han har vore støl eitt tidspunkt og læger eit anna. Ei anna moglegheit er at hardingane hadde eitt namn på plassen og telane eit anna. Fyrsteleddet i baa namna er *brisk* m. Sisteleddet i *Briskelæger* er *læger* n.

Bugaren

Bugaren er ført opp som støl under Torvetjønn i stadnamnarkivet. Oppføringa har ikkje med uttaleopplysningar, men andre stølar i kommunen som au heiter *Bugaren*, er førte opp med uttala *bu`garen* (1963). Namnet skal koma av at der er ein lagleg plass for buskapen å liggje. Namnet er truleg samansett av *bu/butt* (jf. *Bunutlega* under) + *gard* m.

Bunutlega

Ifylgje Vaa (2009:132) skal *Bunutlega* ha vore ein støl. I stadnamnarkivet er *Bunuten* ført opp som namn på to nutar i Rauland herad, og desse namna skal ha samanheng med *bu* f. / *butt* n. (samnamn for kyr på vinjemål) eller at der har vore ein bustad i nærleiken. *Bunutlega* var nok opphavleg namn på ei lege, men har au vore namn på ein støl som har høyrte til Argehovd eller Mogen. Stølen har namn etter *Bunuten*, og sisteleddet er *lege* f. Om

fyrsteleddet har med kyr å gjera, er i så fall dette eit namn frå sørvest, då eg ikkje finn dette ordet i tinnmål. Eg trur heller namnet kjem av *bu* f. 'lite, enkelt hus' og er i tråd med tinnmål.

Bustøe /²bʉ:stø:e/

I SSR er skrivemåtane *Bustå* (prioritert) og *Bustø* registrerte om ein annan kulturdetalj. I stadnamnarkivet er uttala *bu`sstø* (1951) ført opp. Ein informant nemner namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Bustøe*, og uttalar namnet /²bʉ:stø:e/. Namnet seier hen kjem av at det er *støa* til *bua*, altså plassen *bua* står på. *Stø* tyder helst 'landingsplass for båtar', men kan au tyde 'stad der noko står', for eksempel krøter (NSL s.v. *stø*). Fyrsteleddet kan då koma av *bu* slik informanten seier, men au *bu* i tydinga 'buskap'.

Dagfinnroi *da`gfennrói* (1963)

I SSR er skrivemåten *Dagfinnroe* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttala *da`gfennrói* (1963) ført opp om ein støl under Neset. Sisteleddet er *rod n*. Fyrsteleddet er truleg mannsnamnet *Dagfinn*, då personnamn er dei vanlegaste føreledda til

Dalstøyl *da`lstøyl* (1963)

I SSR er skrivemåtane *Dalstøyl* (prioritert), *Dalstaul* og *Dalstaulen* registrerte om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttala *da`lstøyl* (1963) ført opp om ein støl under Aust-Førnes. Fyrsteleddet er *dal* m., og stølen har lege i ein tydeleg smådal.

Dragarbøen /²dra:gar,bø:n/

I SSR er skrivemåten *Dragarbøen* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttala *dra`garbøen* (1963) ført opp. Eir par informantar uttalar namnet /²dra:gar,bø:n/. *Dragarbøen* skal ha vore namn på ein gard som tidlegare høyrde til Kråmviki, men

informantane knyter namnet til ein støl. Fyrsteleddet er det same som i *Dragarhaug*, jf. 160/11 over. Sisteledet er *bø* m.

Eirikstein /²æirikstæin/ /²æirikstæinen/

I SSR er skrivemåten *Eirikstein* registrert om ein stein. I stadnamnarkivet er uttala *ei`rikstein* (1951 og 1963) ført opp om ein støl under Vestre Skindalen. Ein informant uttalar namnet både /²æirikstæin/ og /²æirikstæinen/. Vidare fortel informanten at det på stølen er bygd ei bu inntil ein stein, truleg av ein som heitte Eirik.

Eng(staul) /æŋ/

I SSR er skrivemåten *Engstaul* vedteken om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttalene *e`ngstòuløn* (1951), *æng* (1963) og *æ`ngstaul* (1963) førte opp om ein støl under Sudigard Hovden. Ein informant nemner namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Eng*, og uttalar namnet /æŋ/. Namnet må koma av *eng* f., men sjølve enga er neddemd i dag. Stølen har nok blitt kalla både *Eng* og *Engstaul*.

Finnroi *fe`nnrói* (1963)

I SSR er skrivemåtane *Finnroe* (prioritert) og *Finnroi* registrerte om ein fritidsbustad. I stadnamnarkivet er uttalene *fi`nnrōi* (1951) og *fe`nnrói* (1963) førte opp om ein støl under Erlandsgard. Her står au at namnet kjem av at stølen låg på ei flot med mykje finngras (finnskjegg). Sisteledet må vera *rod* n. Namn som inneheld *finn* kan ha mange tydingar, men i Vest-Telemark kjem dei aller fleste av planta *finngras* (Stemshaug, 1997:81), og eg finn ikkje noko som tyder på at fyrsteleddet i *Finnroi* har ei anna tyding.

Flatastaul *fla`tastòul* (1983)

I stadnamnarkivet er uttala *fla`tastòul* (1983) ført opp om ein støl under Torvetjønn.

Fyrsteleddet må vera genitivsforma av *flate* m.

Floketjønn /²flu:ke,çøn/

I SSR er skrivemåtane *Folketjønnstøyle* (prioritert) og *Folketjønnstaulen* registrerte om ei(n) seter/støl. Tjørna like ved er registrert med skrivemåtane *Floketjønn* (prioritert) og *Flokketjørni*. I stadnamnarkivet er uttala *fló`ketjønne* (1963) ført opp om tjørna, og *fló`ttetjønn* (1963) er ført opp om både tjørna og stølen. Her står au at stølen fyrst høyrde til Gibøen, deretter Dagali, og at fyrsteleddet truleg har tydinga 'flatt jordstykke'. Berre ein informant nemner namnet, og hen oppjev skrivemåten *Floketjønn*, og uttalar namnet /²flu:ke,çøn/. Fyrsteleddet i namnet varierer, men då både *floke* m. og *flote* m./f. kan ha tydinga 'flate', er det nok denne tydinga namnet har, og tjørna ligg dessutan på ei myrslette. Stølen må ha fått namn etter tjørna, men låg ende ovanfor myrsletta.

Gamlebu(i) *ga`mlebu* (1963)

Vaa (2009:132) skriv at *Gamlebui* er namn på to stølar. I stadnamnarkivet er uttala *ga`mlebu* (1963) ført opp om ein støl under Mogen. Namnet må vera samansett av *gamal* adj. + *bu* f.

Gjuvsjålega *ve`sle ju`vsjålega* (1963)

I SSR er skrivemåtane *Vesle Gjuvsjålega* (prioritert) og *Gjuvsjålega*, *vesle* registrerte om ein annan kulturdetalj. Vaa (2009:132) skriv at dette er namn på ein støl. I stadnamnarkivet er uttala *ve`sle ju`vsjålega* (1963) ført opp om ein støl under Mogen. Sisteleddet er *lege* f. *Gjuvsjå-* må koma av vatnet *Gjuvsjåen* like ved, og dette namnet er samansett av *juv* n. + *sjå* m. 'sjø'. *Vesle Gjuvsjålega* impliserer at det har vore ei lege til her, *Store Gjuvsjålega*, men denne finn eg ikkje noko om.

Grasdalstøyle

Gravir (1927:71) skriv at *Grasdalsstøylen* er ein støl. I stadnamnarkivet er dalen *Grasdalen*, uttala *gra`sdalen* (1963), ført opp. Stølen har truleg høyrte til Galar, og namnet er samansett av *gras* n. + *dal* m., etter dalen han låg i.

Gregardsbu/Gregardsstaul /²gregarʂ,bu:/

I SSR er skrivemåten *Gregardsbu* registrert om ein setervoll. I stadnamnarkivet er stølen ført opp som både *Gregardsbu* og *Gregarsstøl*, med uttalene *grē`garsbū* (1951) og *gre`garsstaul* (1963), og han skal ha høyrte til Nordigard Hovden. Ei rektangelmåling frå 1849 har ført opp to punkt for *Gregardsbu*. Berre ein informant nemner namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Gregardsbu*, og uttalar namnet /²gregarʂ,bu:/. Namna er samansette med mannsnamnet *Gregard*. Om *Gregardsbu* og *Gregardsstaul* er same eller to ulike namneobjekt, er uvisst.

Grovastaul

I stadnamnarkivet er *Grovastaul* ført opp som ein støl under Skinnarland, men eg finn ikkje noko meir om namnet, og veit ikkje akkurat kor namneobjektet ligg. Dei fleste andre namn som inneheld *grov* i Rauland og Tinn herad, blir ifylgje oppføringane i stadnamnarkivet uttala med /u/, og det er truleg at *Grovastaul* au har denne uttala. I så fall kjem fyrsteleddet av genitivsforma av *grov* f.

Grytåstaul(en) *grȳ`tåstòul'n* (1983)

I stadnamnarkivet er *Grytåstaulen*, uttala *grȳ`tåstòul* (1951) og *grȳ`tåstòul'n* (1983), ført opp. Her står au at dette er ein neddemd støl som har høyrte til Sud-Vågen. *Grytå-* må koma av åa *Grytåe*, som er samansett av *grot* n. 'stein' + *å* f.

Grøntorv *grø`ntòrv* (1983)

I SSR er skrivemåten *Grøntorv* registrert om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttala *grø`ntòrv* (1951, 1963 og 1983) ført opp om ein støl under Skinnarland. Namnet må vera samansett av *grøn* adj. + *torv* f./n.

Halvorshytte /²halvu:rʃ,hyte/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Halvorshytte*, og uttalar namnet /²halvu:rʃ,hyte/. Vidare fortel hen at namnet kjem av at ein mann som heitte Halvor bygde ei hytte (steinbu) der.

Halvtekkja /²hal,teça/

Eit par informantar oppgjev skrivemåten *Halvtekkja*, og uttalar namnet /²hal,teça/. Dei seier at stølen har høyrte til Liset. Namnet må koma av *halvtekkje* f. '(frittstående) hytte, sel el skur med skråtak; lite hus utan raust el møne' (Norsk Ordbok, s.v. *halvtekkje*).

Hamre(staulen) /²hamre/ /²hamre,stæuɪn/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåtane *Hamre* og *Hamrestaulen*, og uttalar namnet /²hamre/ og /²hamre,stæuɪn/. Namnet seier hen kjem av Hamaren, jf. kap. 5.1.8, og stølen skal vera neddemd.

Haugeset /²hæuge,sæ:t/

I SSR er skrivemåten *Haugeset* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttala *hau`gesæt* (1963) ført opp om ein støl som fyrst høyrde til Kåvesand, deretter Galar. Berre ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /²hæuge,sæ:t/. Namnet seier hen kjem av ein haug som låg ved stølen, som no er ein odde. Sisteledet er *set* n.

Haugestaul /²hæuge,stæuɪ/

Eg har funne fem stølar som heiter *Haugestaul*. I SSR er skrivemåten *Haugestaul* registrert om to av dei. Stølane har høyrd til Bosbøen, Kråmviki (to stk.), Nordigard Hovden og Sudigard Hovden. Stølane til Kråmviki er neddemde. I stadnamnarkivet er uttala *hau`gestaul* (1951, 1963 og 1983) ført opp. Her står au at dei to stølane til Kråmviki var ein *Nørdre* og ein *Syndre*. Ein informant uttalar namnet /²hæuge, stæuɪ/. Fyrsteleddet er *haug* m.

Hegnin /²hegnin/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Hegnin*, og uttalar namnet /²hegnin/. Namnet seier hen kjem av at det var ein inngjerda plass.

Hellegjuvstølen *he`llejuvstølen* (1963)

I SSR er skrivemåtane *Hellegjuvstølen* (prioritert) og *Hellegjuvstaulen* registrerte om ein setervoll. I stadnamnarkivet er uttala *he`llejuvstølen* (1963) ført opp om ein støl under Argehovd. Skrivemåten *Hellergjuv* er au ført opp her. Namnet må koma av juvet *Hellegjuv* like ved. Fyrsteleddet må anten vera *helle* f. eller *heller* m.

Hestevegfloti /²hesteve:g, flø:ti/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Hestevegfloti*, og uttalar namnet /²hesteve:g, flø:ti/. Namnet seier hen kjem av ei slette der det gjekk ein hesteveg.

Homvassroi *hò`mvassroi* (1963)

I SSR er skrivemåtane *Homvassroe* (prioritert) og *Homvassroi* registrerte om eit bygg for jordbruk, fiske og fangst. I stadnamnarkivet er uttala *hò`mvassroi* (1951 og 1963) ført opp om ein støl under Skinnarland. Sisteleddet er *rod* n. *Homvass-* må koma av *Homvatn* like ved, som er samansett av *holm* m. + *vatn* n.

Hovstaulen /⁴hef, stæuɪn/

I SSR er skrivemåten *Hovstaulen* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *hò'ffstòul* (1951) og *hò`vstaul* (1963) førte opp. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /¹høf, stæuln/. Namnet seier hen kjem av *Galarhovet*, eit høgdedrag attmed Galar. Sjå au *Hove* i kap. 5.1.6.

Hyttentatten *hy`ttentatten* (1963)

I SSR er skrivemåten *Hyttentatten* registrert om ein haug. I stadnamnarkivet er uttala *hy`ttentatten* (1963) ført opp om ein støl under Hollvik, og namnet skal koma av bergknatt, berghamar. Dette verkar truverdig når ordet har uttala *natt* i Tinn (Norsk Ordbok s.v. *knatt*). Fyrsteleddet er *hytte* f.

Hyttun /²hytøn/

I stadnamnarkivet er uttala *hy`ttunn* (1983) ført opp om ein støl under Bosbøen/Skinnaarland. Her står au at dette var ein husmannsplass eller eit småbruk før det blei støl. Eit par informantar nemner namnet, og dei oppgjev skrivemåten *Hyttun*, og uttalar namnet /²hytøn/. Namnet kjem av *hytte* f.

Høyvollodden /¹høyvøl, ødn/ eller **Øyvollen** *øy`vøllen* (1963)

Dette namnet er ikkje registrert i SSR, men sjølve neset der setra skal ha lege, er registrert med skrivemåten *Øyvollen*. I stadnamnarkivet er uttala *øy`vøllen* (1963) ført opp om ein støl under Hamaren. Ein informant nemner namnet, og hen seier at det som står i kartet ikkje stemmer. Hen oppgjev skrivemåten *Høyvollodden*, og uttalar namnet /¹høyvølødn/. Namnet seier hen kjem av at der er ein voll utpå ein odde med veldig mykje høy/gras utpå. Fyrsteleddet må anten vera *høy* eller *øy* 'eng, engslette'. Denne siste tydinga av *øy* stemmer godt overeins med korleis stølen låg til, og ho er dokumentert i Uvdal, nabokommunen til Tinn (Norsk Ordbok s.v. *øy*). Det kan dermed tenkjast at *øy* kan ha hatt denne tydinga i Tinn tidlegare. I så fall er uttala med *h* moglegvis eit resultat av halvemål eller ei reanalyse av namnet dersom tydinga 'eng, engslette' har falle bort.

Jakupsmog /¹ja:kʌps,mu:g/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Jakupsmog*, og uttalar namnet /¹ja:kʌps,mu:g/. Namnet seier hen kjem av mannsnamnet *Jakob* + *mo* m.

Kjosstaul *kjó`sstaul* (1963)

I stadnamnarkivet er *Kjosstaul*, uttala *kjó`sstaul* (1951 og 1963), ført opp som støl under Gibøen. Her står at det var to stølar som heitte *Kjosstaul*, ein aust og ein vest for Gibøen. Den vestre låg der Bøen ligg i dag, jf. kap. 5.1.4. Her står au at fyrsteleddet siktar til ei myrlendt grasrenne. Fyrsteleddet er då *kjos* m. Som fyrsteledd er *kjos* svært lite utbreitt utanom i Finnmark (NSL s.v. *kjos*), men ordet er registrert i Vest-Telemark med tydinga 'grasfleck i ei våtlendt dokk' (Norsk Ordbok, s.v *kjos*), og har nok ei tyding omtrent som i oppføringa i stadnamnarkivet.

Kleivstaulen /¹klæiv,stæuɫn/

I SSR er skrivemåten *Kleivstaulen* registrert om ein setervoll. I stadnamnarkiver er uttalene *klɛi`vstòulən* (1951) og *klei`vstaul* (1963) førte opp. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /¹klæiv,stæuɫn/. Namnet seier hen kjem av at det går kleivar oppover der.

Klovsteinroi /²klø:vstæin,ru:i/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Klovsteinroi*, og uttalar namnet /²klø:vstæin,ru:i/. Namnet seier hen kjem av to steinar som står tett i hop på plassen, slik at det ser ut som dei er kløyvde.

Kollsnutlega

I SSR er skrivemåten *Kollsnutlega* vedteken om ei(n) seter/støl. Her har Kartverket henta inn opplysningar frå ein informant busett i kommunen. *Kollsnutlega* har nok vore ei lege som har høyrte til Vestre Skindalen. *Kollsnut-* må koma av *Kollsnut* like ved, sjå *Kollsnutvollen* under. Sisteledet er *lege* f.

Kollsnutvollen /¹kølsnʉ:t,vøln/

I SSR er skrivemåten *Kollsnutvollen* vedteken om ei(n) støl/seter. I stadnamnarkivet er uttala *kó'llsnütvòddən* (1951) ført opp. Nuten *Kollsnut* like attmed er au ført opp, og dette namnet skal ifylgje stadnamnarkivet koma av ei genitivsform av *koll* 'rund nut' + *nut*. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /¹kølsnʉ:t,vøln/. Stølen har truleg høyrte til Vestre Skindalen. Sisteledet er *voll* m.

Kråkeflote *krå`keflòte* (1963)

I SSR er skrivemåten *Kråkeflaten* registrert om eit bygg for jordbruk, fiske og fangst. I stadnamnregisteret er uttala *krå`keflòte* (1963) ført opp om ein støl under Argehovd. Namnet må vera samansett av *kråke* f. + *flot* f.

Kråmdalsstøylen

Gravir (1927:70) skriv at *Kråmdalsstøylen* er ein støl. Stølen har truleg høyrte til Sudigard Hovden. Fyrsteledet er det same som i *Kråmviki*, jf. kap. 5.1.6.

Kråmstaul *kråm`stòul* (1984)

I stadnamnarkivet er *Kråmstaul*, uttala *kråm`stòul* (1963 og 1984), ført opp om ein neddemd støl under Kråmviki. Fyrsteledet er det same som i *Kråmviki*, jf. kap. 5.1.6.

Kvigeneset /²kvi:ge,ne:se/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Kvigeneset*, og uttalar namnet /²kvi:ge,ne:se/. Namnet seier hen kjem av at det har hendt noko med ei kvige utpå neset der.

Kvævestaulen *kvæ`vestaulen* (1963) *gvæ`vstaulen* (1963)

I SSR er skrivemåten *Kvævestaulen* registrert om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttalene *kvæ`vestaulen* (1963) og *gvæ`vstaulen* (1963) førte opp om ein støl under Juvik. Fyrsteleddet er *kvæv* m. 'liten dal med berg på sidene, skålforma (dal)søkk'.

Kåvesandstøylene/Austre Kåvesand

Gravir (1927:71) skriv at *Kåvesandstøylene* er ein støl. I stadnamnarkivet er denne ført opp som *Austre Kåvesand*. Her står au at støylene høyrde til Galar, men at han no er neddemd. Namnet kjem frå garden Kåvesand, jf. kap. 5.1.9.

Laksastaulen /²laksa, stæuIn/

I SSR er skrivemåten *Laksastaulen* registrert om ein setervoll. I stadnamnarkivet er uttala *la`ksastaul* (1951 og 1963) ført opp om ein støl under Nordigard Hovden. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /²laksa, stæuIn/. Fyrsteleddet er det same som i *Laksabotn*, jf. kap. 5.1.7.

Langevoll *la`ngevøll* (1963)

I stadnamnarkivet er *Langevoll*, uttala *la`ngevøll* (1963), ført opp. Dette skal ha vore namn på ein no neddemd støl som høyrde til Kåvesand. Namnet må vera samansett av *lang* adj. + *voll* m.

Lauvhytta /²læuv, hyta/

I SSR er skrivemåten *Lauvhytta* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttala *lau`vhytta* (1951 og 1963) ført opp om ein støl under Hamaren. Her står au at dette er eit nytt namn på ein stor, gamal støl. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /²læuv,hyta/. Informanten seier at der stod ei lauvhytte (hytte med tak og veggjar av lauv(kvistar)) ein gong. Namnet må koma av denne.

Lauvnes /²læuv,ne:s/ og **Lognes** /²løgn,ne:s/

I SSR er skrivemåten *Lauvnes* registrert om eit nes. I stadnamnarkivet er uttala *lau`vnes* (1951 og 1963) ført opp. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /²læuv,ne:s/. Informanten seier au at namnet dei lokale brukar er *Lognes*, uttala /²løgn,ne:s/, men at dette moglegvis kan vera slarveuttale. Hen trur det er meir sannsynleg at namnet eigentleg er *Lauvnes*, og at namnet kjem av at det blei lauva eller oppbevart lauvkjervar der. Om *Lognes* seier informanten likevel at plassen ligg lognt til. Båe tolkinga verkar trulege.

Lega/Lægeret *le`ga* (1963)

I SSR er skrivemåten *Lægeret* registrert om ein annan kulturdetalj. I stadnamnarkivet er skrivemåten *Lega*, uttala *le`ga* (1963), ført opp, og ein skal kunne finne gamle husmurar der. Ifylgje Gravir (1927:68) er *Lægeret* ein støl som hørte til Li, mens stølen ifylgje stadnamnarkivet hørte til Mogen. Namna kjem av *lege* f. eller *læger* n.

Leidulvsbu /²læiʉs,bu:/

Eg har funne to stølar med dette namnet. Desse skal ha høyrte til Hamaren og Hollvik. Hollvik sin støl er neddemd. I SSR er skrivemåten *Leidulvsbu* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *lei`uvsbu* (1951 og 1963) og *lei`ufsbu* (1983) førte opp. Ein informant nemner namnet, og hen oppgev skrivemåten *Leidulfsbu*, og uttalar namnet /²læiʉs,bu:/. Namnet trur hen kjem av at plassen har blitt rydda av ein som heiter *Leidulv*, uttala /²læiʉv/. Namnet må vera samansett av mannsnamnet *Leidulv* + *bu* f. Det ser

ut som det har vore bortfall av v i fyrsteleddet i nyare tid, men det er påfallande at det same ikkje har skjedd i personnamnet.

Listaul *li`stòul* (1983) og **Listøyl** /¹li:støyl/

Eg har funne fem stølar som heiter *Listaul(en)/Listøyl*. Desse har høyrte til Torvetjønn, Veisfitlii, Skinnarland, Li, og Vårli. I stadnamnarkivet er uttalene *lí* (1963), *li`stòul* (1951, 1963 og 1983) og *lí`staulen* (1963) førte opp. Eit par informantar nemner stølen til Vårli, og dei oppgjev skrivemåten *Listøyl*, og uttalar namnet /¹li:støyl/. Fyrsteleddet er *li* f.

Lognstadvollen /²løgNSTa:ˌvøln/ og **Laustomvollen** /²læʊstʊmˌvøln/

I SSR er skrivemåten *Lauvstangvollen* registrert om ei tuft. I stadnamnarkivet er uttala *lòu`vstangvòddən* (1951) ført opp, og dette skal ha vore eit læger for fe frå gammalt av. To informantar nemner namnet, og dei oppgjev skrivemåten *Lauvstangvollen*, men au *Lognstadvollen* og *Laustomvollen*. Av uttaler registrerte eg /²løgNSTa:ˌvøln/ og /²læʊstʊmˌvøln/. Eine informanten seier at *Laustomvollen* er eit resultat av ei forenkla uttale av *Lognstadvollen*. Dei som budde der sist uttala namnet /²læʊstʊmˌvøln/, men andre som budde der tidlegare uttala /²løgNSTa:ˌvøln/, fordi dei meinte at dette var det opphavlege namnet. Andre informanten nemner at bygningane er vekke i dag, då dei for i eit snøras på 1980-talet. *Lognstadvollen* må vera samansett av *logn* m. + *stad* m. + *voll* m. *Lauvstangvollen* må vera samansett av *lauv* n. + *stong* f. + *voll* m., men er ei pussig samansetning av namn. Forma *Laustomvollen* kjem vel av *Lauvstangvollen*, der /ŋ/ har blitt assimilert til /m/ framom /v/.

Lostebeinodden /²løstebæinˌødn/

I stadnamnarkivet er uttala *lò`stebeinòdden* (1963) ført opp om ein neddemd støl under Juvik. Ein informant nemner namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Lostebeinodden*, og uttalar namnet /²løstebæinˌødn/. Sisteledet må vera *odde* m. *Lostebein-* er derimot uvisst. Ei moglegheit er at *Loste-* kjem av *lost* f. 'avberkt trestomn' eller v *lost*a 'sleppe borken (om

tre)', då både desse er registrerte i Vinje (Norsk Ordbok s.v. *loste, losta*). Rotvokalen må i så fall ha blitt korta framom *st* før /o/ blei fremja til /ø/. *-bein-* kan referere til at odden var veldig bein (rett). Det kan vel tenkjast at det stod ein avberkt trestomn utpå ein bein odde, men om dette skilde seg nok ut å bli namn av, veit eg ikkje.

Løyning *løy`neng* (1963)

Eg har funne tre stølar som heiter *Løyning*. I SSR er skrivemåten *Løyning* registrert om eit bygg for jordbruk, fiske og fangst. Ein støl har høyrte til Li og to stølar har høyrte til Mogen. Li sin støl er neddemd. I stadnamnarkivet er uttala *løy`neng* (1963) ført opp. Namnet kjem nok av *løyning* f., og tyder i så fall at stølen ligg løynd i lendet.

Løytodden *løi`tòdd'n* (1983) og **Løytoddstaulen** *løy`tòddstaulen* (1963)

I SSR er skrivemåten *Løytoddstaulen* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *løy`tòddstaulen* (1951 og 1963) og *løi`tòdd'n* (1963 og 1983) førte opp om ein neddemd støl som har høyrte til Juvik, Juve og Kåvesand. Her står au at namnet kjem av at der er eit augneleite (utkikkspunkt), som får forma *løyt-* framom o i *-odden*, men *løyte* er den vanlege forma av ordet elles au, sjå kap. 6.1. Endevokalen i fyrsteleddet har falle bort på grunn av vokalsamanstøyt.

Majorstaul(en) *majõ`rstòul'n* (1983)

I stadnamnarkivet er uttalene *ma`jorstøyl* (1963) og *majõ`rstòul'n* (1951, 1963 og 1983) førte opp om ein neddemd støl under Kvammen. Her står at namnet må vera nytt. Fyrsteleddet er noko pussig, men må vel vera *major* m.

Mariroe /²ma:ri,ru:e/ /²ma:ri,ru:i/

I stadnamnarkivet er uttalene *mā`rirōe* og *mā`rirō* (1951) førte opp. Her står au at dette er namn på ei gamal seter der bureisingsbruket *Varbø* er i dag, jf. kap. 5.1.6. Informantane som nemner namnet, oppgjev skrivemåten *Mariroe*. Av uttaler registrerte eg flest /²ma:ri,ru:e/,

men au /²ma:ri,ru:i/. Fleire informantar seier at det au er eit bustadhus like ved som dei no kallar *Mariroe*, ei vidareføring (denotasjonsending) av stølsnamnet så det ikkje forsvinn. Informantane tenkjer seg at namnet kjem av at det sat ei Mari på «roe», der sisteleddet er *rod* n.

Martinsviki *mar`tinsviki* (1983)

I SSR er skrivemåten *Martinsviki* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *ma`rtinsviki* (1951), *ma`rtinsvikje* (1963) og *mar`tinsviki* (1983) førte opp om ein neddemd støl under Neset. Fyrsteleddet er mannsnamnet *Martin*, truleg det same som i *Martinsfjorden*, eitt av dei tidlegare vatna som no er del av Møsvatn. Sisteleddet er *vik* f.

Maurset

Vaa (2009:132) skriv at *Maurset* er ein støl under Argehovd eller Mogen. Sisteleddet er *set* n. Fyrsteleddet er nok anten gno. meyr (siktar til steinete og urdete lende), jf. *Mauranger* i Kvinnherad (NSL s.v. *Mauranger*), eller planta maure (Høeg, 1974:369–371), jf. *Maurset* i Ullensvang (NSL s.v. *Maurset*).

Mostøyl /²mu:;støyl/

I stadnamnarkivet er uttala *mó`staul* (1963) ført opp om ein støl under Liset. To informantar nemner namnet, og båe oppgjev skrivemåten *Mostøyl*, og uttalar namnet /²mu:;støyl/. Namnet kjem truleg av *Modalen*, namnet på dalen nord for Vinjefjorden, som no er neddemd.

Møretjønnroe

I stadnamnarkivet er *Møretjønnroe* ført opp som støl under Skinnarland. *Møretjønn*, uttala *mø`ræʃønn* (1983), er au ført opp her, og denne tjørna skal ha gjørmete botn. Sisteledet er *rod* n. *Møretjønn*- må koma av tjørna, og fyrsteledet er truleg *møre* f. 'gjørme, mudder'.

Napali *nā`pali* (1983)

I SSR er ei li i nærleiken registrert med skrivemåten *Napalii*. I stadnamnarkivet er *Napali*, uttala *nā`pali* (1963 og 1983), ført opp som støl under Sud-Vågen. Her står au at namnet kjem av genitivsforma av knape, bergknatt. I så fall har *k* falle bort, jf. stølsnamnet *Hyttenatten*.

Nystaul /²ny; stæu/

Eg har funne 16 stølar som heiter *Nystaul*. Desse har høyrte til Torvetjønn, Dagali, Skinnarland, Neset, Kråmviki, Nordigard Hovden, Sudigard Hovden, Hamaren, Kåvesand, Liset (to stk.), Li, Mogen, Argehovd, Sud-Vågen og Nord-Vågen. I SSR er tre av dei registrert med skrivemåten *Nystaul* og ein av dei med skrivemåtane *Nystøl* (prioritert) og *Nystaul*. To er registrerte som seter/støl, ein er registrert som gamal busetjingsplass, og ein er registrert som bruk. I stadnamnarkivet er uttala *ny`staul* (1951, 1963, 1982 og 1983) ført opp. *Nystaul* som høyrde til Dagali, skal ein gong ha vore gard. Stølane som høyrde til Kråmviki, Hamaren, Kåvesand, og Sudigard Hovden, og eine stølen til Liset, er neddemde. Informantane uttalar namnet /²ny; stæu/. Namnet er samansett med *ny* adj. og er vanleg om nye stølar.

Oddestaul(en) *òd`dæstòul`n* (1983)

I stadnamnarkivet er *Oddestaul(en)*, uttala *ò`ddestaul* (1963) og *òd`dæstòul`n* (1983), ført opp om ein neddemd støl under Nord-Vågen. Fyrsteledet er *odde* m.

Ommonsheller /²omuns, heler/ og **Aslaksbu**

I stadnamnarkivet er *Aasmundsheller*, uttala *á`smunshédde(r)* (1951), ført opp. Her står at plassen au heiter *Aslaksbu*. Ein informant nemner namnet, og hen oppgjev skrivemåten

Ommonsheller, og uttalar namnet /²omuns₁heler/. Namnet seier hen kjem av mannsnamnet *Ommund*, og det skal opphavleg berre ha vore ein heller der. Seinare blei det bygd ei steinbu der. Fyrsteleddet må opphavleg ha vore mannsnamnet *Åsmund*. Namnet har neppe hatt bortfall av s sidan 1951, så eg vil tru at uttala i stadnamnarkivet anten er skriftpåverka eller at stølen både har blitt kalla *Åsmundsheller* og *Ommundsheller*. Ut ifrå det informanten seier, vil eg tru *Åsmundsheller/Ommundsheller* er namn på helleren, mens *Aslaksbu* er namn på steinbua som blei bygd seinare. Namna har moglegvis blitt bruka om ein annan om stølen.

Ostesteinen /²øste₁stæinn/

I SSR er skrivemåten *Ostestein* registrert om ein stein. I stadnamnarkivet er uttala *o`sstæstein* (1951) ført opp. Ein informant seier at dette var namn på ein støl, og hen oppgjev skrivemåten *Ostesteinen*, og uttalar namnet /²øste₁stæinn/. Namnet seier hen kan koma av at dei oppbevarte ost der, fordi det moglegvis var kjøleg og lite fluger der.

Persli *pærs`li* (1983)

I stadnamnarkivet er *Persli*, uttala *pe`rslí* (1949 og 1963) og *pærs`li* (1983), ført opp som støl under Veisfitlii. Her står au at namnet opphavleg var om ein gard frå 1500- eller 1600-talet. Berge (1944:560) skriv at plassen blei rydda av ein mann Per i 1718.

Plassen /²ne:dre¹plasn/ og /²øvre¹plasn/

I SSR er skrivemåten *Plassen* registrert om ein annan kulturdetalj. Ei rektangelmåling frå 1847 har ført opp *Nordpladsen* som støl. I stadnamnarkivet er *Nedre Plassen* og *Øvre Plassen*, uttala *nei`ri pla`ssen* og *ø`vri pla`ssen* (1963), førte opp som stølar under Argehovd. Her står au at det på *Øvre Plassen* skal ha butt folk i gamle dagar. Ein informant oppgjev skrivemåten *Øvre Plassen*, og uttalar namnet /²øvre¹plasn/. Hen trudde namnet kom av at det var ein rydningsplass tidlegare. *Plassen* må vera eit samnamn på dei to stølane, og kjem av *plass* m.

Raudhaug *rau`haug* (1963)

I stadnamnarkivet er *Rau(d)haug*, uttala *rau`haug* (1963), ført opp som støl under Kåvesand. Namnet er nok samansett av *raud* m. + *haug* m., eventuelt *raud* adj.

Raunehaug /²ræune,hæug/

I SSR er skrivemåten *Rognehaug* registrert om ein haug. I stadnamnarkivet er uttala *rau`nehaug* (1951 og 1963) ført opp om ein støl under Hamaren, og det skal visst vekse raun (rogn) der. Ein informant nemner namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Raunehaug*, og uttalar namnet /²ræune,hæug/. Informanten seier au at namnet kjem av raun. Gravir (1927:71) nemner *Rauvehaugstøylen* ved Skinvatnet, og dette er moglegvis same stølen, men med anna/feilskrive namn. Namnet er truleg samansett av *raun* m. + *haug* m.

Reinar *nei`ri rei`nar* (1963) og *ø`vri rei`nar* (1963)

I stadnamnarkivet er uttalene *nei`ri rei`nar* (1963) og *ø`vri rei`nar* (1963) førte opp om to neddemde stølar under Kåvesand. Her står au at namnet kjem av at lendet der stølane ligg liknar på åkerreinar, noko som verkar sannsynleg, jf. NSL s.v. *rein*.

Rikkeroi /²rike,ru:i/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Rikkeroi*, og uttalar namnet /²rike,ru:i/. Namnet seier hen kjem av at kyrne ikkje rikka seg derifrå, fordi dei lika seg der. Sisteledet er *rod* n. Tolkinga til informanten er nok folkeetymologisk. Fyrsteledet kan moglegvis koma av kvinnenamnet *Rikke*, som hadde eit visst tyngdepunkt på Austlandet på 1800-talet (Kruken & Stemshaug, 2013:473). Sjølv om dyrenamn ikkje er like vanlege som forledd i *rud*-namn (Harsson, 2010:13), kan kanskje kyrnamnet *Rikebot*, jf. *Rikebotfossen* ved *Nesland* i Vinje (*Folkeminne frå Telemark*, 1981:40), vera eit mogleg opphav.

Roe /¹ru:e/

Dette er namn på ein støl som har høyrte til Bosbøen og Gibøen. I SSR er skrivemåten *Roi* registrert om ein eigedom. I stadnamnarkivet er uttala *ró'i* (1963) ført opp. Ein informant nemner namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Roe*, og uttalar namnet /¹ru:e/. Namnet kjem av *rod* n.

Rotastaul /²rø:ta, stæu/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Rotastaul*, og uttalar namnet /²rø:ta, stæu/. Informanten tenkjer seg at namnet kan koma av at noko er rote, moglegvis i negativ forstand. Stølen skal ha høyrte til Sudigard Hovden. Fyrsteleddet har uvisst opphav. Ein finn eit liknande namn i NSL: *Rotneim* av gno. (*h*)*rota* 'jordras, steinras'. Det er ganske flatlendt der stølen låg, så at namnet har med ras å gjera, er likevel lite sannsynleg. Stølen kan moglegvis ha stått til nedfalls og slik sett ha vore roten, og namnet kjem då av *rôte* m. eller *røten* adj.

Rudningen *ru`nenjen* (1963)

I SSR er skrivemåten *Rudningen* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttala *ru`nenjen* (1963) ført opp om ein neddemd støl som fyrst har høyrte til Juvik, deretter Juve, og til slutt Kåvesand. Namnet kjem av *rydning* m./f.

Rustestaulen /²røste, stæu/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Rustestaulen*, og uttalar namnet /²røste, stæu/. Namnet seier hen kjem av stølen låg oppå ei rust (lite høgdedrag).

Røysland /²røys, land/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Røysland*, og uttalar namnet /²røys,land/. Namnet seier hen kjem av at det er mange røysar der. Den vanlegaste samansetninga er med bindevokal (Norsk Ordbok s.v. *røys*), men ser ut til å ha falle vekk her.

Sandhaug *sand`hòug* (1983)

I SSR er skrivemåten *Sandhaug* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *sa`ndhòujen* (1951) og *sand`hòug* (1963 og 1983) førte opp om ein støl under Skinnarland. Namnet må vera samansett av *sand* m. + *haug* m.

Sandhylstøylen /²sanhy:l,støyln/

I SSR er skrivemåtane *Sandhylstøylen* (prioritert), *Sandhølstølen* og *Sandhylstaulen* registrerte om ei(n) seter/støl. Ein informant uttalar namnet /²sanhy:l,støyln/. Hen seier au at det er mykje sand i ein høl attmed stølen, og at det er denne som har gjeve namn til stølen.

Sandodden *sa`ndòdden* (1963)

I stadnamnarkivet er *Sandodden*, uttala *sa`ndòdden* (1951 og 1963), ført opp om ein neddemd støl under Kåvesand. Her står au at odden med same namn har mest sandjord. Namnet må vera samansett av *sand* m. + *odde* m.

Skardtjønnlega

I SSR er skrivemåtane *Skartjønnlæget* (prioritert) og *Skardtjønnlæget* registrerte om eit bygg for jordbruk, fiske og fangst. Ifylgje Vaa (2009:132) har dette vore ein støl, og han skriv namnet *Skardtjønnlega*. Namnet må vera samansett av *skard* n. + *tjønn* f. + *lege* f., der *Skardtjønn*- kjem av *Skartjønn* like ved.

Skarstaul

I stadnamnarkivet er *Skarstaul* ført opp som ein støl under Torvetjønn. Fyrsteleddet må vera *skard* n.

Skredulund

I stadnamnarkivet er *Skredulund* ført opp som ein støl som har høyrte til Juve. Namnet må vera samansett av *skrede* f. + *lund* m.

Skredustaul *skre`ustaul* (1963)

I stadnamnarkivet er *Skredustaul*, uttala *skre`ustaul* (1963), ført opp som ein neddemd støl under Juve. Her står au at stølen ligg like ved eit leirskred. Fyrsteleddet må vera *skrede* f. (gno. *skriða*).

Skriustaul /²skri:ɥ, stæɥl/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Skriustaul*, og uttalar namnet /²skri:ɥ, stæɥl/. Namnet seier hen kjem av *Skriubotn* som ligg i nærleiken, der det har gått skred. Stølen har truleg høyrte til Hamaren. Fyrsteleddet må vera *skrede* f. (gno. *skriða*).

Skruvehaugen

I stadnamnarkivet er *Skruvehaugen* ført opp som støl under Hollvik. Sisteleddet må vera *haug* m. Fyrsteleddet er truleg *skruv* m./n. 'øvste del av noko', men kan au tyde 'liten kornstakk' i Vinje (Norsk Ordbok s.v. *skruv*). Det kan hende at namnet er eit jamføringsnamn, og at haugen liknar på ein kornstakk.

Skuldli *sku`ll-lí* (1963)

I stadnamnarkivet er *Skuldli*, uttala *sku`ll-lí* (1963), ført opp som ein støl under Nikulsi. Namnet skal koma av at dei på Nikulsi hadde ei skuld til dei på Torvetjønn, noko som verkar truleg nok.

Skutebu *sku`tebu* (1963)

I SSR er skrivemåten *Skutebui* registrert om eit bygg for jordbruk, fiske og fangst. I stadnamnarkivet er uttala *sku`tebu* (1963) ført opp om ein neddemd støl under Li. Her står au at fyrsteleddet tyder eit tilbygg, noko som verkar rimeleg nok. Sisteledet må vera *bu* f.

Slagsvoll /¹ʃla:gs,vøɫ/

I stadnamnarkivet er *Slagsvold* ført opp som støl under Juve. Rygh nemner namnet i bd. III av NG (1900:130) og skriv at fyrsteleddet er slag n. Ei segn seier at det var eit slag mellom nybyggjarar frå Hardanger og telemarkingar på staden, og at det er slik namnet blei til (Berge, 1940:121). Eit par informantar nemner namnet, og dei oppgjev skrivemåten *Slagsvoll*, og uttalar namnet /¹ʃla:gs,vøɫ/. Det skal au ha vore ein marknad her, der hardingar og telemarkingar møttest, og eine informanten tenkjer seg at det fort kunne bli slagsmål der. Sisteledet må vera *voll* m. Fyrsteleddet er nok *slag* n., men det er vanskeleg å seia om namnet kjem av slaget frå segna eller noko anna.

Snakevoll /²sna:ke,vøɫ/

Ei rektangelmåling frå 1849 har ført opp *Snakvold* som støl. I stadnamnarkivet er det ført opp fleire namn i Tinn som inneheld *snak(e)*. Om desse står det at dei kan ha samanheng med at fisk snakar (nappar utan å bite på kroken), eller at dei kan ha samanheng med snok/orm. Berre ein informant nemner namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Snakevoll*, og uttalar

namnet /²sna:ke,vøɫ/. Hen seier vidare at stølen høyrde til Kåvesand, men at han no er neddemd. Informanten visste ikkje tydinga til namnet, men bestemor til informanten spøkte med at dei som var der måtte vera snaka (grådige). Sisteledet må vera *voll* m. Fyrsteledet er meir usikkert. Språkleg sett er *snok* problematisk. At fisken nappar mykje ved *Snakevoll*, er fullt mogleg. Det finst au stadar med nedverdige namn. Eg trur likevel fyrsteledet er *snake* m. 'stake, staur'. Denne tydinga av *snake* er berre heimfesta i Hardanger (Norsk Ordbok s.v. *snake*), men det kan tenkjast at appellativet har kome over via Hardingslepa til Møsstrand, eventuelt at *snake* tyder 'staur' i Tinn au. Dagens uttale har ikkje palatalisert velar, noko ein skulle forvente i både tinnmål og vinjemål.

Snusli *snūs'li* (1983)

I stadnamnarkivet er *Snusli*, uttala *snūs'li* (1963 og 1983), ført opp som støl under Bosbøen. Her står au at namnet kan koma av at stølen var liten, men au at det finst ei segn om at ei av seterjentene der bruka snus. Sisteledet må vera *li* f. Fyrsteledet er nok *snus* m., men tyder mest sannsynleg 'liten'.

Solingstaulen /²su:liŋ,stæuɫŋ/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Solingstaulen*, og uttalar namnet /²su:liŋ,stæuɫŋ/. Namnet seier hen truleg har med *sol* å gjera, og det er ein knatt i nærleiken som heiter *Solnuten*. Stølen har truleg høyrte til Hamaren. Fyrsteledet har nok noko med *sol* f. å gjera.

Stakksroi *sta`kksrói* (1963)

I SSR er skrivemåten *Stakkerøe* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *sta`kkərōè* (1951) og *sta`kksrói* (1963) registrerte om ein støl under Gibøen. Namnet er truleg samansett av *stakk* m. (såteforma haug av høyr) + *rod* n.

Staulslii /²stæʉls,li:i/

I stadnamnarkivet er uttala *stau`lsli* (1963) ført opp, og stølen skal ha lege der Aust-Førnes ligg i dag. Fleire informantar nemner namnet, og alle oppgjev skrivemåten *Staulslii*, og uttalar namnet /²stæʉls,li:i/. Stølen hørde truleg til Nigard Førnes tidlegare. Sisteledet må koma av *li* f.

Steinsormen *stei`nsòrmen* (1963)

I SSR er skrivemåten *Steinsarmen* registrert om ei urd. I stadnamnarkivet er uttala *stei`nsòrmen* (1963) ført opp. Ifylgje Vaa (2009:132) skal dette ha vore ein støl under Argehovd eller Mogen. *Steinsormen* har truleg vore namn på ei urd, og så gjeve namn på stølen attmed. Fyrsteledet må vera *stein* m. Sisteledet er uvisst, men kan koma av *arm* m. 'noko som greinar seg ut'. Uttala vitnar om at opphavet er *orm* m., og kjem i så fall av at urda har ei buktande form. Det kan hende *Steinsormen* er ei buktande grein av ei større urd, men dette er vanskeleg å sjå på flyfoto.

Steinstaul /²stæin,stæʉl/

Utanom *Steinstaulen/Skinestaulen* under, har eg funne tre stølar som heiter *Steinstaul*. Dei har høyrte til Neset, Li og Argehovd. I SSR er skrivemåtane *Steinstøl* (prioritert) og *Steinstaulen* registrerte om ein annan kulturdetalj. I stadnamnarkivet er uttalene *stei`nstaul* (1963 og 1983) og *stei`nstøl* (1963) førte opp. Eit par informantar nemner namnet, og dei oppgjev skrivemåten *Steinstaul*, og uttalar namna /²stæin,stæʉl/. Neset sin *Steinstaul* låg der Haug ligg i dag, jf. kap. 5.1.6. Fyrsteledet må koma av *stein* m.

Steinstaulen /²stæin,stæʉln/ eller **Skinestaulen** /²ʃi:ne,stæʉln/

I stadnamnarkivet er *Skinstølen*, uttala *ʃji`nstòulən* (1951) og *skje`nstaulen* (1963), ført opp som støl under Austre Skindalen. To informantar nemner desse namna, og dei oppgjev

skrivemåtane *Steinstaulen* og *Skinestaulen*, og uttalar namna /²stæin, stæuIn/ og /²fi:ne ,stæuIn/. Eine informanten seier at *Steinstaulen* var namn på ein gamal støl som låg der Skindalen der nord ligg i dag, jf. kap. 5.1.8., og at det var mykje stein der. Seinare skal stølen ha fått namnet *Skinestaulen*, før det blei reist bruk der. Fyrsteleddet i *Steinstaulen* er *stein* m., mens fyrsteleddet i *Skinestaulen* kjem av *Skindalen*.

Storstaul

I SSR er skrivemåten *Storstaul* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttala *stó`rstaul* (1963) ført opp om ein støl under Bosbøen. Fyrsteleddet må koma av *stor* adj.

Suterud *su`teru* (1963)

I stadnamnarkivet er *Suterud*, uttala *su`teru* (1963), ført opp som ein neddemd støl som fyrst hørde til Juvik, deretter Juve. Namnet *Sutemålet* på Rauland er au ført opp her, og fyrsteleddet her skal ha med at kornet på åkeren var vanskeleg å skjera, so folk sytte med (kvidde seg for) å gjera det. I Hardanger kan v *suta* tyde å kalle på buskapen. I Harsson er det fleire oppføringar av *Suterud*, og i desse skal fyrsteleddet koma av gno. *sútari* m. 'skomakar'. Sisteleddet må vera *rud* n. Fyrsteleddet kan vera ei av tolkingane eg har lagt fram, men dette er usikkert.

Svartufs /²svaʈ, ufs/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Svartufs*, og uttalar namnet /²svaʈ, ufs/. Namnet seier hen kjem av ei svart ufs som ligg ovanfor stølen. Stølen har truleg høyrte til Hamaren.

Sveinungstaul *svei`nóngstaul* (1963)

I stadnamnarkivet er skrivemåten *Sveinung(s)staul*, uttala *svei`nóngstaul* (1963), ført opp som støl under Li. Fyrsteleddet må vera mannsnamnet *Sveinung*.

Sveipstaulen *svei`pstaulen* (1963)

I SSR er skrivemåten *Sveipstaulen* registrert om ein setervoll. I stadnamnarkivet er uttala *svei`pstaulen* (1951 og 1963) ført opp om ein støl under Juvik. Fyrsteleddet må koma av *Sveipen* like ved, og *sveip* tyder ifylgje stadnamnarkivet omtrent det same som *kvæv* m.

Sørenshytta /²sø:rens,hyta/

I SSR er skrivemåten *Sørenshytta* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttala *sø`renshytta* (1951 og 1963) ført opp om ein støl som fyrst høyrde til Gibøen, deretter Dagali. Her står au at dette skal ha vore ein bustad som i seinare tid har blitt bruka som støl. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /²sø:rens,hyta/. Namnet må koma av mannsnamnet *Søren* + *hytte* f.

Tjønnestaul *tjø`nnestaul* (1963)

I SSR er skrivemåten *Tjønnestaul* registrert om ein gamal busetjingsplass. Eg har funne to stølar som heiter *Tjønnestaul*. Desse har høyrte til Nordigard Hovden og Juve (Liset). Juve sin støl er neddemd. I stadnamnarkivet er uttala *tjø`nnestaul* (1963) ført opp. Fyrsteleddet i namnet må vera *tjørn* f.

Tome(dals)staulen *tó`mestaulen* (1963) *tó`medalsstaulen* (1963)

I stadnamnarkivet er uttalene *tó`mestaulen* (1963) og *tó`medalsstaulen* (1963) førte opp. Her blir au skriva at *Tome-* har tydinga 'tom', som i at *Tommetjønni* og *Tommai* i dalen ikkje har fisk. Stølen har truleg høyrte til Juvik. Tydinga til *Tomme-* er uviss. Eit anna alternativ enn *tom* kan vera *tome* f. 'merke etter ligging el trasking i høyr/gras/mark', og det er registrert to felæger i Tommedalen i stadnamnarkivet.

Tomevollen *tó`mevøllen* (1963)

I stadnamnarkivet er *Tom(m)evollen*, uttala *tó`mevøllen* (1963), ført opp. Her står au at stølen er neddemd, og at han har høyrte til Juve. Sisteledet er *voll* m. Fyrsteledet er det same som i *Tomme(dals)staulen* over.

Tormodsmogen /²tørmuds, mu:gn/

I SSR er skrivemåten *Tormodsmogen* registrert om eit bygg for jordbruk, fiske og fangst. I stadnamnarkivet er uttalene *tò`rmsvīkmōjān* (1951) og *tò`rmósmójen* (1963) førte opp om ein støl under Hamaren. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /²tørmuds, mu:gn/. Namnet må vera samansett av mannsnamnet *Tormod* + *mo* m. Namnet ser au ut til å ha hatt *vik* f. som mellomledd tidlegare.

Torveroe /²tørve, ru:e/ /²tørve, ru:i/

I SSR er skrivemåten *Torveroet* registrert om ein fritidsbustad. Eit par informantar nemner namnet, og dei oppgjev skrivemåten *Torveroe*, og uttalar namnet både /²tørve, ru:e/ og /²tørve, ru:i/. Vidare fortel dei at *Torveroe* fyrst var namn på ein støl under Vågen, deretter eit bustadhus same stad. Namnet må vera samansett av *torve* f. + *rod* n.

Trengslet *træ`ngsli* (1963)

I ei rektangelmåling frå 1849 er *Trængslet* ført opp som støl. I stadnamnarkivet er *Trengslet*, uttala *træ`ngsli* (1963), ført opp om nokre naturnamn same stad. Ut ifrå plasseringa til stølen i rektangelmålinga vil eg tru han høyrde til Kåvesand. Namnet må koma av *trenghsel* n. 'trong stad'.

Tuddølstaul(en) *tu`ddølstaulen* (1963)

I SSR er skrivemåtene *Tuddølstaul* (prioritert) og *Tuddølstaulen* registrerte om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *tu`ddølstòul* (1951) og *tu`ddølstaulen* (1963) førte opp om ein støl under Sud-Vågen. Her står at namnet kjem av ein mann frå Tuddal, ein tuddøl, og det kjem nok av at nokon frå Tuddal støla der.

Tuftine *tu`ftine* (1963)

I SSR er skrivemåten *Tuftin* registrert om ein fritidsbustad. I stadnamnarkivet er uttalene *tu`ftinn* (1951) og *tu`ftine* (1963) førte opp om ein støl under Skinnarland. Namnet er det same som *Tuftin* (Vågen), sjå kap. 5.1.14.

Tullestaul /²tule, stæul/ /²tule, støyl/

I stadnamnarkivet er uttala *tu`llestaul* (1963) ført opp om ein neddemd støl under Vårli. Informantane oppgjev skrivemåtene *Tullestaul* og *Tullestøyl*. Av uttaler registrerte eg både /²tule, stæul/ og /²tule, støyl/. Liknande namn er garden *Tulleng* i Tromsø kommune og garden *Tulluan* i Trondheim kommune. Fyrsteleddet til desse kan koma av v *tulle* 'svinge, dreie' (NSL s.v. *tulla*, Rygh, 1904:278). Ei slik tyding høver godt med kor *Tullestaul* låg i forhold til Møsvatn. Møsvatn gjorde, og gjer, nemleg ein stor sving nordvestover, og *Tullestaul* låg omtrent midtvegs i denne svingen, omtrent der Vårli ligg i dag, jf. kap. 5.1.10.

Tverrli(staulen) *tve`rrlí* (1963) *tve`rrlístaulen* (1963)

I SSR er skrivemåten *Tverrli* registrert om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttalene *tve`rrlí* (1963) og *tve`rrlístaulen* (1963) førte opp om ein støl under Galar. Namnet må koma av lia *Tverrlii* som stølen ligg i, samansett av *tverr* adj. + *li* f.

Tverrålæga /²tværå:, læ:ga/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Tverrålæga*, og uttalar namnet /²tværå:, læ:ga/. Informanten har høyrte at det skal ha vore ein støl der for lenge sidan, på ei flot attmed *Tverråi*. *Tverrålæga* må koma av *Tverråi*, ei å som renn ned i Vestre Skindalen. Sisteledet er *lege* f.

Vaddodden /²vad, ødn/

I SSR er skrivemåten *Vaddodden* registrert om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttala *va`ddòddən* (1951) ført opp. Berre ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /²vad, ødn/. Vidare seier hen at der veks ei temmeleg sjeldan plante som heiter *vadderot*. Sisteledet må vera *odde* m. Fyrsteledet kjem nok av planta *vadderot*, slik informanten seier.

Varlistaulen /²va:rli, stæuIn/

I SSR er skrivemåtane *Vardlistaul* (prioritert) og *Vardlistaulen* registrerte om ei(n) seter/støl. I ei rektangelmåling frå 1849 er skrivemåten *Vareli* med *e*-fuge ført opp. Eit par informantar nemner namnet, og dei oppgjev skrivemåten *Varlistaulen*, og uttalar namnet /²va:rli, stæuIn/. Matrikkelen av 1905 har ført opp 160/3 som *Varlien*, og informantane omtalar området rundt *Varlistaulen* som *Varlian*. Men eg finn ikkje dokumentasjon på at det har vore noko anna enn ein støl her. *Varlistaulen* må ha namn etter *Vardan*, jf. kap. 5.1.6. Mellomledet er *li* f.

Varmehol

I stadnamnarkivet er *Varmehol* ført opp som ein støl under Hamaren. Sisteledet er truleg *hol* m. 'rundvoren haug'. Fyrsteledet må vera det same som i *Varmevoll*, jf. 163/1.

Vermdeviki/Vermdevikstaulen /²værmde,vi:çi/

I SSR er skrivemåtane *Vermdeviki* (prioritert) og *Vermevik* registrerte om ei(n) seter/støl. I notata sine til 1839-matrikkelen har Rygh ført opp uttala *Vø`rmdevikje*. I stadnamnarkivet er uttalene *væ`rmdevik* (1963), *væ`rmdevikje* (1963) og *vairm`dæviçi* (1983) førte opp. Her står au at dette i dag er namn på ein støl, men at det tidlegare var namn på ein liten gard som i 1918 blei skøytt til Nordigard Skinnarland. Namnet skal tyde ei varm, logn vik. Berre ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /²værmde,vi:çi/. Fyrsteleddet er *vermde* m., og ein finn variantar som *vørmde* og *vermde* i både Vinje og Tinn (Norsk Ordbok s.v. *vermde*).

Vettrhuslii /²vetrø:s,li:/ /²vetrø:s,li:i/

I SSR er skrivemåtane *Vettrhuslie* (prioritert) og *Vettrhuslii* registrerte om ei(n) seter/støl I stadnamnarkivet er uttala *ve`truslié* (1963) ført opp, og dette skal ha vore namn på eit samarbeite mellom nokre gardar i Tinn, deriblant Sundet. To informantar nemner namnet, og dei uttalar namnet /²vetrø:s,li:/ og /²vetrø:s,li:i/. Ein informant tenkjer seg at namnet kjem av at dette var ein vinterbustad. Båe informantane seier at namnet ein gong var om ein gamal, atlagd gard. *Vettrhus* finst som bustadnamn fleire plassar i landet, og tydinga er 'vinterhus, stad der det bur folk om vinteren' (NSL). Sisteleddet er *li* f.

Viersletta /²vi:er,sleta/ /²vi:er,ʃleta/

Ein informant nemner dette namnet, og hen oppgjev skrivemåten *Viersletta*, og uttalar namnet /²vi:er,sleta/ og /²vi:er,ʃleta/. Namnet seier hen kjem av ei slette der det veks mykje vier.

Viervollen *vi`jervòdden* (1963)

I SSR er skrivemåten *Viervollen* registrert om ein setervoll. I stadnamnarkivet er uttala *vi`jervòdden* (1963) ført opp, og stølen skal ha høyrte til Mogen. Namnet må vera samansett av *vier* m. + *voll* m.

Vollan

Ei rektangelmåling frå 1847 har ført opp *Voldene Sr.* Namnet er det same som *Vollan*, jf. kap. 5.1.12.

Vågehaugen *vå`gəhòujən* (1983)

I stadnamnarkivet er *Vågehaugen*, uttala *vå`gəhòujən* (1983), ført opp som støl under Nord-Vågen. Sisteledet må vera *haug* m. Fyrsteledet må koma av *Vågen*, jf. kap. 5.1.14.

Yvershytta *y`vershytta* (1963)

I stadnamnarkivet er *Yvershytta*, uttala *y`vershytta* (1963), ført opp om ein neddemd støl under Juve. Her står au at namnet anten kjem av **Uvershytta* eller av namnet *Ivar*. Sisteledet må vera *hytte* f. Eg finn ingenting som tyder på at fyrsteledet har med *uver* eller *Ivar* å gjera. Preposisjonen *over*, gno. *yfir*, eldre nynorsk *yver*, er etter mi meining meir sannsynleg, og namnet sikter då til at stølen har lege høgare oppe eller lenger inne enn noko, jf. gardane Øverland i Vinje (Rygh & Kjær, 1914:447).

Ørnebergroe *ø`rnəbergrōi* (1951) og *ø`r`nəbergrōe* (1984)

I SSR er skrivemåten *Ørnebergroi* registrert om ein gamal busetjingsplass. I stadnamnarkivet er uttalene *ø`rnəbergrōi* (1951) og *ø`r`nəbergrōe* (1984) førte opp om ein støl. Berget *Ørneberget* er au ført opp i stadnamnarkivet, og dette namnet skal koma av at ørnar bygde reir der. Sisteledet må vera *rod* n. *Ørneberg-* kjem av *Ørneberget*, som er samansett av *ørn* m./f. + *berg* n.

Åland *å'land* (1983)

I SSR er skrivemåten *Åland* registrert om ein fritidsbustad. I stadnamnarkivet er uttalene *å'land* (1963) og *å'land* (1983) førte opp om ein neddemd støl under Hollvik. Namnet må vera samansett av *å f.* + *land n.*

Åmot *å`mót* (1963)

I SSR er skrivemåten *Åmot* registrert om ei(n) seter/støl. I stadnamnarkivet er uttalene *å'mōt* (1951) og *å`mót* (1963) førte opp om ein støl under Sud-Vågen. Namnet må vera samansett av *å f.* + *mot n.*

Åstaul /¹o:;stæu/

I SSR er skrivemåten *Åstaul* registrert om ein setervoll. I stadnamnarkivet er uttalene *å'stòul* (1951) og *å`staul* (1963) førte opp om ein støl under Sudigard Hovden. Ein informant nemner namnet, og hen uttalar namnet /¹o:;stæu/. Ut ifrå ei rektangelmåling frå 1849 ser det ut til at stølen no er neddemd. Fyrsteleddet må vera *å f.* og før oppdemminga møttest to år der stølen låg.

5.3 Avslutning

Som ein ser av gjennomgangen over, er ikkje alltid motivet eller realbakgrunnen til eit namn innlysande sjølv om ein veit kva ord som inngår i namnet. Språkleg sett er fyrsteleddet i *Skutebu* sannsynlegvis *skut* m., men dette ordet har mange tydingar, og det er ikkje innlysande korleis namnet blei til, altså kva som utmerka denne bua slik at ho fekk *Skut-* som fyrsteledd. Fleira av namna inneheld grunnord. *Støl* er naturleg nok veldig frekvent i stølsnamna, både som *støyl* (Vinje) og *staul* (Tinn). Det same er *lege*, *ro* og *voll*.

6 Diskusjon

6.1 Om bustadnamna på Møsstrond

Som forventet for eit grenseområde, syner typiske målmerke frå både Aust-Telemark og Vest-Telemark seg i stadnamna på Møsstrond, jf. gjennomgangen av målmerke i kap. 2. I tillegg kan somme av namneformene bli forklara ved hjelp av omgrepet *regionalisering*, altså at talemålsskilnadar innanfor eit avgrensa område blir utjamna (Skjekkeland, 1997:22). Aust- og Vest-Telemark kan få utjamna former som fylgje av regionaliseringa på Austlandet (Sandøy, 2008:224). Nedanfor listar eg opp observasjonane eg har gjort meg, som syner slektskap med eine eller andre området.

- Berre stølsnamna *Skredulund*, *Skredustaul* og *Skriustaul* har ei ending frå oblik kasus. Dette fanst au i vinjemål på starten av 1900-talet, men er i dag meir utbreitt i namn i Tinn. Desse namna er likevel dei einaste eksempla, og ein finn *-e* eller *-a* elles, ekempelvis *Torvetjønn* (kap. 5.1.1) og stølsnamnet *Tverrålæga*.
- Ingen av namna syner jamning i dag. Det er likevel berre eit par generasjonar sidan ein fann namn som *Håmåren* og *Nåvårgard*, jf. kap. 5.1.8. Desse vitnar au om at endestavinga hadde trykk. Trykk i bøyingsending som så fører til jamning, er eit typisk trekk i tinnmål, men målmerket kan ha vore utbreitt lenger vest tidlegare, jf. kap. 2.1.1.
- *Skredustaul* syner senking av gno. stutt *i* til *e*, noko vinjemål berre har framom nasalar. Men ein finn au namn der stutt *i* har halde seg, ekempelvis *Skriustaul*. Manglande senking er normalen i vinjemål, men det førekjem au i tinnmål, så dette er for så vidt i tråd med bae talemåla. Møsstrond syner seg som eit grenseområde for dette målmerket ved å ha bae delar i namn.
- Ingen av namna har senka gno. stutt *i* til *e* framom nasal, men somme av dei hadde det for eit par generasjonar sidan, ekempelvis *Skinnarland* i kap. 5.1.5 og *Skindalen* i kap. 5.1.8. Å ikkje senke *i* i namn som dette er for så vidt i tråd med tinnmål, men eg trur heller at *e* har gått tilbake til *i* som fylgje av regionaliseringa på Austlandet.
- Dersom *Førnes* kjem av *fyri* 'furu' har gno. stutt *y* blitt senka til *ø*. Dette finn ein i Tinn og nordaustlege delen av Vinje.
- Kort *o* er realisert som */ø/* i alle namna der dette er aktuelt, ekempelvis i *Argehovd*, jf. kap. 5.1.11. Eg registrerte au at informantane bruka */ø/* i aktuelle appellativ. Dette

fonemet finst ikkje i tinnmål, og namna på Møsstrond er klart i tråd med vinjemål når det gjeld dette.

- Gno. *au* kan ha blitt til *å* i *Kråmviki*, jf. kap. 5.1.6. Dette er usikkert, men i så fall er dette i tråd med vinjemål.
- Sjølv om *g* held seg i utlyd i både tinnmål og vinjemål, finst det stadnamn i Tinn der *g* har falle vekk framom *s* (Skulerud, 1922:250). Eg vil derfor tru at uttala av stølsnamnet *Bergsvegli(staulen)* er etter tinnmål.
- Gno. *hv* blir uttala *kv* i *Kvammen*, sjå kap. 5.1.14. Det er likevel berre ein generasjon sidan namnet blei uttala med *gv*. *Gv* i framlyd er eit typisk målmerke i tinnmål, men er framand i vinjemål, jf. kap. 2.1.3.
- Gno. *gn* har halde seg, eksempelvis i *Lognes* og *Lognstadvollen*. Dette er i tråd med vinjemål, sidan Tinn får *ɲn* her.
- Ingen av namna inneheld tjukk *l*, noko som klart er i tråd med vinjemål. *Galar* vitnar likevel om at tjukk *l* har vore i talemålet på Møsstrond tidlegare, sjå kap. 5.1.13 og gjennomgangen i kap. 6.2.
- Ingen av namna blir uttala med *dd* av gno. *ll* i dag, men somme blei det for eit par generasjonar sidan, eksempelvis stølen *Kollsnutvollen*. Som nemnt i kap. 2.1.3 har dette målmerket truleg hatt større utbreiing tidlegare, men i dag finn ein det berre i delar av Vest-Telemark og Setesdal, og au her er det på veg tilbake til *ll* att (Bakken, 2001:184), truleg som fylgje av regionaliseringa på Austlandet.
- Ein finn bortfall av *l* framom *m* i stølsnamnet *Homvassroi*, noko som er i tråd med vinjemål. Dette målmerket har truleg vore meir utbreitt austover tidlegare, jf. kap. 2.1.3.
- Konsonantsambandet *lv* og rotvokalen har halde seg i stølsnamnet *Halvtekkja*. Dette kan førekoma i vinjemål au, men i tidlegare Rauland herad er *håv(e)* utbreitt, og ein finn eksempelvis namnet *Håvtekkja* om stølar lenger sør i heradet. Bortfall av *l* framom *v* er vanleg i vinjemål, særleg i raulandsområdet, men *Halvtekkja* vitnar om at dette målmerket ikkje er like utbreitt på Møsstrond.
- Namna på Møsstrond vinglar mellom uttaler med *nd* og *nn* av gno. *nd*, men dei tidlegare uttaleopplysningane har helst *nd*, sjå for eksempel *Kåvesand* i kap. 5.1.9 og *Skinnarland* i kap. 5.1.5. Dette er i tråd med både vinjemål og tinnmål, som au varierer mellom *nd* og *nn*.

- Somme namn kan bli uttala med ein retrofleks, eksempelvis *Hamaren* i kap. 5.1.8. Dette er nok ei nyare endring som kjem av regionaliseringa på Austlandet.
- Bortfall av *-e* i ub.fl. av hankjønns-/hokjønnsord har ein i fleire namn på Møsstrond, eksempelvis *Vollan* og *Hyttun*. Stølen *Tuftine* er einaste namnet eg har funne med *-e* i bøyingsendinga, men dette må vera ein nyare påverknad, sidan namnet blei uttala utan *-e* i 1951. Bortfall av *-e* verkar endå å vera normalen i namn på Møsstrond, men som *Tuftine* vitnar om, kan *-e* vera på veg tilbake, då truleg som fylgje av påverknad frå Vinje, eventuelt regionaliseringa på Austlandet.
- Dei fleste namna som er sterke hokjønnsord i bestemd form, har i dag endinga *-i*, eksempelvis *Kråmviki* og *Hestevegfloti*. Eg finn likevel *-e* i stølsnamnet *Bustøe* og i eldre uttaler av namn som *Bjønnelie* og *Bjønneurde*, båe frå 1963. Om endinga *-e* er ein rest etter tinnmål eller eit resultat av påverknad frå sørvestleg vinjemål, jf. kap. 2.1.4, er vanskeleg å seia.
- I bestemd form eintal finn ein både *-i* og *-e* som ending i inkjekjønnsord. Dette syner seg godt i *rjod*-namna, eksempelvis stølsnamnet *Briskeroi*, som har uttale både med *-e* og *-i*. Namn som *Neset* i kap. 5.1.6, har tidlegare hatt *-i*, men har i dag *-e*. At *-i* går over til *-e* er nok eit resultat av regionaliseringa på Austlandet.
- Både *Hove* og *Juve* hadde tidlegare dativendinga *-i*, noko som i talemålsskildringane ikkje er ført opp for tinnmål. Likevel er endinga *-e* i dag. Sidan dativ ikkje er ein aktiv kategori i talemålet på Møsstrond, kan *-e* ha kome inn analogisk frå nemneforma av appellativa, som truleg har fått *-e* som fylgje av regionaliseringa på Austlandet, sjå punktet ovanfor.
- I *Galar* har endinga *-r* ikkje falle bort slik ho ville gjort i Aust-Telemark. Eg trur likevel ikkje at *-r* har kome inn igjen etter påverknad frå vinjemål, men heller at namnet alltid har hatt *-r* i bøyingsendinga, sidan mannen som skal ha busett seg der skal ha vore frå Numedal, der
- Både vinjemål og tinnmål har tradisjonelt palataliserte velarar framom fremre vokalar. Ein finn likevel fleire namn som ikkje har det, sjå *Mogen* i kap. 5.1.11 og *Vågen* i kap. 5.1.14. Som ført opp under *Vågen*, syner Berge (1940:81) at Møsstrond har avvike frå vinjemål i uttala av namnet: *Vaagen* (Møsstrond), *Vaagjen* (Rauland), og eg registrerte båe uttaler i dag au. Det kan hende Møsstrond har fått påverknad frå Numedal her, sidan Numedal tradisjonelt har hatt mykje mindre palatalisering

enn Tinn og Vinje (Skjekkeland, 1997:100). I tillegg til å vera eit nabo område kom det nemleg innflyttarar frå Numedal til Møsstrand etter svartedauden.

- *Løyte* av gno. *leiti* førekjem i *Løytodden*, noko som er registrert i Tinn, men ikkje Vinje (Skulerud, 1938:645). Gno. *ei* går likevel ikkje systematisk over til *øy* i tinnmål, så forma *løyte* kan koma frå påverknad andre stadar (Skulerud, 1938:645).
- Appellativet *sjå* 'sjø' i er vanleg i Tinn, mens ein i Vinje brukar *sæ* (Skulerud, 1918:41). *Gjuvsjålega* nyttar tinnvarianten.
- Dei fleste stølsnamna har *staul* som hovudledd, og dette er ifylgje målføresynopsisen ei form frå Tinn. Det er likevel fleire av namna som har *støyl* i staden, og *støl* (målføresynopsisen) og *støyl* (Norsk Ordbok s.v. *støl*) er former frå Vinje. Alle informantane eg intervjuar bruka *staul(e)* som appellativ, så det er berre i namna eg observerte *støyl*. Det kan hende at *støyl* er ei skriftpåverka form, sidan *støyl* ligg nærare normeringsforma *støl* enn *staul*, men dette er eg usikker på.
- *Nystaul* blir uttala med tonem 2, mens tonem 1 stort sett er ført opp for identiske namn elles i Vinje i stadnamnarkivet.

Stadnamna eg har undersøkt, syner mange sams målmerke med tinnmål, noko som samsvarar med det dei eldre talemålsskildringane nemner om Møsstrand. Dersom talemålet på Møsstrand var tilnærma tinnmål då bygda blei busett att etter svartedauden, må fylgjeleg stadnamna som blei danna i denne perioden, vera eit resultat av dette talemålet. I tillegg kan innflyttarar frå ulike område ha påverka namneformene med sine talemål, eksempelvis numedølen på *Galar*, jf. kap. 5.1.13. Likskapen med tinnmål var likevel tydlegare tidlegare, og fleire av stadnamna har utvikla seg til å bli meir i tråd med vinjemål. Dette må henge saman med at talemålet på Møsstrand har fått meir påverknad frå Vinje enn Tinn i seinare tid, og at målmerke frå vinjemål har kome inn i talemålet og påverka stadnamna. Eg vil tru dette har med at dagens Møsstrand har meir kontakt med resten av Vinje enn Tinn, eksempelvis ved at ungane på Møsstrand går på Rauland skule, men det er ikkje denne oppgåva sitt føremål å gå meir inn på dette. I tillegg har truleg regionaliseringa på Austlandet ført til noko meir utjamna namneformer, sjølv om mange tradisjonelle målmerke frå anten Tinn eller Vinje held seg godt. Det er altså ein tendens at fleire av stadnamna på Møsstrand som tidlegare hadde målmerke i tråd med tinnmål, i dag har målmerke som er i tråd med

vinjemål, eventuelt regionaliserte former. Denne utviklinga går likevel sakte, og somme målmerke har berre nyleg blitt borte, jf. *Gvammen* > *Kvammen* i kap. 5.1.14. Det er au mange namn som framleis har former som er i tråd med tinnmål.

Eg vil tru dei fleste stadnamna på Møsstrand er frå etter svartedauden. Det er dermed ikkje umogleg at somme namn har overlevd svartedauden, og dermed stammar frå talemålet som var på Møsstrand den gongen. I gjennomgangen av *Bosbøen* i kap.5.1.3, *Kåvesand* i kap. 5.1.9 og *Hollvik* i kap. 5.1.15 har eg lagt fram moglegheita for at gardsnamna kjem av naturnamn som stammar frå før svartedauden. Det kan godt hende at det var slik dei eldste gardane etter svartedauden fekk namna sine, og det forklarar i så fall namneformer som ikkje samsvarar med tinnmål. Men dette kan berre vera tilfelle der gardane er namngjevne etter dei mest markante naturformasjonane, sidan namna på dei meir ubetydelege naturformasjonane truleg forsvann då bygda blei lagd aude. Etter kvart som busetnaden tok seg opp att etter svartedauden, må folket som budde der ha sett nye namn på dei mindre naturformasjonane, og bustadnamna som kjem av desse, må då vera frå denne tida.

6.2 Tilhøvet mellom proprium og appellativ

Namneforma *Veisvik-* av *Veisfitlii* vitnar om at namneledd har lettare for å bli feiltolka dersom dei ikkje er levande appellativ i talemålet. Dette er moglegvis resultat av folkeetymologi, jf. kap. 3.3, sidan det kan tenkjast at *Veisfit-* feilaktig kan ha blitt henta fram som *Veisvik-*, og dermed at *fit* har blitt omtolka til å vera *vik*. Om *fit* som utdøydd appellativ har blitt til *vik*, som gjev god meining når garden låg ved eit vatn, er prosessen semantisk motivert.

I *Galar* har tjukk *l* blitt til *l*, men i *Bjønnurdstaulen* ser det ut til at tjukk *l* har blitt til *r*. Dette kan ha med leksikaliseringsgrad å gjera. Som namnet tilseier ligg *Bjønnurdstaulen* attmed ei urd, og koplinga til appellativet *urd* har nok vore tydeleg. Namnet må dermed ha hatt låg leksikaliseringsgrad. *Galar* kan derimot ikkje koplast til eit naturnamn, og det kan dermed ha mist koplinga det har til appellativet *gard*, noko dei fleste informantane stadfestar. I så fall

har namnet hatt høg leksikaliseringsgrad. Etter at tjukk *l* forsvann ut av talemålet på Møsstrond, må *Bjønnurdstaulen* ha fått uttale med */r/*, sidan koplinga til appellativet endå var openberr. *Galar* fekk i staden */l/*, truleg fordi namnet ikkje lenger gav ein peikepinn på kva det tyder.

Somme namn gått frå uttale med *dd* tilbake til *ll*. Dette vitnar om at språkbrukarane veit kva namna kjem av, for *dd* har berre blitt til *ll* i ord som opphavleg har hatt *ll*, eksempelvis *va`rmævòddæn* > /²varme, vøln/. Ord som opphavleg har hatt *dd* har framleis *dd*, eksempelvis /²vad, ødn/. I desse namna er altså det semantiske innhaldet framleis gjennomsiiktig, om ikkje kunne dei ha fått meir sporadiske endringar slik som *Galar*.

Stølsnamnet *Lauvstongvollen* kan vitne om høg leksikaliseringsgrad. Sjølve ledda i *Lauvstongvollen* er gjennomsiiktige nok, men samansetninga *Lauvstong* har ikkje eit openbert tydingsinnhald som kjem fram av ledda i samansetninga, for kva er ei lauvstong for noko? *Lauvstong*- har dermed ikkje noko kopling til eit appellativ, og det ser ut til at det har skjedd sporadiske lydendringar, som har resultert i uttalevarianten /²læustum, vøln/. Hin uttalevarianten, /²løgsta:, vøln/, er moglegvis eit resultat av folkeetymologi, der ledda har blitt omtolka til å vera *Lognstad*, eit ord med tydeleg tydingsinnhald.

6.3 Informantanes oppfatningar av stadnamna

Ein informant seier at møsstrondsdialekten ikkje finst, fordi det er så store variasjonar, stort område og langt frå gard til gard. Inngifte frå ulike område påverka talemålet på garden dei budde på. Det skal ha kome innflyttarar frå blant anna Tinn, Seljord, Rauland, Geilo/Ustaoset, og ungane til desse blei påverka av talemålet foreldra hadde. Informanten ser altså ikkje talemålet på Møsstrond som noko eige, men heller berre gjort opp av talemål frå ulike stadar. Likevel er det somtid klare formeiningar om kva som er korrekt å seia på Møsstrond. Ein informant seier at «det heiter ikkje støyl på Møsstrond». Informanten kan ha rett i at *staul* er den tradisjonelle varianten av *støyl* på Møsstrond, men i dag ser det ut til at *støyl* au har kome i bruk. Informantane kjende au godt til segner, arkeologiske funn og den

generelle historia til Møsstrond. Alt dette vitnar om eit medvite forhold til eigen kulturhistorie, inkludert stadnamna. Det skal likevel seiast at informantane mine truleg er av dei meir kulturhistorisk opptekne på Møsstrond, sidan det då er større sjanse for at ein melder seg som informant til ei masteroppgåve som dette. Dei utgjer uansett ein signifikant del av folkemengda på Møsstrond, jf. kap. 4.5.

Dei som brukar namna søker å forstå dei via appellativa i talemålet deira. *Vesfitli* inneheld utdøydde appellativ, og er derfor utsett for omtolking av ledda. Då eg spurde ein informant om tydinga til *Varland*, tenkte hen seg lenge om før hen sa: «Ein kunne tru kanskje at det ligg i le då kanskje. Vara imot noko. Men det gjer då ikkje akkurat det der då. Men det kan hende». Eg reknar med at appellativet *varde* er kjent for informanten, men i forma *Var-* framstod det som ukjent. Informanten forsøkte då å tyde namnet ved hjelp av appellativ hen kunne kople til namnet, og sjølv om *var* 'vern' ikkje samsvara med realopplysningane informanten visste om staden, la hen fram denne tydinga som forslag.

Informantane er au påverka av skriftvariantar av namna. Fleire vender blei eg fortald at eg måtte sjå på kartet kva som er rett skrivemåte, eller at namnet har blitt skrive slik og slik i matrikkelen. Men somtid fekk eg høyre at det ikkje spila noka rolle korleis namnet blir skrive, sidan uttala blir den same likevel. Dette blei eksempelvis sagt i samanheng med stum *d* i *nord* og *li*. Ein annan ting som informantane la vekt på, var korleis gards- og bruksnamn blei skrivne av dei som budde på dei. Særleg når informantane var usikre på skrivemåtar, sa dei at dei som budde der pla skrive namnet slik og slik. Når det gjeld skilnaden mellom gardsnamn og etternamn, var dei fleste informantane klare over at sistnemnde ofte har ei dansk form, mens garden ofte har ei meir uttalenær form. Eit unnatak frå dette er *Galar*, som fleire informantar sa hadde feil skrivemåte i karta. Den prioriterte skrivemåten i SSR er *Gardar*, men sidan *Galar* truleg har blitt leksikalisert, jf. kap. 6.2, blir koplinga til appellativet *gard* framand, og ein skrivemåte med *rd* framstår som feilaktig.

7 Avslutning

I denne oppgåva har eg samla inn bustadnamn frå Møsstrond. Eg har samla inn skriftlege og munnlege førekomstar, og namna er presenterte i kap. 5. I kap. 6 har eg lagt fram ulike målmerke som syner at stadnamna på Møsstrond har likskapar med både vinjemål og tinnmål. Dette er som forventa for ei lita bygd som ligg midt på grensa mellom to talemålsområde. Det ser likevel ut til at mange namneformer som tidlegare var i tråd med tinnmål, har endra seg og blitt i tråd med vinjemål i staden. Dette kjem nok av at talemålet på Møsstrond har fått meir påverknad frå vinjemål enn tinnmål i seinare tid, som igjen har påverka korleis stadnamna blir uttala. Eg har au trekt fram somme namn som seier noko om tilhøvet mellom proprium og appellativ. Desse vitnar om at leksikaliseringsgrad, altså om tydinga til namnet går fram av ledda namnet består av, kan ha noko å seia for den språklege utviklinga av namnet. Til slutt la eg fram nokon av oppfatningane og haldningane informantane hadde til namna.

8 Litteratur og kjelder

8.1 Litteratur

Bakken, K. (1997). «Nedervd uttale» av stedsnavn – ei problematisering. *Namn og nemne*, 14(1), 43–58.

Bakken, K. (1998). *Leksikalisering av sammensetninger: En studie av leksikaliseringprosessen belyst ved et gammelnorsk diplommateriale fra 1300-tallet* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo.

Bakken, K. (2001). Fokk og fjødd – om utviklingen av gammelnorsk *l* i Vest-Telemark. *Maal og minne*, (2), 183–209.

Berg, I. (2015). Nokre sider ved det norske kasesbortfallet i seinmellomalderen. *Maal og minne*, (1), 1–35.

Berg, I. & Aa, L. I. (2021). Palatalisering av velarer: historie, variasjon og normering. I K. Hagen, G. Kristoffersen, Ø. A. Vangsnes & T. A. Åfarli (Red.), *Språk i arkiva. Ny forskning om eldre talemål frå LIA-prosjektet* (s. 19–40). Novus forlag.

Berge, R. (1940). *Vinje og Rauland I*. Dreyer.

Berge, R. (1975). *Vinje og Rauland IV*. Dreyer.

Cramer, J. (2014). Perceptual Dialectology. *Oxford Handbook Topics in Linguistics*.

<https://doi.org/10.1093/oxfordhb/9780199935345.013.60>

Dahl, H. (1983). *Rjukan: Bd. 1. Fram til 1920*. Tinn kommune.

Dalberg, V. (2005). Vidar Haslum: Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk [Doktordisputas]. *Namn og nemne*, 22(1), 11–23.

DN = *Diplomatarium Norvegicum* XII (1886) og XV (1896). P. T. Malings Forlagshandel.

Einung, H. H. (1926). *Tinn saga* (Bd. 1). Eige forlag.

Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*.

Universitetsforlaget.

Ge, W. (2021). *Kasusformer av adjektiviske førsteledd i sammensatte stedsnavn fra Ullensvang* [Masteroppgåve, UiO]. DUO Vitenarkiv. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-91504>

Gravir, R. (1927). *Heibeiti i Telemark*. Nilssen.

Gundersen, H. (1993). Linjedansarar og pantomine på sirkus: Folkeetymologi som morfologisk omtolking. *Bøygen*, (2), 25–28.

Gundersen, H. (1995). *Linjedansere og pantomine på sirkus: Folkeetymologi som morfologisk omtolking*. Novus.

Hallaråker, P. (1997). *Innføring i stadnamn: Innsamling og gransking*. Universitetsforlaget.

Harsson, M. (2010). *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen*. Novus.

Haslum, V. (2003). *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk: en studie i onomastikk og dialektologi* [Doktorgradsavhandling]. UiB.

Heide, E. (2014). *Hørgr* in Norwegian names of mountains and other natural features. *Namn og Nemne*, 31(1), 7–51.

Homme, J. (1975, 29. august). Andres Skinnarland. *Varden*, s. 7.

Høeg, O. A. (1974). *Planter og tradisjon: Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925–1973*. Universitetsforlaget.

Hårstad, S. Lohndal, T. & Mæhlum, B. (2017). *Innganger til språkvitenskap: Teori, metode og faghistorie*. Cappelen Damm Akademisk.

Kartverket. (2022, 21. januar). *Søk stadnamn i kart*.

<https://www.kartverket.no/til-lands/stadnamn/sok-stadnamn-i-kart>

Kartverket. (2023, 2. mai). *Kartverkets historiske arkiv*. <https://www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historisk-arkiv>

Kolltveit, O. (1962). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik frå gamal og ny tid: Bd. 2. Bygdesoga*. Bygdeboknemnda.

Kostveit, Ø. (2000). *Fjellbygdi ved Møsvatn: Historiske glimt*. Landbruksforlaget.

Kruken, K. & Stemshaug, O. (2013). *Norsk personnamnleksikon* (3. utg.). Samlaget.

Liestøl, A. (u.å.) *Notatar om stadnamn i Telemark*. Ikkje utgjeve.

Lundbo, S. (2022, 22. desember). Møsstrond. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/M%C3%B8sstrond>

Lunde, G. (1972). *Bø-soga I. Telemark. Kultursoga*. Bø kommune.

Martens, I. (1988). *Jernvinna på Møsstrond i Telemark: en studie i teknikk, bosetning og økonomi*. Universitetets oldsaksamling.

Mæhlum, L. (2020, 22. desember). Møsstrond. I *Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/M%C3%B8sstrond>

Neteland, R. (2013). Industristedtalemål og dialektendring. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 31(1), 76–97.

Norsk Ordbok. (2022). UiB. <https://alfa.norsk-ordbok.no/?men=noob&mc0=no&mc1=ah>

NTNU. (u.å.). *Datainnsamling*. Henta 11. mai 2023 frå

<https://i.ntnu.no/wiki/-/wiki/Norsk/datainnsamling>

NSL = Norsk stadnamnleksikon, red. av O. Stemshaug & J. Sandnes. (1997). *Norsk stadnamnleksikon* (4. utg.). Det Norske Samlaget. <https://www.norskstadnamnleksikon.no/>

Nunan, D. (1992). *Research Methods in Language Learning*. Cambridge.

Olsen, M. (1934). *Hvad våre stedsnavn lærer oss*. Stenersen.

Papazian, E. & Helleland, B. (2005). *Norsk talemål: Lokal og sosial variasjon*. Høyskoleforlaget.

Paule, T. (1997). *Den økonomiske kartleggingens historie i Norge*. Statens kartverk.

Rauland Historielag. (u.å.). *Sven Poulsson til Rauland historielag*. Henta 02. desember 2022 frå <https://raulandhistorielag.no/temakveldar/sven-poulsson-til-rauland-historielag/>

Rauland Historielag. (2003). *Bureising i fjellbygdi: Eit lite bu er betre enn inkje. Heime er kvarmann herre*. Rauland Historielag.

Rauland Historielag. (2007). *Årsskrift 2007 – småskrifter om liv og lagnad i Rauland*. Rauland Historielag.

- Rauland Historielag (2008). *Staular og staulsliv i Rauland*. Rauland Historielag.
- Ross, H. (1906). *Norske bygdemaal II: Vest-Telemaal*. Kommision hos Dybwad.
- Ross, H. (1907). *Norske bygdemaal III: Oust-Telemaal o Numedalsmaal*. Kommision hos Dybwad.
- Rygh, O. (u.å.) Notat frå Ryghs eige eksemplar av matrikkelen for Bratsberg Amt (1838).
- Rygh, O. (1898). *Norske Gaardnavne: Forord og Indledning*. Fabritius.
- Rygh, O. (1900). *Norske Gaardnavne: Bd. 3. Hedemarkens Amt*. Børsums forlag.
- Rygh, O. (1904). *Norske elvenavne*. Cammermeyer.
- Rygh, O. & Kjær, A. (1914). *Norske Gaardnavne: Bd. 7. Bratsberg Amt*. Fabritius.
- Sandøy, H. (2008). Kontakt og spreiiing. I *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistik* (2. utg., s. 221–240). Cappelen Damm.
- Sikt. (u.å.). *Meldeskjema for personopplysninger i forskning*. Henta 11. mai 2023 frå <https://sikt.no/fylle-ut-meldeskjema-personopplysninger>
- Sjølie, E. & Moe, N. B. (2021). Work From X. I A. Rolstadås, A. Krokan, G. E. Dahle Øien, M. Rolfsen, G. Sand, H. Syse, L. M. Husby & T. I. Waag (Red.), *Den digitale hverdagen*. John Grieg.
- Skarbø, K. (2002, 24. oktober). *Norske Språklyder*. <https://www.hf.ntnu.no/ipa/no/>
- Skjekkeland, M. (1997). *Dei norske dialektane: tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Høyskoleforlaget.
- Skjekkeland, M. (2009). *Språk og samfunn i endring: ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Novus.
- Skulerud, O. (1918). *Telemaalet i umriss: Ei utsyn yver maalsoga og maalgeografien i Telemark, serleg med umsyn på Tinn*. Norli.
- Skulerud, O. (1922). *Tinnsmaalet*. Norli.
- Skulerud, O. (1938). *Tinnsmaalet*. Norli.

- Smith, D. J. & Brodie, I. J. (2021). *Rjukan – Notodden industriarv: Et UNESCO verdensarvsted*. On Location Guides. <https://indd.adobe.com/view/a0c47d85-0c3b-4ed7-9509-b339fd271f69>
- Stadnamnlova. (1990). *Lov om stadnamn* (LOV-1990-05-18-11). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11>
- Statistisk sentralbyrå. (2022). 04317: *Befolkning, etter grunnkrets, år og statistikkvariabel* [Datasett]. <https://data.ssb.no/api/v0/dataset/534445.csv?lang=no>
- Stemshaug, O. (1985). *Namn i Noreg* (3. utg.). Det Norske Samlaget.
- Stemshaug, O. (1997). Finnanger og Finnforsen, Finnen, Vindfinn og Tatafinn. *Maal og minne*, (1), 75–90.
- Storm, J. F. B. (1884). *Kortere Ordliste med Forklaring af Lydskriften*. Grøndahl & Søn.
- Thorsnæs, G., Lundbo, S. & Mæhlum, L. (2022, 25. mars). Vinje. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/Vinje>
- Tjora, A. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utg.). Gyldendal.
- Torp, A. & Vikør, L. S. (2014). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Gyldendal akademisk.
- Vaa, J. (2009). *Langs Kvenna – før og no*. Telemark Historielag.
- Vinje historielag. (2010). *Her budde dei ...ei vandring i gløynde spor: Plassar og stoger i Våmartveit, Bøgrend, Vinje, Smørklepp og Mogane*. Vinje historielag.
- Vågslid, E. (1974). *Stadnamntydingar* (Bd. 2). E.Vågslid.
- Wetås, Å. (2008). *Kasusbortfallet i mellomnorsk: Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo.
- Wichstad, E., Vågenes, H., Holmes, M. C. S., Jacobsen, J. S. & Hattrem, H. (2022, 10. desember). To døde etter snøscooterulykke i Vinje: – Svært tragisk. VG. <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/jl30mw/to-doede-etter-at-snoeskuterkjoerte-gjennom-isen>
- Wille, H. J. (1786). *Beskrivelse over Sillejords Præstegield i Øvre Tellemarken i Norge tilligemed et geografisk Chart over same*. Gyldendal.

Øye, A. (2006). *Stadnamn i Os: Lio*. Nordisk Institutt, Universitetet i Bergen.

8.2 Kjeldemateriale

Bustadnamnregisteret (u.å.). UiB. <https://toponymi.spraksamlingane.no/nb/app>

Kartverket. Noreg 1:50 000 (M711) (1952–2011). 1415-2 Nordmannslågen, 1514-1 Frøystaul, 1514-2 Åmotsdal, 1514-4 Bitdalsvatn, 1514-4 Møsstrond, 1515-3 Lågaros.

Kartverket (Norges Geografiske Oppmåling): Rektangelmåling 1:50 000, 13C 8; 13C 12; 13D 5; 13D 9, Christoffer Fredrik von Lowzow, 1847.

Kartverket (Norges Geografiske Oppmåling): Rektangelmåling 1:50 000, 18A 2; 18A 3; 18A 4; 18A 6; 18A 7; 18A 8; 18A 11; 18A 12, Magnus Engelschiøn, 1847.

Kartverket (Norges Geografiske Oppmåling): Rektangelmåling 1:50 000, 13C 6; 13C 7; 13C 10; 13C 11, J. H. Aas, 1849.

Kartverket: Økonomisk kartverk 1:5000, 1968–1992.

Kartverket: Sentralt stadnamnregister.

Matriklane frå 1838, 1886, 1905, 1950 (matrikelutkast) og i dag.

Måføresynopsisen. (2006). UiO. <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=145&tabid=2165>

Poulsson, S. (u.å.). Handteikna kart over Møsstrond.

Stadnamnarkivet. (u.å.). UiB. <https://usd.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=93&tabid=1383>

8.3 Kart


Kartverket: Norgeskart. <https://norgeskart.no/>

Kartverket: Porteføljekart – Norge 166 1:100 000, H. Lassen, 1860.


NVE: Innsjødatabase. <https://temakart.nve.no/tema/innsjodatabase>

9 Vedlegg

Vedlegg 1: 155 Torvetjønn




Vedlegg 2: 156 Veisfitlii




Vedlegg 3: 157 Bosbøen




Vedlegg 4: 158: Gibøen




Vedlegg 5: 159 Skinnarland




Vedlegg 6: 160 Neset




Vedlegg 7: 161 Hovden



Vedlegg 8: 162 Hamaren



Vedlegg 9: 163 Kåvesand



Vedlegg 11: 165 Argehovd




Vedlegg 12: 166 Vollan




Vedlegg 13: 167 Førnes



Vedlegg 14: 168 Vågen



Vedlegg 15: 169 Hollvik + 121 Sundet



Vedlegg 16: Samtykkeskjema

Vil du deltaka i forskingsprosjektet «Bustadnamn i Møsstrond sokn»?

Dette er eit spørsmål til deg om å deltaka i eit forskingsprosjekt der føremålet er å kartleggje bustadnamn i Møsstrond sokn. I dette skrivet gjev me deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebera for deg.

Føremål

Føremålet med dette forskingsprosjektet er å samle inn bustadnamn på Møsstrond, samt undersøkje korleis tilhøvet mellom desse bustadnamna og det lokale talemålet er. Eg treng då lokale informantar eg kan intervju, slik at eg får undersøkt korleis bustadnamna blir skrivne og uttala, og kva for kunnskap og haldningar lokalsamfunnet har til desse.

Eg har tre problemstillingar eg skal finne svar på:

1. Kva for bustadnamn finn ein i Møsstrond sokn?
2. Kva for haldningar og formeiningar har dei lokale sjølve om desse bustadnamna?
3. Kva for utvikling har bustadnamna (proprium) hatt samanlikna med deira eventuelle tilsvarande appellativ i det lokale talemålet?

Dette forskingsprosjektet er masteroppgåva mi i nordisk språk som eg studerer ved NTNU. Eg har au fått førespurnad frå Vest-Telemark Museum om somme av opplysningane eg samlar inn kan brukast som bidrag til prosjektet deira om stadnamnregistrering for Vinje kommune. Dette gjeld opplysningar som kjønn, alder og bustad, samt lydopptak eg gjer av stadnamnas uttale, som så skal bli kartfesta. Sjå samtykkeskjemaet på side 3 for dei ulike punkta du kan samtykkje til.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Institutt for språk og litteratur ved NTNU er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å deltaka?

For å kunne svare på problemstillingane treng eg informantar over 18 år som er busette i Møsstrand sokn, helst over lengre tid. Sidan det er det lokale talemålet og dei lokale formene på bustadnamna eg vil undersøkje, må nødvendigvis informantane au vera lokale.

Far min, Kjell Christenson, har vore i kontakt med busette på Møsstrand i kommunesamanheng og har lufta dette forskingsprosjektet for dei. Denne invitasjonen blir sendt ut til aktuelle informantar.

Kva inneber det for deg å deltaka?

Dersom du vel å deltaka i prosjektet, inneber det at du blir med på ein til to rundar med intervju, eitt åleine med meg og eitt som del av ei gruppe med meg som intervjuar. Det individuelle intervjuet tek om lag 30 minutt, mens gruppeintervjuet tek om lag 45 minutt. I løpet av intervjuet vil eg spørje om alder, bustad og kor lenge du har budd på Møsstrand, samt om dei ulike bustadnamna som finst i nærområdet. Eg reiser til Møsstrand i løpet av sommaren, og det heile vil bli spela inn med ein lydbandopptakar.

Det er frivillig å deltaka

Det er frivillig å deltaka i prosjektet. Dersom du vel å deltaka, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gjeva nokon grunn. Alle personopplysningane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil deltaka eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis me oppbevarer og brukar opplysningane dine

Me vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det vil berre vera meg sjølv og rettleiaren min som har tilgang til opplysningane.
- Frå opptaka vil relevante data bli transkriberte og lagra lokalt, slik at ingen uvedkomande får tilgang til dei. Opptaka blir så sletta herifrå.
- Dersom du har samtykt til det, vil relevante data bli bruka i kartfestinga som Vest-Telemark Museum utfører.

Når prosjektet blir publisert, kan personopplysningar som kjønn, aldersgruppe og heimstad bli lagde fram, men desse opplysningane blir ikkje knytte til enkeltindivid.

Kva skjer med opplysningane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 15.05.2023. Dersom du samtykkjer til at Vest-Telemark Museum kan bruke opplysningane i prosjektet sitt, kan somme av dei bli kartfesta.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Me behandlar opplysningar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå NTNU har Personverntjenester vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysningar me behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,

- å få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysningar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ynskjer å vita meir eller utøve rettane dine, tak kontakt med:

- NTNU ved Ivar Berg, ivar.berg@ntnu.no
- Vårt personvernombod: Thomas Helgesen, 93 07 90 38, thomas.helgesen@ntnu.no

Dersom du har spørsmål knytte til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du taka kontakt med:

- Personverntjenester, på e-post (personverntjenester@sikt.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Vennleg helsing

Ivar Berg
(Rettleiar)

Åsmund Christenson

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjonen om prosjektet «Bustadnamn i Møsstrand sokn» og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykkjer til:

- å deltaka i intervju
- å deltaka i gruppeintervju
- at opplysningane om meg kan brukast til stadnamnregistrering i regi Vest-Telemark Museum

Eg samtykkjer til at opplysningane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 17: Intervjuguide

Intervjuguide for «Bustadnamn i Møsstrond sokn»

Individuelt intervju

Bakgrunnsopplysningar:

Alder:

Kjønn:

Bustad:

Tid butt på Møsstrond:

Bustadnamn i Møsstrond sokn

1. Kva heiter det der du bur?
2. Kva andre bustadnamn kjenner du til? Hus, hytter, setrar, gardar, villaar.
3. Veit du om nokre bustadnamn under vatnet?
4. Korleis blir bustadnamna skrivne/uttala?
5. Veit du om andre skrive-/uttalemåtar av bustadnamna?
6. Kva tyder bustadnamna?
7. Korleis har bustadnamna endra seg?
8. Har det vore nokre saker om bustadnamn? Usemje?
9. Korleis blir ledda i bustadnamna skrivne/uttala elles i skriftspråket/talemålet?

